


Sorte får og svarte sauer

**Ekvivalensproblematikk og målformskilnader
ved ordsamband i den islandsk-norske delen
av ordboka *ISLEX***

**Margunn Rauset
Studentnummer: 175537**



**Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Universitetet i Bergen
Våren 2010**

Føreord

Denne mastergradsoppgåva tek utgangspunkt i arbeidet mitt som ordboksredaktør i ISLEX-prosjektet. Håpet er at oppgåva kan vere interessant for dei andre som er involverte i prosjektet, men også for alle som er interesserte i forholdet islandsk–norsk, og også mellom dei to norske målformene bokmål og nynorsk.

Eg vil rette ei stor takk til kollegaene mine på Island og i Sverige og Danmark for gode samtalar om leksikografiske problemstillingar og nyttige tilbakemeldingar på løysingar vi har valt i Noreg ut frå deira perspektiv. Bergensredaksjonen ved prosjektleiarane Þorsteinn Indriðason og Helge Sandøy og dei tidlegare kollegaene mine Ragnhild Svellingen og Kjersti Lea har vore heilt avgjerande i arbeidet. Det har vore lærerikt og gjevande å diskutere utfordringar, løysingar og relevant faglitteratur med dykk. Det har også vore nyttig å presentere prosjektet og nokre av problemstillingane på ein nordisk konferanse om leksikografi og på MONS 13 i 2009, ikkje minst på grunn av tilbakemeldingane eg fekk der og i etterkant. Særleg takk til Lars S. Vikør for gode innspel.

Så vil eg takke stort sett alle eg kjenner, familie, vener og kollegaer både ved instituttet og i skuleverket, som stadig må stå til rette for kva dei legg i ulike uttrykk og korleis dei vil formulere seg i ulike samanhengar. Randi Neteland har lese delar av oppgåva og vore ein entusiastisk samtalepartnar. Mannen min, Örn, har vore til uvurderleg hjelp som levande oppslagsverk i det meste som har med islandsk å gjere, kokk og muntrasjonsråd.

Den største takka går likevel til den dyktige rettleiaren min, Torodd Kinn, for å ha funne akkurat den passelege balansen mellom spark bak og løfte om at det går nok (kanskje) bra til slutt. Det gjer underverk med alle dei gode kommentarane dine! Takk for at du har lese og lese, og ikkje minst for alle nyttige innspel og skrivereglar du dreg ut av ermet.

Bergen 18.05.2010

Margunn Rauset

INNHALDSLISTE

KAPITTEL 1: INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLING OG PROBLEMFORMULERING	1
1.2. BAKGRUNN OG MOTIVASJON FOR OPPGÅVA	3
1.3. FAGLEG KONTEKST.....	4
1.4. ISLEX-PROSJEKTET	4
1.4.1. Eksempel på korleis ein artikkel ser ut.....	5
1.4.2. Plassering av prosjektet i ein leksikografisk samanheng.....	6
1.4.3. Ordtilfang og språkleg linje.....	8
1.4.4. Brukargrupper.....	8
1.5 MATERIALE OG METODE.....	10
1.5.1. Utvalsmetode.....	10
1.5.2. Teoretisk handsaming	11
1.6. VEGVISAR	12
KAPITTEL 2. TEORI	13
2.1. OMSETJING.....	13
2.1.1. Omsetjing som språkleg aktivitet.....	13
2.1.2. Omsetjing av metaforar	15
2.1.3. Omsetjing av Bibelen.....	17
2.2. LEKSIKOGRAFI OG LEKSIKOLOGI.....	28
2.3. EKVIVALENS	29
2.3.1. Ekvivalens i omsetjingsteorien	30
2.3.2. Ekvivalens i leksikografien	33
2.4. ORDSAMBAND.....	36
2.4.1. Ordsamband versus kollokasjonar	36
2.4.2. Ordsamband versus idiom	37
2.5. ULIKSKAPAR MELLOM MÅLFORMENE.....	40
2.5.1. Genitiv	40
2.5.2. Ordtilfang	45
2.5.3. Val av former i ISLEX.....	47
KAPITTEL 3: DJUPDYKK	49
3.1. EKVIVALENSASPEKT.....	49
3.1.1. Semantisk og metaforisk ekvivalens.....	51
3.1.2. Grammatisk ekvivalens.....	60
3.1.3. Diakron og etymologisk ekvivalens	61
3.1.4. Stilistisk og lydleg-rytmisk ekvivalens.....	64
3.1.5. Pragmatisk og kontekstuell ekvivalens	65
3.1.6. Kjennskapsekvivalens (frekvens) og diatopisk ekvivalens	67
3.1.7. Oppsummering av studie av konkret ordsamband	68
3.2. SAMANFATTING AV ASPEKTA TIL NOKRE HOVUDKATEGORiar	69
KAPITTEL 4: KASUSSTUDIAR.....	71
4.1. ANDLIT.....	72
4.1.1. Semantikk.....	72
4.1.2. Grammatikk	73
4.1.3. Diakroni.....	73
4.1.4. Pragmatikk	74
4.1.5. Empirisk-kontekstuell substitusjon (EKS) og konklusjon.....	75
4.2. HRYGGBROT.....	76
4.2.1. Semantikk.....	77
4.2.2. Diakroni.....	78
4.2.3. Pragmatikk	80
4.2.4. Grammatikk	81
4.2.5. EKS og konklusjon.....	81
4.3. SAUÐUR OG ÚLFUR.....	82

4.3.1. Semantikk.....	82
4.3.2. Grammatikk	84
4.3.3. Diakroni.....	84
4.3.4. Pragmatikk	84
4.3.5. EKS og konklusjon om sauður.....	86
4.3.6. EKS og konklusjon om úlfur	87
4.4 HITI	88
4.4.1. Semantikk.....	88
4.4.2. Pragmatikk	88
4.4.3. Grammatikk.....	90
4.4.4. Diakroni.....	90
4.4.5. EKS og konklusjon.....	91
4.5. UMMÆLI.....	91
4.5.1. Semantikk.....	92
4.5.2. Diakroni, grammatikk og pragmatikk.....	92
4.6. HISMI	93
4.6.1. Semantikk.....	94
4.6.2. Diakroni.....	95
4.6.3. Pragmatikk	97
4.6.4. Grammatikk.....	98
4.6.5. EKS og konklusjon.....	98
4.7. GEITARHÚS.....	99
4.7.1. Semantikk.....	99
4.7.2. Pragmatikk	101
4.7.3. Grammatikk	102
4.7.4. Diakroni.....	103
4.7.5. Empírisk-kontekstuell substitusjon (EKS) og konklusjon.....	103
4.8. OPPSUMMERING AV KASUSSTUDIAR	104
KAPITTEL 5: AVSLUTNING	107
5.1. HYPOTESAR OG VIDARE FORSKING	108
5.2. EKVIVALENS	111
5.3. EKVIVALENSASPEKT OG METODE	112
LITTERATURLISTE.....	114
VEDLEGG 1: HORNSKEI I SETELARKIVET TIL NORSK ORDBOK (2014)	118
VEDLEGG 2: MATT 3, 12 OG 13,25 – 30	119
VEDLEGG 3: TREBUKK I SETELARKIVET TIL NORSK ORDBOK (2014)	120
SAMANDRAG	122
SAMANTEKT Á ÍSLENSKU	124
ENGLISH SUMMARY	125

Kapittel 1: Innleiing

1.1 Problemstilling og problemformulering

Islandsk og norsk er nærskylde språk, og forholdet mellom dei to landa er prega av felles historie, geografisk nærleik og kulturelt fellesskap, trass i at ein Ola Nordmann og ein Jón Jónsson ikkje utan vidare vil forstå kva den andre seier. Omsetjingsteorien seier at alle omsetjingsvanskar, store og små, har med avstand mellom individ, språksystem og kulturar å gjere (Lomheim 1995: 93), og dermed skulle det i prinsippet vere godt mogeleg å lage gode omsetjingar mellom islandsk og norsk.

Ser vi på dei to norske målformene, har dei mykje til felles; i mange tilfelle kan ein velje radikale former som gjer at dei ser svært like ut. Likevel viser det seg at det oppstår ein del utfordringar når ein skal lage ei ordbok som går frå islandsk til både bokmål og nynorsk. Desse utfordringane vert særleg tydelege når det kjem til fraseologien eller dei faste uttrykka og vendingane i eit språk.

I denne oppgåva vil eg gjennomføre ein analyse av nokre islandske ordsamband og dei norske ekvivalentane til desse i den digitale islandsk–skandinaviske ordboka *ISLEX*. Utvalet er henta frå ulike semantiske felt, men har det til felles at dei viser at det kan vere vanskelegare å finne ekvivalentar til dei islandske ordsambanda når det er to norske målformer involverte enn om det berre var éi.

Det er ikkje så vanleg at tospråklege ordbøker til og frå norsk brukar begge målformene. Dermed vert dei fraseologiske utfordringane tydeleg aktualiserte i denne ordboka som både går til begge målformene, og som har fokus på kollokasjonar og faste ordsamband. I einspråklege ordbøker kan ein velje å ikkje ta stilling til ein del problematiske formuleringar ved å ikkje ta dei med. I tospråklege ordbøker som berre involverer den eine målforma, er det sjølvstøtt ikkje eit problem om ein ikkje kan uttrykkje det same med nokolunde same biletspråk på den andre målforma. På islandsk kan ein seie < málið > er á allra vörum, og på bokmål uttrykkjer ein det same med '< saken > er på alles lepper'. Spørsmålet er då korleis ein løyser utfordringa på nynorsk når det ikkje kling særleg godt med s-genitiv eller garpegenitiven 'på alle sine lepper' eller uttrykket på ein annan måte enkelt kan omformulerast.

I denne oppgåva ynskjer eg å skildre vanskane med omsetjing av ordsamband i ei tospråkleg ordbok som også inkluderer to former av målspråket, og samstundes drøfte kva som skal til for at ei løysing er brukarvennleg, god og korrekt. Eg vil arbeide ut frå denne problemformuleringa: Kva utfordringar møter ein i arbeidet med å finne gode ekvivalentar på både bokmål og nynorsk til islandske ordsamband? Korleis kan ein finne løysingar som både er brukarvennlege og korrekte på begge målformer?

Eg ynskjer altså å undersøkje nokre islandske ordsamband og dei norske ekvivalentane til desse i *ISLEX* i eit leksikologisk perspektiv. Det er skrive mykje om handsaming av ordsamband i tospråklege ordbøker, og noko av dette vil eg bruke til å finne ein metode til å vurdere ordsambandsekvivalens. Målet har vore å leite etter fagleg forsvarlege strategiar for å vurdere kva som skal til for at ordsamband kan vurderast som tilfredsstillande ekvivalentar, samstundes som det ikkje må bli så teoretisk innfløkt at det ikkje får relevans for det daglege arbeidet med ordboka. Det er også viktig å ha med brukarperspektivet, løysingane må opplevast som relevante og akseptable av brukarane, ikkje berre teoretisk korrekte.

Eg har ein hypotese om at mange ordsamband i moderne bokmål har opphav i ein dansk skriftkultur, og at ein vil finne mange fellestrekk ved dei islandske ordsambanda sidan islandsk på same måte var under sterk dansk språkleg påverknad. Difor vil islandske ordsamband enklare la seg omsetje til bokmål enn til nynorsk. Ein skulle kanskje tru at mange islandske ordsamband etter gammalt hadde meir til felles med dei nynorske på grunn av den språklege nærleiken, men eg vil meine at dette er ein mykje svakare faktor enn den sterke påverknaden dansk har hatt på både bokmål og islandsk. Sjølv sagt ligg nynorsk tettare opp mot norrøne kjelder frå Island som *Håvamål* og Eddadiktinga enn bokmål, men mykje av biletspråket frå desse er ikkje i aktiv bruk i dag og har difor heller ikkje nokon sentral plass i ei samtidsordbok.

Hypotese 2 er at mange nynorskekvivalentar ikkje verkar tilfredsstillande, fordi dei verkar meir konkrete enn bokmålsuttrykka. Ein del av nynorskuttrykka vert ikkje vert brukte på same biletleig-overførte måte som tilsvarande bokmålsuttrykk, og dermed er dei heller ikkje pragmatisk ekvivalente (meir om desse omgrepa i kapittel 3).

1.2. Bakgrunn og motivasjon for oppgåva

ISLEX er ei digital ordbok som er under produksjon; planen er at ho skal opnast på nettet i 2011. Kjeldespråksredaksjonen held til på Island, medan målspråksredaksjonar i Göteborg, København og Bergen omset til svensk, dansk og norsk. Sidan august 2007 har eg vore tilsett som redaktør i den norske delen av prosjektet, og eg står for tida åleine om å produsere dei norske omsetjingane. På nettet vil det vere mogeleg å søkje både på skandinaviske og islandske ord, men lemmaet vil alltid vere eit islandsk ord. Sjølv om *ISLEX* er på fire språk, vil eg her konsentrere meg om norsk (både bokmål og nynorsk) og islandsk.

I eit slikt omfattande og spennande prosjekt er det mykje ein kunne ha fordjupa seg i. Prosjektleiari Þorsteinn Indriðason har signalisert at det for *ISLEX* sin del er ynskjeleg at eg går meir i djupna på samanhengen mellom islandske og norske ordsamband. For prosjektet sin del håpar eg arbeidet med oppgåva vil vere med på å heve det faglege medvitnet og bidra til å gje eit metaperspektiv på det norske *ISLEX*-arbeidet. Kanskje vil ho også kunne vere eit innlegg i debatten som føregår i det nordiske *ISLEX*-miljøet om ein eventuelt kan snu ordboka slik at ho går frå norsk til islandsk, dersom ein vil gje henne ut i papirutgåve.

Personleg opplever eg ofte at ordsamband er av det mest krevjande å skulle finne ekvivalentar til, så ein kan gjerne sjå på denne oppgåva som bruksretta forsking på det mest krevjande aspektet ved akkurat dette prosjektet. I denne masteroppgåva ynskjer eg å finne og utvikle nyttige arbeidsreiskapar, i tillegg til å forstå kvifor vanskaner er der. Av og til er det enkelt å finne norske ekvivalentar til dei islandske ordsambanda. For å låne eit bilete frå omsetjingsteorien, er overføringa eller kodeskiftet nær (språk)overflata. Andre gonger er det ikkje det minste innlysende kva uttrykk vi skal velje for at dei norske ordsambanda både denotativt og konnotativt skal uttrykkje det same som dei islandske. Då seier omsetjingsteorien at skiftet frå det eine språket til det andre føregår på eit djupareliggjande nivå, dvs. på eit abstrakt og lite språkspesifikt nivå (Lomheim 1995: 51). Ein må med andre ord analysere nøye og søkje djupt for å finne kjernen i eit ordsamband for så å finne eit likeverdige uttrykk, ofte med ei anna form, på det andre språket. "Det karakteristiske ved omsetjing er å halda faktoren INNHALD mest mogeleg konstant samtidig med at ein skifter ut FORM." (Lomheim 1995: 26) Eit anna sentralt problem er at ei god løysing på den eine målforma ofte dessverre ikkje lèt seg overføre til den andre, og då må vi ned i djupet igjen.

1.3. Fagleg kontekst

Når ein lagar ei tospråkleg ordbok, omset ein artikkel frå eit språk til eit anna, og difor går eg i del 2.1 gjennom noko av det Lomheim meiner er sentralt i omsetjingsteorien:

"[O]msetjingsvitskapen er ein freistnad på objektiv teoridanning omkring ein praksis som i utprega grad krinsar om det subjektive, språklege skjønnnet til utøvaren (omsetjaren)" (1995: 23). Vi skal sjå at uansett om eg prøver å utvikle ein vitskapleg metode for å vurdere ekvivalens, vil alltid magekjensla spele med til slutt (jf. kapittel 4). Omsetjing av ein tekst er ikkje det same som å omsetje enkeltord i ei ordbok; disiplinen med å lage ordbøker kallar vi leksikografi, og det er sjølvstendig det fagområdet som står mest sentralt i denne oppgåva. Samstundes kan ein ikkje kome unna å vurdere ordsambanda i eit leksikologisk perspektiv, så difor må vi også inno i den disiplinen.

Det er verken mogeleg eller ynskjeleg å skulle plassere denne oppgåva inn i éin einskild forskningstradisjon innanfor feltet nordisk språk. For å finne ut kvifor det til tider er så krevjande å finne gode ordsambandsekvivalentar, må ein leite etter svar både i språkhistoria, lingvistikken, pragmatikken, fraseologien, sociolingvistikken, omsetjingsteorien, metafor-teorien, kyrkjehistoria og så vidare. Slik er leksikografien, og difor må også denne oppgåva vere preg av å ikkje kunne gå i djupna på eitt felt, men prøve å pusle saman flest mogeleg bitar for å sjå mest mogeleg av heile biletet. Eg er til dømes ingen lingvist, men eg tek likevel i bruk lingvistiske reiskapar i analysen. For å kompensere for dei mange spranga mellom fagfelt, har eg heller valt å berre bruke eitt ordsamband i metodekapittelet (eller *djupdykket* som eg har kalla kapittel 3), og berre sju i kasusstudiane.

1.4. Islex-prosjektet

I dette delkapittelet skal vi fyrst sjå på korleis ein artikkel i *ISLEX* ser ut, og kva typar informasjon ein kan få i denne ordboka. Vidare vil eg plassere *ISLEX*-prosjektet i ein leksikografisk samanheng og skissere ein del av retningslinjene som særleg den norske redaksjonen jobbar etter.

Meir generell informasjon om prosjektet kan ein på norsk finne på sidene www.islex.no (*ISLEX* 2010) og www.uib.no/11e/ressurser/islex (Bergensredaksjonen 2010). Meir utførleg om arbeidet står det på den islandsk redaksjonen sine sider (Redaksjonen i Reykjavik 2010).

1.4.1. Eksempel på korleis ein artikkel ser ut







köttur subst m

→ beyging







-  kat
-  katt
-  katt
-  katt





vera eins og grár köttur <þar>

-  komme <der> meget, være fast inventar <der>
-  være en gjenganger <der>, være fast inventar <der>
-  vera ein gjengangar <der>, vera fast inventar <der>
-  vara långliggare <där>, vara <där> titt och tätt

<þeir> eru eins og hundur og köttur

-  <de> lever som hund og kat
-  <de> er som hund og katt
-  <dei> er som hund og katt
-  <de> är som hund och katt

<hjúonabandið> fer í hund og kött

-  <ægteskabet> knager
-  <ekteskapet> går i hundene
-  <ekteskapet> går i hundane
-  <äktenskapet> hamnar i baklås

 [mjá](#) → www.fauna.is

Figur 1: ISLEX-ordboka 2009


Ein kan som brukar velje om ein vil få opp ekvivalentar på alle dei tre skandinaviske språka eller berre eitt av dei. Det same gjeld også om ein vil få opp éi eller begge dei norske målformene. I dømet over har eg teke med alle målspråka, men seinare i oppgåva vil eg av plassomsyn og fordi eg fokuserer på den norske delen av prosjektet, berre gje att dei norske omsetjingane. Brukaren kan også velje om han vil ha islandsk eller eit av dei skandinaviske språka som språk i omteksten, som er den teksten som ikkje inngår i lemmalista (jf. Fjeld og Vikør 2008: 145). Går du inn i ordboka gjennom www.islex.no, får du norsk som omtekstspråk, men du kan endre det om du ynskjer.

Ein ordboksartikkel vert ofte delt inn i hovud, kropp og hale (2008: 151). I *hovudet* i ISLEX-artiklane står fyrst det islandske oppslagsordet og etter det ei grammatisk merking med kva

ordklasse ordet tilhører. Her som det er eit substantiv, kjem det også fram kva kjønn det har. Under står det ei grøn pil og 'beyging'. Klikkar du deg vidare der, får du opp eit fullt bøyingsparadigme frå sida 'Beygingarlýsing íslensks nútímamáls' (skildring av bøying i moderne islandsk), som også er utarbeidd ved Árni Magnússon-instituttet i islandske studiar:

		köttur				
		Karlkynsnafnorð				
		Eintala		Fleirtala		
		án greinis	með greini	án greinis	með greini	
Nf.	köttur		kötturinn	Nf.	kettir	kettirnir
Þf.	kött		köttinn	Þf.	ketti	kettina
Þgf.	ketti		kettinum	Þgf.	köttum	köttunum
Ef.	kattar		kattarins	Ef.	katta	kattanna

Figur 2: Beygingarlýsing íslensks nútímamáls

Kroppen i artikkelen består av ekvivalentar, forklaringar, bruksdøme, kollokasjonar og ordsamband. Dei skandinaviske ekvivalentane til oppslagsordet vil også få grammatiske (morfologiske) opplysingar, men dette er ikkje på plass enno. Under kroppen finn vi i *ISLEX* det vi kan kalle *halen* i artikkelen. Her er det eit ikon:  og bak det står 'mjá'; dette tyder sjølvsagt at dersom du klikkar på ikonet, får du høyre ein katt som mjauar. Nokre ord har slike lydillustrasjonar, men det gjeld ikkje særleg mange. Av meir allmenn interesse er planen om å lese inn alle oppslagsorda slik at ein kan få høyre riktig islandsk uttale av dei. Til slutt i denne artikkelen ser vi ei lenkje til www.fauna.is. Det er heimesida til den islandske kunstnaren Jón Baldur Hlíðberg, som har teikna illustrasjonane av dei fleste dyra og plantane i ordboka; ein del av dei er teikna spesielt til dette prosjektet.

1.4.2. Plassering av prosjektet i ein leksikografisk samanheng

Dersom ein skal arbeide med ulike typar leksikografi, er *Nordisk leksikografisk ordbok* (heretter kalla *NLO*) ikkje til å kome utanom. Slik definerer ho sitt eige fagfelt:

- Den delen av leksikografien som gjelder utarbeiding av ordbøker (ordboksframstilling), kalles ofte for praktisk leksikografi. Den teoretiske delen har flere betegnelser; i *NLO* brukes termene teoretisk leksikografi og metaleksikografi. – Alt etter ordbøkene's genuine formål taler man om språkleksikografi (språklig informasjon), sakleksikografi (sakinformasjon), og alleksikografi eller allboksleksikografi (begge typer informasjon). – Leksikografisk virksomhet kan også karakteriseres ut fra antall

objektspråk: enspråklig leksikografi (monolingval leksikografi), tospråklig leksikografi (bilingval leksikografi) osv. – Visse spesialområder har fått navn etter f.eks. utgangspunktet (korpusbasert leksikografi), hjelpemidler (datamaskinell leksikografi), formålet (innlæringsleksikografi) osv. – Alt etter det overgripende formålet med virksomheten kan man inndele leksikografien i bruksleksikografi (der formålet er å imøtekomme individers umiddelbare behov for informasjon) og dokumentasjonsleksikografi (der formålet er å imøtekomme et nasjonalt, politisk, vitenskapelig osv. kollektivs behov for å bevare informasjon for framtiden). (Bergenholtz o.a. 1997:169)

Dersom vi skal samanfatte ISLEX-prosjektet ut frå dei ulike omgrepa over, er det klart at det dreier seg om *praktisk leksikografi*, sidan ei ordbok vert produsert. Vidare er det *språkleksikografi*, sidan ein både oppgjev ekvivalentar eller forklaringar til oppslagsorda, i tillegg til morfologiske opplysingar om både kjelde- og målspårordsord, men sjeldan definisjonar av saksforhold. Sidan ordboka omfattar fire språk og to målformer, kan ein gjerne snakke om multileksikografi? I praksis jobbar dei skandinaviske redaksjonane relativt uavhengig av kvarandre; sjølv om vi dreg nytte av det dei andre gjer, er ordboka ikkje meint som ei ordbok mellom dei skandinaviske språka, så det riktigaste er vel trass alt å definere arbeidet som *bilingval* eller *tospråkleg leksikografi*, eventuelt ei samling av tre bilingvale prosjekt.

Alt arbeidet med *ISLEX* føregår på datamaskiner, og resultatet er i fyrste omgang berre tenkt som eit digitalt verk. Det er mogeleg at det kan kome ei trykt utgåve seinare, det er særleg aktuelt for den svenske delen, men nettutgåva er den vi fokuserer på i dag. Termen Fjeld og Vikør brukar om dette, er *datastøtta leksikografi* (2008: 237). Utvalet av oppslagsord i *ISLEX* er gjort på grunnlag av eit korpus, og slike spelar også ei heilt avgjerande rolle i arbeidet i målspårordsredaksjonane, så vi kan også seie at dette er *korpusbasert leksikografi*. For meir informasjon om programmeringsspråk og liknande, sjå papira til presentasjonen av prosjektet ved Euralex-konferansen 2008 (Sigurðardóttir o.a. 2008)¹. Til slutt er dette *bruksleksikografi*; det gjev seg sjølv så lenge vi kallar *ISLEX* ei samtidsordbok. Sjå meir om dette i punkt 1.4.3 og 2.5.2.

Denne oppgåva, der eg diskuterer utfordringar og løysingar i arbeidet som vert utført med *ISLEX*, fell under kategorien *teoretisk leksikografi* eller *metaleksikografi*.

¹ Sjølv om det er vanleg skikk på Island å referere til førenamn, vel eg for å samkøyre med norske og andre kjelder å handsame patronyma som etternamn i referansar.

1.4.3. Ordtilfang og språkleg linje

ISLEX er ei samtidsordbok, det vil seie at dei islandske oppslagsorda i hovudsak er henta frå kjelder frå dei siste 50 åra; språket som vert skildra er moderne islandsk. Norrøne omgrep er ikkje tekne med, med nokre få unntak. Skandinavar som omset frå eller studerer islandsk, vil nokre gonger møte på ord frå mellomalderlitteraturen, og difor er nokre få sentrale slike omgrep med, men er då markerte med ein etikett som seier at det er forelda (Sigurðardóttir o.a. 2008: 782).

Noreg har to offisielle målformer, og ut frå eit jamstillingsideal er det difor sjølvsagt for oss i *ISLEX*-prosjektet at vi skal omsetje ordboka til begge, sjølv om det i visse tilfelle byr på ekstra utfordringar for oss redaktørar. Tradisjonen i ordbøker mellom norsk og islandsk har også vore at ein har med begge målformene. Dette gjeld både Orgland og Raastad si *Íslensk-norsk orðabók* (1985) og dei norsk–islandske ordbøkene til Hróbjartur Einarsson (1987) og Orgland og Raastad (1993). I ei islandsk–skandinavisk ordbok er det svært interessant å kunne studere likskapar og ulikskapar mellom dei fire språka (inkludert to målformer), og eg vil tru at det at vi også omset til nynorsk, vil gjere *ISLEX* ekstra interessant i forskingsamheng og som pedagogisk hjelpemiddel i alle dei fire landa som er involverte i prosjektet.

Som eg var inne på i del 1.2. om motivasjonen for oppgåva, opplever eg det slik at dei to relativt like målformene våre skil seg mest tydeleg frå kvarandre i fraseologien. Difor er det i arbeidet med å omsetje ordsamband og kollokasjonar at vi i *ISLEX*-prosjektet støyter på dei største ekvivalensproblema mellom bokmål og nynorsk. Det kan til tider vere krevjande å skulle vurdere ekvivalens både mellom mål- og kjeldespråk og mellom målformene. Meir om linja vi legg oss på når det gjeld det norske ordtilfanget, er å finne i delkapittel 2.5.2.

1.4.4. Brukargrupper

ISLEX er frå norsk side primært tenkt som ei L2→L1-ordbok, det vil seie ei ordbok for brukarar som ikkje har kjeldespråket som morsmål (Svensén 2004:17 ff). Sjølv om vi har dei norske brukarane som fyrsteprioritet, må vi med to så små språksamfunn sjølvsagt også prøve å velje løysingar som vil fungere for islandske brukarar. At redaksjonane i Danmark og særleg Sverige har tenkt litt annleis, kjem fram i utdraget under, som er henta frå konferansepapira frå EURALEX 2008:

Being the mother tongue of some 300,000 speakers and with only a limited number of non-native students and scholars outside Iceland, Icelandic is too "small" a language for ISLEX to focus only on one narrow user group. Two groups of users have been considered of primary importance from the early planning phase: Scandinavians with elementary to advanced knowledge of Icelandic (teachers, students and translators) constitute the largest reception-oriented user group, and Icelanders with medium to advanced knowledge of a Scandinavian language (teachers, students and translators) are the most important production-oriented users. The second group is also the largest in terms of absolute numbers of future users. Apart from these groups, ISLEX will try to meet the needs of others who need to consult a dictionary between Icelandic and the Scandinavian languages—as long as the needs are not in conflict with those of the primary user groups. (Sigurðardóttir o.a. 2008: 779 f)

I Noreg har vi sagt at føremålet med ordboka er at ho skal vere nyttig for flest mogeleg (norske) brukargrupper, men vi ser omsetjarar som arbeider med omsetjingar frå islandsk til norsk som særleg viktige brukarar. Når ein har ein slik omsetjar i tankane, vil det, rett nok litt upresist, seie at ein tek omsyn til ein person som både treng hjelp til resepsjon og produksjon (om omsetjaren har islandsk som morsmål). Meir presist kan ein seie at dersom omsetjaren er norsk, vil han bruke *ISLEX* som ei "passiv" omsetjingsordbok, er han islandsk, vil han trenge ei "aktiv" omsetjingsordbok (termar frå Svensén 2004:19). Boksen under er eit forsøk på å oppsummere dette:

Prioriteringane våre:

- L2→L1 (norske brukarar) meir enn L1→L2 (islandske brukarar)
- resepsjon meir enn produksjon
- passiv omsetjingsordbok meir enn aktiv omsetjingsordbok
- allmennspråkleg meir enn spesialspråkleg
- synkron, ikkje diakron ordbok

I tillegg til omsetjaren har vi andre brukargrupper, som islandskstudentar, islandske studentar som studerer skandinaviske språk, lærarar, tilsette i forretningslivet og tilsette i offentlege etatar. På den måten vil ordboka kunne bli eit viktig verktøy både i samband med nordisk samarbeid generelt og for eksempel i nabospråksundervisning, samtidig som ho også skal dekkje den meir spesialiserte brukaren sine behov.

Sjølv om vi i omsetjingane prioriterer den norske brukaren, gjer det digitale mediet likevel at islendingar vil få nytte av ordboka. Det vil styrkje *ISLEX* sin posisjon som produksjonsordbok at ein sjølv kan velje om ein vil ha islandsk eller eit av dei skandinaviske språka som metaspråk, i tillegg til at både dei islandske oppslagsorda og dei skandinaviske ekvivalentane vil få grammatikkopplysingar.

I praksis vil ei omsetjing som fungerer godt for éi brukargruppe, oftast fungere for fleire. Det er i tilfelle der interessene står i motsetnad til kvarandre, det vert tydeleg at vi prioriterer den norske brukaren framfor den islandske. Dette kjem eg tilbake til i kassustudien, til dømes der eg skriv om *i sitt ansikts sved* (i kap. 4.1).

1.5 Materiale og metode

I kapittel 3 brukar eg eitt einaste fast ordsamband til å teste ein metode og å finne ut korleis eg kan bruke andre sine teoriar på mitt eige materiale. Der endar eg opp med ei prioritert liste over dei ekvivalensaspekta eg tykkjer er mest avgjerande, som eg sidan testar ut på sju andre ordsamband i kapittel 4.

1.5.1. Utvalsmetode

Dei ordsambanda denne oppgåva tek føre seg, er i utgangspunktet eit knippe islandske uttrykk som det av ulike grunnar har vore problematisk å finne ekvivalentar til. Det er altså ikkje eit representativt utval for ordboka, men eit utval som skal tydeleggjere utfordringane i arbeidet med ulike typar ordsamband i ordbøker. Den eine gruppa uttrykk illustrerer eit fenomen som er mykje omtala i tospråkleg leksikografi: 'høl mellom to språk', altså at ein ikkje har eit ord eller uttrykk på målspråket som dekkjer akkurat det same som eit ord eller uttrykk på kjeldespråket. For det andre, og det er det som vert grundigast handsama, er den spesielle utfordringa vår med *ISLEX* når det oppstår høl mellom målformene. Dette er det naturleg nok skrive mindre om, samstundes som det er eit veldig spennande og utfordrande felt.

To av ordsambanda i kassustudien (*í sveita síns andlitis* og *skilja hismið frá kjarnanum*) og det eg tek utgangspunkt i i metodekapittelet (*bera hitann og þungann af <e-u>*), har bibelsk opphav. Problemstillingane dei løfter fram har ikkje berre med bibelspråk å gjere, men dei er på mange måtar er representative for mykje av det som er krevjande når det gjeld ulikskapar mellom målformene i fraseologien.

To uttrykk om sauer (*vera svartí sauðurinn <í fjölskyldunni>* og *úlfur í sauðargæru*) viser at ord med tysk og dansk opphav som er aksepterte i bruk på bokmål, men ikkje på nynorsk, til tider representerer ei utfordring, andre gonger ikkje. Ordsambanda *hann bað stúlkunnar en*

fékk hryggbrot, <missa stjórn á skapi sínu> í hita leiksins og fleyg ummæli viser også på ulike måtar problem mellom målformene når det kjem til genitiv og ordtilfang.

Eit ordsamband (*fara í geitarhús að leita ullar*) viser kor vanskeleg det kan vere å finne gode nok løysingar når vi på uttrykkssida ikkje har eit tilsvarande fast uttrykk på målspråket som på kjeldespråket. Her kjem vi så vidt også inn på diskusjonen om ordsamband kan vere kulturspesifikke.

1.5.2. Teoretisk handsaming

I dei fleste tilfelle er det ikkje slik at det på den eine sida enten er full klaff eller på den andre sida høl mellom språka eller målformene. Normalt er det slik at ein i varierende grad kan seie at eit ordsamband på målspråket uttrykkjer det same som på kjeldespråket. For å få eit metaspråk til å gjere greie for desse gradene av overlapping byggjer eg i stor grad på det Ken Farø (2004) og Werner Scholze-Stubenrecht (1995) kallar ekvivalensaspekt. Ekvivalens er ikkje eit enten–eller; det er mange ulike nivå ordsamband kan vere ekvivalente eller ikkje på – som semantikk, pragmatikk, diakroni, syntaks, frekvens, ikonografi og stilistikk.

Å studere desse nivåa av ekvivalens er ei teoretisk leksikologisk øving (slik kapittel 3 er det), og Farø meiner leksikologien på denne måten gjev oss reiskapar til å vurdere ekvivalens i praktisk leksikografisk samanheng (slik eg gjer eit forsøk på i kapittel 4). Faktisk seier han at det er nødvendig at ein tek utgangspunkt i leksikologien og ekvivalensproblema i idiomatikken før ein kan vurdere ekvivalens i tospråklege ordbøker, for det er vanskeleg å avgjere hypotesar om ekvivalens teoretisk om ein ikkje spesifiserer kva for nokre aspekt ein forventar at det skal vere ekvivalens på. Når ein leksikografisk sett uttrykkjer at det er ekvivalens mellom to uttrykk, så seier ein implisitt at ein uttalar seg om (eit utval av) desse aspekta.

Det er også verd å leggje merke til at Farø seier at aspekta over i leksikologisk samanheng er likeverdige, medan ytre omstende kan tilseie ei hierarkisk ordning i leksikografisk samanheng. At ein leksikologisk kan avgjere kva idiom som passar best til eit anna i ei tospråkleg ordbok, vil ikkje seie at det direkte kan seie noko om korleis ein skal løyse problemet leksikografisk; Farø seier at "der ikke er noget 1:1-forhold mellem på den ene side de konstaterbare leksikologiske forhold i interlingvale idiominventarer og på den anden side

de problemer, man står over for, når man skal behandle idiomene i den bilingvale ordbog" (2004: 86).

Han kallar metoden til å operasjonelt avgjere ekvivalens for *empirisk-kontekstuell substitusjon* (EKS) (2004: 97). Det han då gjer, er å velje eit tekstutdrag frå korpus som viser ein representativ bruk av idiomet. Han omset konteksten til målspråket, mens sjølve idiomet vert fjerna. Substitusjonen består i å setje inn målspråksidiomet på staden til idiomet på kjeldespråket og vurdere om dette vert akseptabelt. Er det det, kan ein seie at dei iallfall er delvise leksikologiske ekvivalentar, om ikkje absolutte. Dette er ein enkel metode for å prøve å flytte seg frå det leksikologiske til det leksikografiske feltet, og eg vil også nytte han i kapittel 4.

1.6. Vegvisar

Vidare i denne oppgåva vil eg fyrst gjere greie for ein del omgrep og teoriar knytte til omsetjing, leksikologi og leksikografi, ekvivalens, ordsamband og dei norske målformene (kapittel 2). Her ynskjer eg m.a. å finne ut kvifor det av og til er så vanskeleg å finne ordsambandsekvivalentar til begge målformene. I ein grundig leksikologisk analyse (kapittel 3) tek eg utgangspunkt i eit islandsk ordsamband med nokre moglege norske ekvivalentar som ein gjennomgang av elleve av ekvivalensaspekta til Scholze-Stubenrecht. Vidare brukar eg (i kapittel 4) omgrepa frå teorien og mi eiga prioriterte ekvivalensaspektliste til å undersøkje fleire islandske ordsamband som det av ulike årsaker viser seg ikkje er så enkle å finne ekvivalentar til på norsk. Til slutt samanfattar eg funna og drøftar konsekvensane av desse i ei avslutning.

Kapittel 2. Teori


I innleiinga brukte eg ein del termar utan å kome nærare inn på kva eg legg i dei. I dette kapittelet skal eg gå gjennom desse og fleire andre faglege omgrep som ligg til grunn for det vidare arbeidet med denne oppgåva. Eg vil også gå gjennom nokre teoriar som er sentrale i det arbeidet som vert utført med ordboka og i denne oppgåva.

2.1. Omsetjing

Som det kom fram i del 1.2., utarbeider kjeldespråksredaksjonen på Island artiklane, medan målspråksredaksjonane si oppgåve er å omsetje dei til dei tre skandinaviske språka. Difor er det naturleg å starte med omgrepet 'omsetjing'. Lomheim viser i boka *Omsetjingsteori* til ein skilnad mellom *tospråkleg omsetjing* ('interlingual translation'), som er det vi vanlegvis har i tankane når vi snakkar om omsetjing, og *einspråkleg omsetjing* ('intralingual translation'), som handlar om "evna til å finna synonyme ord og til å parafrasera" (1995: 64). Eigentleg kan ein seie at dei problemstillingane som vert drøfta i denne oppgåva, handlar om både tospråkleg omsetjing mellom islandsk og norsk og einspråkleg omsetjing når vi må finne andre måtar å uttrykkje det same på når eit fast uttrykk ikkje eksisterer på begge målformer. Når eg vidare refererer til Lomheim, meiner eg tospråkleg omsetjing når eg berre skriv *omsetjing*.

2.1.1. Omsetjing som språkleg aktivitet

Omsetjing vert i *Omsetjingsteori* definert som ei handling, medan resultatet av handlinga vert kalla ein *versjon*. Lomheim brukar termene *sendarspråk* for kjeldespråk og *mottakarspråk* for målspråk fordi han ynskjer å knyte ordbruken til eit teoretisk grunnsyn om at omsetjingsaktiviteten er ein variant av språkleg aktivitet. Medan eg skriv om omsetjing og refererer til Lomheim, nyttar eg difor desse termene, men elles i oppgåva held eg meg til *kjelde-* og *målspråk* sidan dei er dei etablerte termene innanfor leksikografien. Lomheim byggjer mellom anna på den amerikanske lingvisten Eugene A. Nida, som seier at "[t]ranslating consists in reproducing in the receptor language the closest natural equivalent of the source-language message; first in terms of meaning and secondly in terms of style" (gjengjeve i Lomheim 1995: 31). I omsetjinga, altså handlinga, er det 1) ein sendar som står for ei avkodning, 2) ei overføring og 3) ein mottakar som står for innkodning:



Figur 3: Omsetjingsprosessen ifølgje Nida (Lomheim 1995: 22)

Andre ord som vert introduserte, er *forståingsfasen* og *formuleringsfasen* om det som skjer før og etter *overføringsfasen* (1995: 21 ff) Sagt med andre ord må ein mottakar fyrst forstå det sendaren har sagt, og så skjer det ei overføring som gjer at han kan formulere innhaldet på eit anna språk på ein måte som er korrekt og naturleg for det språket. Merk at dersom det dreier seg om ei einspråkleg samhandling, så ligg forståinga hos mottakaren og formuleringa hos sendaren, altså i motsett rekkefølge. Den tospråklege prosessen kan som basismodell skjematisk framstillast slik:

forståing (avkoding) → overføring → formulering (innkoding)

Dette er sjølv sagt ein forenkla versjon av det kompliserte som skjer i omsetjing. I røynda er det slik at ein heller bør snakke om ei rekkje med omsetjingar eller omkodingar enn ein enkeltprosess. Ein kan sjå på både forståing og formulering som omsetjingsprosessar. Ein kan snakke om at språk har ei fysisk side i form av tale eller tekst, og dette utgjer *den ytre forma*. Den mentale sida, meininga eller innhaldet, kan vi kalle *den indre forma*. Forståing er å kode om ei ytre form til ei indre form, formulering er å kode om ei indre form til ei ytre form:

(ORIGINAL) ytre form₁ → indre form₁ → indre form₂ → ytre form₂ (VERSJON)

Dei tre ulike omkodingane over er delvis svært ulike, og den mest krevjande er den i midten for "her skal omsetjaren erstatta mentale førestellingar knytte til originalspråket (indre form₁) med mentale førestellingar i mottakarspråket (indre form₂), og den prosessen kan til tider vera meir enn kronglete" (1995: 26f). *Geitarhús*-idiomet i delkapittel 4.7. er eit godt døme på korleis ein godt kan forstå kva eit uttrykk tyder (semantikken til uttrykket), og i kva samanhengar det vert nytta på sendarspråket (pragmatikken), men at det likevel kan vere yttarst komplisert å gje dette innhaldet ei form på mottakarspråket. Så er det slik også her at

skjematisk framstilling av ein prosess kan synleggjere ein del av det som skjer, men også forenkla det samansette biletet: "Heller enn å tala om ein klår kronologi med tydeleg åtskilte fasar er det difor truleg nærare røyndomen å sjå på heile omsetjingsprosessen som ein samanhengande aktivitet der dei ulike stadia er fletta inn i kvarandre og styrer kvarandre" (1995: 64).

Lomheim viser til innsiktsfulle språkfolk som meiner at ei fullkommen overføring frå eit språk til eit anna er eit fåfengt føretak. Det er alltid fare for meiningstap når to menneske skal kommunisere, uansett om dei snakkar same språk, eller om språkhandlinga inkluderer ein omsetjingsprosess. "Skilnaden mellom vanleg språkbruk og omsetjing med omsyn til meiningstap, er at risikoen for bodskapsforvrenging vert monaleg større ved tospråksbruk enn ved einspråksbruk" (s. 28 f). Heller enn å ha som mål at ein skal omsetje eit spesifikt språkleg innhald, må ein omsetjar spørje seg korleis ein uttrykkjer eit sakstilhøve som originalen refererer til i mottakarspråket i ein tilsvarende situasjon. Versjonen må ha same funksjon for sine brukarar som originalen har for sine – og det er den viktigaste budskapet å ta med seg frå omsetjingsteorien.

2.1.2. Omsetjing av metaforar

Dei fleste ordsambanda eg skal ta føre meg i denne oppgåva, er idiom, og dei aller fleste idiom er metaforiske. Difor trengst det ein liten gjennomgang av kva metaforar er for noko, og kvifor dei utgjør ei særleg utfordring for omsetjarar.

Den tradisjonelle oppfatninga av ein metafor er at det er eit lingvistisk fenomen, ein medviten og tilsikta språkbruk som samanliknar og identifiserer to einingar. I tråd med dette brukar vi (eller rettare sagt nokre av oss) metaforar for å oppnå ein kunstnarisk og retorisk effekt, imponere andre med vakre formuleringar eller å uttrykkje ei djup kjensle. Nyare teoretikarar som Lakoff og Johnson innanfor den kognitive lingvistikken seier at metaforen ikkje fyrst og fremst handlar om ord, men om omgrep (Kövecses 2002: viii føreord). Vi brukar ikkje metaforar primært for å uttrykkje oss kunstnarleg, men for å forstå og snakke om fenomen i omverda, kulturen og oss sjølve. Det handlar ofte ikkje om likskap mellom dei fenomen som vert samanlikna, og Lakoff og Johnson meiner at metaforar vert brukte av alle og heile tida; det er ein uunngåeleg del av menneskeleg tanke og resonnering.

Lakoff og Johnson skil mellom omgrepsmetaforar og metaforiske uttrykk. Omgrepsmetaforen er ein mental, kognitiv storleik, medan metaforiske uttrykk er det vi vanlegvis kallar metaforar. Nokre metaforiske uttrykk (som å *dyrke ein hobby* eller at *ei verksemd veks*) er så daglegdagse og konvensjonelle at dei av somme vert oppfatta som "daude" metaforar, det vil seie at dei etter lang tids hyppig bruk har gått inn som ein del av kvardagspråket på ein slik måte at vi ikkje opplever dei som metaforiske uttrykk lenger. Zoltan Kövecses tilbakeviser dette; han meiner at sjølv om nokre av frasane er så vanlege at ein kan bruke dei utan å reflektere over dei, så er dei slett ikkje daude – tvert om er dei så levande at dei er med på å styre og organisere tankane våre (Kövecses 2002: ix føreord).

Å snakke om daude metaforar gjev heller ikkje mening i eit omsetjingsperspektiv. Ein omsetjar kan ikkje sjå på formuleringar som inneheld metaforar, klisjear eller ikkje, som om dei skulle ha konkret tyding. Her kjem det ikonografiske aspektet inn i biletet (jf. 3.1.1). Ein omsetjar må søkje den overførte meininga og krafta som ligg i uttrykket, ikkje gjengje forma på det. Både omsetjingsteorien (ved Lomheim) og leksikografien (ved Farø) understrekar kor viktig det er å sjå forbi forma på eit uttrykk, og heller undersøkje og gje att funksjonen.

Ein kan enkelt seie at i ein omgrepsmetafor "er" eit konseptuelt domene (a) eit konseptuelt domene (b). Domene a kan ein også kalle eit måldomene, medan domene b er eit kjeldedomene, og ein forsøker å forstå måldomenet gjennom bruken av kjeldedomenet (Kövecses 2002: 4). Når ein tenkjer på *livet* (måldomene) som *ei reise* (kjeldedomene), brukar ein det litt meir konkrete og handterlege konseptet 'reise' for å forstå det til tider svært samansette og uoversiktlege 'livet' (som kan ta uventa retningar, og der farar kan lure bak kvar sving). Erfaringane våre med den fysiske verda er eit naturleg og logisk fundament for å forstå meir abstrakte domene, og difor er det logisk at vi til vanleg ikkje byter om på kjelde- og måldomene; vi kan snakke om kjærleik som brann, men ein høyrer sjeldan nokon snakke om brann som kjærleik (2002: 6) – sjølv sagt bortsett frå om propriet i Bergen.

Eit sannsynleg fellestrekk ved alle språk er at svært mange metaforar tek utgangspunkt i kroppen som kjeldedomene (Kövecses 2002: 16). Det er ikkje rart i og med at kroppen alltid er med oss, vi har (eller trur iallfall vi har) god kjennskap til han, og han er noko alle menneske har til felles (sjølv om kroppane ikkje er like). Andre mykje brukte kjeldedomene er helse og sjukdom, dyr, plantar, bygningar, maskiner og verktøy, spel og idrett, pengar og økonomi, matlaging og mat, varme og kulde, lys og mørke, krefter og rørsle og retning – alt

grunnleggjande menneskelege erfaringar. På den andre sida er måldomena typisk meir abstrakte, diffuse og utflytande. Det kan vere snakk om psykologiske og mentale tilstandar og hendingar (kjensler, lengt, moral, tankar), sosiale grupper og prosessar (samfunn, politikk, økonomi, menneskelege relasjonar, kommunikasjon) og personlege erfaringar og hendingar (tid, liv og død, religion) (2002: 24).

Lomheim hevdar at metaforar utgjer ei stor utfordring for omsetjarar: "For det første er metaforen som fenomen eit av kunstspråkets fremste kjennemerke. (...) Metaforen både komprimerer meining og sprengjer språklege grenser. Han appellerer både til intellektet og emosjonane hjå lesaren (1995:132). Sitatet viser at han i Lakoff og Johnson sin terminologi her snakkar om metaforiske uttrykk. Omgrepsmetaforane er universelle; vi finn dei oftast igjen over landegrensene, ikkje minst kan vi rekne med det ved to så nærskylde språk og kulturar som den norske og islandske. Det er dei metaforiske uttrykka som varierer. Dei vil ta ulike former, fordi det vil variere kva kjeldedomene språka tek i bruk for å forklare måldomena. Og sjølv om same kjelda er nytta, kan det vere ulike delar av kjelda, det vil seie ulike tilordningar. Det er då ein må vere kreative og gode språkbrukarar for å finne gode ekvivalentar som uttrykkjer det same på kjelde- og målspråk.

Ikkje minst fordi eg skriv om metaforisk ekvivalens seinare i oppgåva (jf. 3.1.1), har det vore viktig for meg å avklare i veldig grove trekk kva eg legg i omgrepet *metafor*. Fordi eg ikkje vurderer den kognitive metaforteorien som det som best kan hjelpe meg til å svare på problemformuleringa mi, har eg likevel ikkje gjort bruk av han i særleg grad vidare i oppgåva.

2.1.3. Omsetjing av Bibelen

Ordsambandet eg brukar for å utvikle metoden i kapittel 3 og to av ordsambanda i kapittel 4, har opphav i Bibelen. I norsk samanheng viser det seg at slike er særleg vanskelege å finne funksjonelle ekvivalentar til på nynorsk. Ofte ser vi at uttrykk frå bokmålsutgåvene av Bibelen har lausrive seg frå konteksten og fungerer som sjølvstendige element i daglegtale, mens ein ikkje kan seie det same om nynorskvariantane. Eg meiner at ein må sjå på omsetjingshistoria til biblane for å finne forklaringa på kvifor vi i dag møter slike utfordringar med stilistiske og pragmatiske ulikskapar på dette feltet.

Grunnen til at eg vel å handtere dette så inngåande, er at vi her kjem inn på mange årsaker til

situasjonen i dag; dette gjeld kyrkjeehistorie, språkhistorie, språkhaldningar med meir. Sjølv om det kan verke framandt for oss i det sekulariserte samfunnet vi er ein del av både i Noreg og på Island i dag, har trass alt dei kristne tekstane spela ei heilt avgjerande rolle både for kulturane og skriftspråka våre. På den måten kan ein seie at det eg skriv om bibelomsetjingane på mange måtar kan illustrere ein del av den generelle språkutviklinga. Eg har funne nokre interessante parallellar mellom to pionerar som levde med fleire hundreårs mellomrom. Oddur Gottskálksson stod for nyskapinga av *Det nye testamentet* (NT) på *islandsk tunge* på 1500-talet, medan Aleksander Seippel gjorde mykje av det same for nynorsken sist på 1800- og fyrst på 1900-talet.

Jarle Bondevik skreiv om nynorske bibelomsetjingar i doktorgradsavhandlinga *Studiar i det nynorske bibelmålet* frå 1992. Ein populærvitenskapleg versjon av avhandlinga gav han i 2003 ut i boka *Og ordet vart nynorsk*, og eg byggjer i stor grad på den i den fyrste delen av dette kapittelet. Heimesidene til Det Norske Bibelselskap, www.bibelen.no, inneheld mykje informasjon om bibelomsetjingar generelt og til bokmål spesielt. Men det står òg litt om prosessen rundt å få gjeve ut Bibelen på nynorsk i *Det Norske Bibelselskap gjennom 150 år* av Åge Holter. I siste del av kapittelet her ser eg særleg på den aller fyrste delen av historia til dei islandske bibelomsetjingane for å undersøkje om det finst ein parallellitet mellom bokmål og islandsk som vi ikkje har i høve til nynorsk. Det er eit mål å finne ut i kva grad dei islandske bibeluttrykka er særprega i dag, altså om ein høyrer intuitivt på same måte som på norsk om eit uttrykk har eit bibelsk opphav eller ikkje. Eg ynskjer også å undersøkje om historia kan gje oss nokre svar i samband med hypotesane eg sette opp i innleiinga.

Generelt om bibelomsetjing

Bibelomsetjingar til alle språk har grovt sett følgt eitt av to prinsipp. Det første er ein *ord-til-ord-metode* med strenge krav om at eit ord i grunnteksten skal omsetjast med eit ord i same ordklasse og i same grammatiske form, at setningsbyggnaden skal vere lik, og at eit ord i grunnteksten konsekvent skal gjevast att med eitt ord i omsetjinga (Bondevik 2003:12f). Bibelselskapet kallar dette *grunntekstnær* eller *konkordant omsetjing* (www.bibelen.no), og Nida kallar det *formal ekvivalens* (Bondevik 2003:14).

Den andre måten å omsetje Bibelen på vert kalla *meningsomsetjing*. Dette står i same tradisjon og har same målsetjingane for omsetjinga som Lomheim har i delkapitla over, nemleg at ei omsetjing så langt det er mogeleg, skal formidle det same til sine mottakarar som

originalen ein gong gjorde til sine. Her vert det rekna som akseptabelt å forkorte og forenkle setningar, byte ordklasse (i nynorsk samanheng handlar dette ofte om å gjere om verbalsubstantiv til verbkonstruksjonar og byte ut adjektivabstrakt med førestelte adjektiv), å definere eller forklare eit ord heller enn å gje det att direkte og å byte ut avleggse ord med meir frekvente – alt for å kunne formidle meininga i teksten på ein tenleg måte (Bondevik 2003: 13). Bibelselskapet kallar dette *meiningsnær* eller *idiomatisk omsetjing* (www.bibelen.no).

Meiningsomsetjing er i samsvar med tankane til Nida (som Lomheim også refererer til, sjå figur i del 2.1.1.). Han introduserte omgrepet 'dynamisk ekvivalens', som vil seie at "ein skal omsetje meininga i grunnteksta slik at ho har same verknad på lesaren som den opphavlege teksta hadde. Etter dette kan ein seia at innhaldet kjem fyrst, språket og stilen deretter" (2003:14). Dynamisk og formal ekvivalens kan ein sjå som to ytterpunkt på ein akse, og dei fleste bibelomsetjingar ligg ein stad mellom ytterpunktta.

Norske bibelomsetjingar

Ei forklaring på at bibelsitat frå bokmålsutgåvene har innteke ein meir sjølvstendig idiomatisk posisjon i forhold til nynorskomsetjingane, kan vere at nynorsk har ei kortare historie som bibelspråk enn bokmål. Den aller fyrste bibelen på morsmålet i Danmark-Noreg var danske Kristian 3s Bibel, også kalla Reformasjonsbibelen, frå 1550 (www.bibelen.no); noko norsk skriftspråk eksisterte som kjent ikkje på denne tida. Det er også viktig å ha i mente at Allmugeskulen vart innført i Noreg i 1739, og der var kristendom og lesing i starten dei einaste obligatoriske faga. Den danske bibelen som der vart flittig lesen, må difor ha hatt ei svært stor påverknadskraft på norsk språkbruk gjennom hundreår.

Frå Det Norske Bibelselskap vart skipa i 1814 byrja dei ein varsam revisjon av den danske bibelen. Det vart fyrst ikkje omsett frå grunnspråka, men frå ei dansk utgåve, noko som sjølvstendig også påverka den språklege drakta. Sidan ein framleis ikkje kunne snakke om noko eige norsk skriftspråk på denne tida, er det rettast å kalle utgåvene ei modernisering av den danske teksten gjennom ei justering av ortografi, ordval og ordstilling (Bondevik 2003:25). I perioden 1889–1904 vart GT og NT gradvis omsette frå grunntekstane til riksmål og landsmål. I 1904 var riksmålsutgåva komplett, og det er fyrst med denne ein har teke eit stort steg i norsk retning:

Denne utgåva fekk ei heilt ny norsk tekst (...). Det gjekk eit ras av danske ord og forelda uttrykk ut or teksta, og nye ord som var meir i samsvar med skriftmålet på den tid, kom inn. So store endringar i noka bibeltekst her i landet har vel aldri skjedd. (Bondevik 2003:26)

Kravet om nynorske omsetjingar av Bibelen har vore sett fram som eit demokratisk krav for at folk skulle få "Adgang til at læse den Bog, som fremfor alle Bøger er vort Folk kjært, paa det Maal, som de taler hjemme i sine Stuer, og som ligger deres Landsmaal nærmere end det nuværende Bogsprog" (Jakob Sverdrup sitert i Bondevik 2003: 52). Dette kravet gjorde seg ikkje minst gjeldande etter at "det norske Folkesprog" vart jamstelt med "det almindelige Skrift- og Bogsprog" i 1885 (nemningar frå Almenningen 2006: 20).

Likevel var Det Norske Bibelselskap lunkne og negative til dette kravet, då dei såg på landsmålet og dei fyrste bibelomsetjingane til dette meir som eit språkleg eksperiment enn noko ein kunne bruke i kyrkja. Fleire hevda at kravet om ein landsmålsbibel var meir høgrøsta enn utbreitt, og at ein kunne bruke midlane i Bibelselskapet på meir fruktbare måtar (Holter 1966: 447ff). Biskop Skaar i Trondheim sin harde dom over landsmålet i 1889-omsetjinga av NT (som Bibelselskapet overtok forlagsretten, eller -plikta, for frå Samlaget i 1899) seier sitt om klimaet i debatten: "Det har "mange sproglige Underligheder og en stor Flok Kameler, som kun troskyldige Maalmænd ere istand til at sluge"" (1966: 450). Tanken var at to norske kyrkjespråk ville splitte kyrkjelydane og ruinere eininga ein hadde slik trong for; difor avslo stiftsnemndene oppfordringa frå Kyrkjedepartementet om å også omsetje GT til landsmål. Landsmålet hørde, ifølgje Bibelselskapets eigen språkkonsulent Johan Storm, ikkje heime nokon stad, med unntak i flokken av revolusjonære sjåvinistar:

"Landsmaalstestamentet har vundet liden Indgang," skrev Storm i 1902. "Folket – og kyndige Maalmænd med – finder Sproget for stivt og ufolkelig. At kalde dette *Maalet hennar Mor* er at give Folket Stener for Brød." Det var heller andre ting som tellet mer. Et språk uten sosial prestisje og uten religiøs tradisjon hadde berg av fordommer å kjempe mot. (1966: 461)

Sett i dette lyset, vert det difor ein sterk påstand når Holter, som forfattar av Bibelselskapet si historie, skriv at "oversettelsen til landsmål [er] den største begivenhet i vår bibeloversettelses historie. Over et gap på seks hundre år ble det slått en bro tilbake til vår eldste bibeltradisjon" (1966: 442). Uviljen mot og negative haldningar til landsmål i kyrkja dominerte altså i det embets- og by-styrte Bibelselskapet (1966: 451), og den fyrste heile bibelomsetjinga til landsmål var det difor Studentmållaget i Oslo som stod for i 1921. Dei som stod bak, ynskte å gje ut ei mellombels utgåve som ein kunne bruke fram til den vitskaplege omsetjinga frå grunnteksten var ferdig; difor vert ho også kalla "Fyrebils-Bibelen" eller

Studentmållagsbibelen (Studentmållaget 2003: 147).

Då arbeidet med førebelsbibelen starta i 1916, var om lag halvparten av Bibelen allereie omsett til landsmål. På denne tida var det stadig fleire kyrkjelydar som tok i bruk liturgi omsett til landsmål, men dei mangla ei komplett utgåve av hovudboka på målforma. Planen var å få produsert omsetjingar av den halvparten som mangla, og dei skulle byggje på andre skandinaviske omsetjingar. Omsetjingsarbeidet vart delt på ei rekkje medarbeidarar, men viktigast var Alexander Seippel, som hadde omsett om lag ein tredel av Bibelen før 1916. Alle bøkene, både nyomsette og tidlegare omsetjingar, vart korrekturlesne og gjekk gjennom grundig revisjon slik at dei fekk same skriftlege form og rettskriving og formell samanheng. "Når førebelsbibelen seinare likevel er vurdert såpass høgt, både teologisk og ikkje minst språkleg, kjem det fyrst og fremst av dei stilistisk svært gode omsetjingane til Seippel og det sikre revisjonsarbeidet til Hognestad og Indrebø" (2003: 149).

Professoren og språkkunstnaren Seippel var meir enn nokon andre avgjerande i prosessen med å forme det nynorske bibelspråket, eller som Alf Hellevik sa, å føre den nynorske bibelen over på folkemålsgrunn. Han gav det nynorske bibelspråket den rike klangen som har prega det heilt fram til i dag. Han ville at språket skulle vere "so folkelegt som råd var, difor satte eg meg fyr at eg inkje ville skrive ei setning som eg inkje visste eller trudde at ein norsk bonde kunde segja" (Sitert i Holter 1966: 462). Seippel var godt inne i ordtilfanget på nynorsk, og han brukte også ordbøkene til Aasen og Ross mykje (Bondevik 2003: 79); dette førte til ei omsetjing med eit rikt, variert, folkeleg og dermed talemålsnært språk. Han sa sjølv at ein måtte utnytte heile den ordskatten som låg i bygdemåla, og han hadde mange han rådførte seg med om korleis dei ville ordleggje seg i ulike samanhengar (2003: 83).

Noko av det mest slående med Seippel sine omsetjingar, er dei dristige stilspranga. Der grunnteksten var poetisk, var versjonen det, og der han var kvardagsleg, var versjonen også det (Lomheim om Seippel på snl.no). Seippel hadde ei eiga evne til å fange nyansane i grunntekstane og la dei kome fram i omsetjinga. Professor Simon Michelet skreiv i ei melding av 1. Mosebok: "Men det væsentlige ved den – som gjør at man glemmer alt andet for bare at læse videre, side efter side – er det mesterskab, hvormed oversætteren formaar at faa udtrykt i klart og klingende landsmaal, just hvad den hebraiske text siger, ligetil nyancerne i tankeindholdet" (sitert i Bondevik 2003: 83). Bondevik seier også at det er det nære og direkte som er styrken til Seippel; han meiner at for lesarar som var vande med den danskfarga

bibelen, måtte "tekstene te seg nye og nære" (2003: 85). Dette kan tyde på at Seippel valde strategien med meiningsomsetjing (eventuelt dynamisk ekvivalens om ein held seg til Nida sin terminologi). Ei omsetjing kan ikkje ha som fremste kjennemerke at ho er nær og folkeleg om hovudmålsetjinga hadde vore å liggje tettast mogeleg opp mot grunntekstane på ordnivå.

Eg meiner det er sannsynleg at Seippel og dei andre nynorske bibelpionerane hadde ein medviten tanke om å reinske vekk idiomatiske uttrykk med dansk opphav som var tydelege framandelement i norsk. Ein må ha prøvd å skape nye uttrykk, og dette har etter mi meining vore ein av suksessnøkklane til dei nynorske bibelomsetjingane. Samstundes er denne bakgrunnen viktig for å forstå dei utfordringane vi møter i arbeidet med *ISLEX* i dag, for uttrykka har ikkje på same måten som i bokmål/dansk vorte ein del av vanleg nynorsk språkbruk. Eg vil difor hevde at suksessen til dei nynorske bibelomsetjingane har hatt ein stilistisk pris ved at "ordsambanda" (i den grad ein kan kalle dei det) på same målform med bibelsk opphav framstår som lite idiomatiske, for kvardagslege og nokre gonger nesten litt blodfattige. I mange tilfelle, til dømes med *i sitt ansikts sved* versus *med sveitten i ansiktet* (sjå kapittel 4.1), kan det diskuterast om det vi gjev opp som nynorske ekvivalentar, eigentleg er faste ordsamband på lik linje med uttrykka på islandsk og bokmål.

Lenge opplevde eg det som eit paradoks at eg hadde eit bilete av nynorsk bibelspråk som kraftfullt og flott, men tykte at brotstykke derifrå fekk motsett forteikn som ordsamband i ei ordbok. Kanskje ligg svaret i sjølve paradokset. Nettopp fordi Seippel og andre omsetjarar til nynorsk har gått vekk frå dei stivna frasane, tvingar dei oss til å ta inn over oss kva som eigentleg står der; ein kan seie at han har opna teksten for lesarar på ny. Dermed vil eg hevde at det som er styrken til nynorskomsetjingane av Bibelen i den bibelske konteksten, er det same som gjer uttrykka lite funksjonelle i ordbokssamanheng; dei er transparente og direkte, men fungerer ikkje som ei fiksert eining som kan brukast overført i andre samanhengar. Dette er avgjerande for å forstå bakgrunnen for hypotese 2 om at nokre nynorske ordsamband ikkje har same biletleg-overførbare kraft som tilsvarende bokmålsuttrykk.

Ei generell forklaring på at det i mange tilfelle er vanskelegare å finne ordsambandsekvivalentar på nynorsk enn på bokmål kan vere at dei ulike typane ordsamband i stor grad er knytte til skrift, og at det i Noreg er bokmål som har hatt den sterkaste skriftspråklege posisjonen og dermed også høgste statusen. Haldningane i Bibelselskapet som eg viste til lenger oppe, kan stå som døme på det. Så det kan ha spela ei viss rolle at Bibelen

samla sett kom noko tidlegare på riksmål/bokmål enn landsmål/nynorsk, men det viktigaste for den språklege påverknaden har nok vore hundreåra der vi las boka på dansk, og den statusen omsetjingane på dansk og seinare bokmål hadde i dei "viktige" krinsar. Det er difor ikkje rart at mange idiom framleis lever i ei stivna, arkaisk danskprega form, sjølv om bibelomsetjingane i dag har ei meir tilgjengeleg form for ein moderne lesar. Dette skal vi sjå eksempel på i kapittel 4.1. og 4.6.

Før vi går over til dei islandske bibelomsetjingane, skal vi sjå på korleis ein i Noreg såg på den islandske tradisjonen, og korleis han kunne tene som førebilete. Aasen formulerte tidleg korleis han meinte at kristelege tekstar burde omsetjast, og at ein i den samanhengen kunne lære mykje av dei islandske omsetjingane. Lik islendingane måtte ein vere streng med å finne ekte norske avløyrsord for tyske eller halvtyske ord. Dersom slike var lite kjende, ville dei verte kjende gjennom bruk. Han meinte òg at fleire av dei eldre bibelglosene var gammalt dansk-norsk fellesgods (som *Miskunn*, *Hjord*, *Hyrde*, *aarle*, *overvættes*) – og difor kunne ein i stor grad bruke dei same orda som folk var vane med frå dei danske biblane. Språkreinsinga var ofte meir fokusert på ordval enn syntaks (Holter 1966: 459).

Aasen understreka også kor viktig det var med ein "vyrdeleg, høgtideleg" stil og tone som ikkje måtte skilje seg for mykje frå den ein tidlegare hadde vore van med. Eit unntak var "desse dimme og mødesame Genitiv-Samanbindingar, som der er so myket av i Bibelstilen, og som oftast synast trenga til ei Uppløysning, naar Samanhengen skulde verda klar og tydeleg fyre Folket" (sitert i Holter 1966: 459f). Her gjekk landsmålsbibelen mykje lenger enn Bibelselskapet sine utgåver, og det er i høgste grad ei viktig forklaring i drøftinga av problemstillingane mine. Det kan også sjå ut til at det ikkje er så mykje hald i hypotese 1 om ein sterkare parallellitet mellom omsetjingar til bokmål og islandsk enn nynorsk og islandsk, så lenge nynorskomsetjingane hadde den islandske som førebilete.

Islandske bibelomsetjingar

Det nye testamentet vart gjeve ut på islandsk allereie i 1540, truleg som den fyrste boka som vart trykt på *íslensk tunga*, og det var biskopssonen Oddur Gottskálksson som stod for omsetjinga (Einarsson 1988: VII). Islendingar hadde då ikkje gjeve ut bøker på eige språk på lange tider, og det var berre diktning i bunden form som galdt. Difor måtte Gottskálksson gå opp nye vegar for å formulere seg i ubunden form. Omsetjinga hans er opphavet til og det fyrste førebiletet for gudelege skrift på islandsk i luthersk tradisjon. Asbjørn Hildremyr har

skrive om konsekvensane det fekk for språk og folk at vi i Noreg i hundreår etter reformasjonen las Bibelen på dansk, medan dei på Island las han på islandsk:

På Island og i Noreg fekk såleis innføringa av prentekunsten og reformasjonen høgst ulik verknad: På Island vart dette ein av dei avgjerande faktorane for å berge og byggje opp att det nasjonale språket, i Noreg er det vel knapt tvil om at dei same faktorane vart eitt av dei siste rothogga for det gamle norrøne skriftspråket. I tillegg til dei andre innfallskanalane for dansk skriftspråk her i landet, kom dansk som nemnt til å bli det einerådande skriftspråket – ikkje berre i skrift, men også i tale, og fekk vel dermed for mange – også blant dei som hadde norske bygdedialekter som morsmål – ein slags status som "Guds eige språk". (2005: 29)

I føreordet til ei nyutgåve i 1988 av Oddur Gottskálksson si omsetjing vert det slått fast at ho er det viktigaste som har skjedd i islandsk språkhistorie (Kvaran o.a. 1988: XXI). Arbeidet hans har gjeve gjenklang, og mange vendingar frå NT som no er kjende for kvar og ein på Island, er det han som opphavleg utforma, i same eller svært like former som dei islendingane kjenner i dag (Helgason 1929: 1). Dette heng saman med at Gottskálksson si utgåve har vore populær og mykje lesen av folk flest på Island. Faktisk er det slik at fleire av vendingane og heile setningar som Gottskálksson formulerte i fyrste halvdel av 1500-talet, har stått uendra gjennom ulike revideringar av den islandske bibelen. Gottskálksson er mellom dei omsetjarar som med størst dugleik og innleving har brukt *den islandske tunge*, og han "hefur m.a. auðgað tunguna að fjölmörgum orðtökum" (Einarsson 1988: XX).

Gottskálksson hadde norsk far, og han budde hjå slektningar i Bergen i seks år som ung mann. Her fekk han det meste av utdanninga si, og han fekk seinare tilnamnet *Oddur norski*. Han var i ein periode fyrst på 1530-talet også i Danmark og Tyskland for å utdanne seg vidare, og han vart då lutheranar. Han fekk med seg bøker både på latin, tysk og dansk, mellom anna NT, og han sette etter dette i gang med sitt eige omsetjingsprosjekt – som han, med gode hjelparar, hadde fullført hausten 1539. Helgason slår fast at det er Luther-omsetjinga (truleg både i høgtyisk og lågtyisk utgåve frå 1530) som er hovudkjelda til Gottskálksson si omsetjing (1929: 176). Mellom anna har Gottskálksson teke med alle bortsett frå eitt av Luther sine forord til dei ulike bøkene. I tillegg støtta han seg på Vulgata² (kanskje ei utgåve frå 1509) og Erasmus frå Rotterdam si nye latinomsetjing (truleg den frå 1527), ei omsetjing både Luther og andre reformasjonsmenn sette høgt og nytta flittig. Det finst på den andre sida mange døme på at han følgjer Vulgata og/eller Erasmus, men ikkje Luther. Nokre gonger brukar han fleire av kjeldene i éi og same setning, noko som kunne føre til pussige former som latinsk ending på eit tysk ord.

² Universitetsmenn i København hadde ifølgje kongebrevet fremst i utgåva til Gottskálksson gått gjennom omsetjinga og godkjent at ho var i samsvar med den latinske omsetjinga (Vulgata).

Gottskálksson var truleg oppteken av at det ikkje måtte vere for tydeleg at han støtta seg for mykje til Luther; trass alt var Luther på 1530-talet langt frå nokon populær mann i den islandske kyrkja. Utan at vi skal gå nærare inn på det, gav den siste katolske biskopen seg på Island ikkje utan kamp, men vart halshoggen saman med to av sønene sine i 1550 – så ein kan trygt seie at konflikta var tilspissa (Gunnarsson 2004). Derimot ser vi at Gottskálksson brukar mange ord og vendingar frå den katolske tradisjonen; ein kan ofte sjå trekk frå den "lærde stilen" som kjenneteikna mange katolske skrifter frå 1200- og 1300-talet (Einarsson 1988: XX).

Den pågåande striden mellom katolikkar og lutheranarar påverka også arbeidsvilkåra til Gottskálksson, han sat mykje i fjøsen på Skálholt³ medan han heldt på. Sjeldan fekk han sitje lenge uavbrote med omsetjingsarbeidet, og han måtte skjule kva det var han heldt på med, for det var fare for livet hans om det skulle bli oppdaga (Einarsson 1988: VIII). Det såg ikkje ut til at han verken skulle klare å fullføre eller få gjeve ut arbeidet. Likevel var dette ein pionerinnattsats som vart heilt avgjerande for islandsk språk og kyrkjeliv, og han la grunnen for seinare utgåver. Sjølv sagt er det store ulikskapar mellom denne historia og arbeidsvilkåra til Seippel og dei andre som omsette til nynorsk, men det seier noko om at begge versjonane vart skapte under vanskelege vilkår og mot mange viktige menn sin vilje. Det er ikkje omsetjingar som har fått kongetittel.

Helgason skriv at det ikkje er noko som tyder på at Gottskálksson verken har hatt noka svensk omsetjing eller det danske NT for hende i arbeidet, då han ikkje har funne særlege likskapstrekk mellom desse (1929: 187). Han gjev døme på mange ordformer, bøyingar og syntaks som Gottskálksson derimot har med seg frå norsk, og som ikkje var i bruk eller er kjende frå andre skriftlege kjelder på Island på denne tida. Det er også truleg at Gottskálksson kjende til *Stjórn*, ei norsk omsetjing av delar av Bibelen frå tidleg på 1300-talet, fordi det er ord i omsetjinga som ikkje er kjende frå nokon andre stader i samtida enn *Stjórn* (Kvaran o.a. 1988: XXVI).

Sjølv om arbeidet var avgjerande, var det var likevel ikkje slik at gjenreisinga av det islandske skriftspråket var fullført med Gottskálksson si NT-omsetjing. Sjølv om det vert sagt at språket

³ Det var den katolske Ögmundur biskup som regjerte der på den tida.

mange stader i denne fyrste islandske omsetjinga er så vakkert at det er ei nyting å lese det, hevdar Hildremyr at det "står (...) ikkje til å nekte at både syntaks og ordval i mange tilfelle er tydeleg påverka av tysk og dansk. Og denne språklege påverknaden heldt fram lenge etter Odds tid. Men likevel var grunnlaget lagt for restaurering og fornying når tida vart mogen for det" (2005: 29f). Sjølv om Helgason grundig har vist at den danske påverknaden ikkje var nemneverdig, endrar det ikkje på faktumet at Luther si tyske omsetjing var viktig, og at tysk og dansk er så pass like i ordtilfang og syntaks at dei i mange tilfelle ikkje direkte kan skiljast frå kvarandre om ein studerer påverknaden på andre språk. Men når det gjeld direkte dansk påverknad tek Hildremyr feil, og dermed slo også hypotesen min (1) feil.

Guðbrandsbiblía var den fyrste heile utgåva av Bibelen som vart gjeven ut på islandsk, ho kom ut i 1584. Ho har fått namn etter biskopen på Hólar, Guðbrandur Þorláksson, som stod bak produksjonen. Han nytta eldre omsetjingar så langt det var råd, mellom anna fekk Gottskálksson si omsetjing av NT plass så godt som utan endringar (Einarsson 1988: XX). Når det gjeld GT, nytta han fleire gamle omsetjingar, nokre bøker omsette han sjølv, og nokre fekk han andre til å omsetje. Sjølv las han over, endra på formuleringar og passa på at det vart samsvar mellom bøkene, for han hadde ei sikker språkkjensle. At *Guðbrandsbiblían* vart gjeven ut, vart avgjerande for å feste posisjonen til islandsk i kyrkja etter reformasjonen og hindre den danske påverknaden som på den tida gjorde seg meir og meir gjeldande. Etter mine vurderingar fungerte dette etter planen!

Oppsummering og leksikografiske konsekvensar

Eg fekk ein gong spørsmål om det ikkje er slik at dei nynorske bibelomsetjingane ligg nærare grunntekstane enn bokmålsutgåvene. Eg har ikkje gått djupt nok inn i materialet til å kunne konkludere endeleg, men ut frå det eg har lese, er inntrykket at iallfall Seippel sine omsetjingar var meir idiomatisk ekvivalente (av Nida kalla dynamisk ekvivalens) enn delar av bokmålsomsetjingane. Ikkje minst viser det seg i at han hadde eit større stilistisk spenn i omsetjingane, slik at versjonen er kvardagsleg der originalen er det og tilsvarande poetisk der originalen er det. Aasen ville vekk frå tunge genitivssamband som ein kunne finne i bokmålsutgåvene. Eg vil tru at på dette området er bokmålsutgåvene nærare formell ekvivalens med grunntekstane sidan gresk også hadde genitiv.

Eg hadde ein hypotese om at islandsk og bokmål har ein parallellitet i bibelomsetjingane som nynorsk ikkje har, men det er ikkje noko i det materialet eg har gått gjennom som stadfestar

det. Bibelspråk er tydeleg markert språk på norsk, ikkje minst gjeld dette bokmålsutgåvene. Ein kan ofte intuitivt høyre om eit uttrykk har bibelsk opphav på grunn av ein høgtideleg og gjerne poetisk stil. På nynorskbiplane er det nesten omvendt, ein har gått så langt i å gjere språket nært og kvardagsleg at formuleringane ikkje har festa seg som idiomatiske uttrykk. På bokmål finn ein i mange bibeluttrykk med ord og formuleringar som i alle andre samanhengar ville verte oppfatta som framande og forelda, slik som ordet *sved* – som er relativt ugjennomtrengjeleg for dei fleste nordmenn i dag. Islandsken ligg på den måten nærare nynorsk, den islandske hovudredaktøren hevda ein gong at ho ikkje visste at vi har med ordsamband med bibelsk opphav i *ISLEX*. Det er kanskje å drage det langt, men det seier meg iallfall at desse ordsambanda ikkje er like stilistisk særprega på islandsk som i bokmål.

Er det alltid riktig å omsetje eit ordsamband med bibelsk opphav med ei formulering frå tilsvarande stad i målspråksbiplane? Det opplagde svaret er nei. Det er litt ulikt i kva grad vi i dei skandinaviske redaksjonane markerer om ordsamband har bibelsk opphav eller ikkje. Det er vel ein tendens til at vi markerer dette oftare på norsk enn det vert gjort i den svenske og danske redaksjonen. Vi meiner at det er viktig å opplyse brukarane om at dei aktuelle ordsambanda har eit bibelsk opphav, ikkje minst fordi ein del skilnader mellom bokmål og nynorsk kjem tydeleg fram der. Eit anna viktig perspektiv er at vi ofte får fram at dette gjeld gamle utgåver av Bibelen, og det gjev eit hint til (dei islandske) brukarane om at orda som inngår i uttrykket gjerne ikkje er ein del av meir moderne språkbruk. Til sjuande og sist handlar dette sjølvsagt om idiom sin natur; har eit uttrykk lausrive seg frå bibelkonteksten og festa seg i kvardagsspråket, endrar ikkje forma på uttrykket seg sjølv om språket har vorte modernisert i seinare bibelutgåver.

Det ser ut til at det er mindre behov i svensk og dansk for å markere bibelsk opphav fordi språket i desse ordsambanda ikkje er like markert i dei språka som det er på norsk (bokmål). Den eine danske redaktøren sa på eit felles redaksjonsmøte der vi diskuterte dette, at ho forstod det norske behovet for å markere bibelsk opphav, men dei same uttrykka har rett og slett ikkje noko med Bibelen å gjere lenger på dansk – dei er fullstendig lausrivne frå konteksten, og er ikkje i meir høgstil enn andre idiom. Det kan for så vidt rime med at grunnen til at dei er så markerte i norsk i dag, er at det er utdaterte danske bibelformer som har festa seg.

2.2. Leksikografi og leksikologi

Farø (2004) skil klart mellom ei leksikologisk undersøking og leksikografi. Vi skal difor sjå kva som ligg i omgrepa. Leksikologi vert i *Ord og ordbøker* definert som "vitenskapen om ordnivået i språket", medan leksikologi er "vitenskapen om tekstsjangeren ordbøker og metodikken for ordboksproduksjon" (Fjeld og Vikør 2008:13f), og "[s]tudiet av ordforrådet i et språk, orddanningsmønster og relasjonen mellom de forskjellige ordene i et betydningssystem regnes som en rent språkvitenskapelig aktivitet kalt leksikologi" (2008: 18).

I *Nordisk leksikografisk ordbok* vert leksikologi definert slik:

forskning og teorier knyttet til et språks ordforråd, særlig betydning og strukturelle egenskaper ved de leksikalske enhetene.

– Leksikologi er en deldisiplin av lingvistikken og kalles også for leksikalsk semantikk. Leksikologisk beskrivelse av et ordforråd danner ofte grunnlaget for den leksikografiske kodifiseringen. (Bergenholtz o.a. 1997:171)

Om leksikografi står dette:

utarbeiding av ordbøker og undersøkelse og utvikling av teorier om ordbøkers tilkomst, egenskaper, formål og bruk.

– Om grensen mellom leksikografi og leksikologi rår det en viss forvirring. *NLO* slutter seg ikke til den oppfatningen at leksikologi er det samme som teoretisk leksikografi, eller at leksikografien er en del av leksikologien. Det er også ulike meninger om hvorvidt leksikografien er en del av lingvistikken; i *NLO* anses ikke leksikografien (men derimot leksikologien) å høre til lingvistikken. (Bergenholtz o.a. 1997:169)

Leksikografi er altså meir enn sjølvne utforminga av ei ordbok; ein treng slett ikkje arbeide som ordboksredaktør for å halde på med leksikografi. For å få dette fram, skil mellom andre

Bo Svensén mellom praktisk og teoretisk leksikografi:

Lexikografi är en verksamhet som går ut på att observera, samla, utvälja, analysera och i en ordbok beskriva ett antal lexikaliska enheter (ord, orddelar och ordförbindelser) tillhörande ett eller flera språk. (...) Denna del av ämnet, utarbetandet av ordböcker, brukas också kallas PRAKTISK LEXIKOGRAFI.

Lexikografi innefattar även undersökning och utveckling av teorier rörande ordböckers tillkomst, egenskaper, ändamål och användning. Denna del av ämnet brukar kallas TEORETISK LEXIKOGRAFI eller METALEXIKOGRAFI. En handbok i lexikografi är en typisk metalexikografisk produkt. (2004: 3)

Svensén er stort sett samd i det som står i *NLO* (han er trass alt medforfattar) i skiljet mellom leksikografi og leksikologi, men han meiner leksikologien står på eigne bein, og dermed ikkje må vurderast som ein lingvistisk deldisiplin. (Med leksikologi forstår han "den vetenskap som ägnar sig åt studiet av ordförrådet, dess struktur och övriga egenskaper. Hit hör i första hand studiet av ordens betydelser och dessas förhållande till varandra (semantiken) men också studiet av de enskilda ordens struktur" (2004: 3f).) Svensén er nøye med å påpeike at leksikologien i stor grad ligg til grunn for leksikografisk arbeid. Eg tykkjer Fjeld og Vikør

formulerer dette fint når dei seier at ein leksikolog ikkje treng å vere leksikograf, men at ingen kan vere leksikograf utan også å vere leksikolog (2008: 19).

Eit anna sentralt punkt når det gjeld leksikografien som disiplin, til dømes i motsetnad til terminologien, er at han i prinsippet skal vere deskriptiv (2008: 19); dette gjeld i høgste grad også i tospråklege bruksordbøker. Ein skal registrere, skildre og dokumentere ordtilfanget, som regel i allmennspråket, og bruken av det. Ein kan ikkje konstruere ord eller vendingar, men må ta utgangspunkt i det ein gjenstand eller eit fenomen normalt vert kalla, og kva folk seier. Dette kan ein til dømes finne ut av i ulike korpus. Dei fleste ordbøker er likevel både deskriptive og normative så lenge dei både har med rettskriving, uttale og bøyning (som gjerne vert framstilt normativt) og på den andre sida framstillinga av tydingar og bruksmåtar (som gjerne er meir deskriptive) (2008: 19). Som redaktør i ei tospråkleg ordbok med to målformer med eit stort spekter av valfrie former som målspråk er eg sjølvsagt medviten om at produktet kan verte forstått normativt, men målet for arbeidet er deskripsjon.

Eg har allereie i innleiinga definert denne oppgåva som teoretisk leksikografi. Det gjer eg fordi eg heile tida har det konkrete arbeidet med *ISLEX* i bakhovudet, og det er det som knyter alt saman. Samstundes er det ei leksikologisk undersøking eg gjennomfører i 3. kapittel (delvis med lingvistiske reiskapar, men ikkje gjennomført), og som eg tek igjen i kapittel 4 – før eg gjennom EKS-metoden prøver å flytte fokuset over på leksikografien igjen. Det er eit poeng at det er ulike disiplinar, men det er vel så viktig at dei heile tida overlappar og utfyller kvarandre, både generelt og i denne oppgåva.

2.3. Ekvivalens

Ekvivalens er eit omgrep som vert definert og kan forståast på ulike vis. I dette delkapittelet vil eg gjere greie for ekvivalens i omsetjingsteorien og leksikografien gjennom å sjå på ulikskapane ved å omsetje ein heil tekst (om ein omsetjar gjer) og eit leksem (som ein leksikograf gjer). Ein omsetjar treng ikkje bruke ord med tilsvarande meining, så lenge versjonen samla sett uttrykkjer det same som originalen. Leksikografar sin jobb er å sjå vekk frå all kontekst; lemma og ekvivalent må ha likt innhald, det semantiske aspektet står heilt sentralt. Likevel er fokuset på funksjon svært viktig å ha med seg når ein som ordboksredaktør skal finne ekvivalentar til bruksdøme, kollokasjonar og ordsamband. Det er ikkje nokon direkte motsetnad mellom leksikografi og omsetjingsarbeid når Lomheim seier at

"versjonen skal altså på den næraste, idiomatiske og likeverdige stilmåten uttrykkja bodskapen i originalen" (1995: 31). I dette utsagnet kan vi kjenne igjen mange av aspekta når det gjeld ordsambandsekvivalens som vi skal gå gjennom i metodekapittelet (3).

Eg har ikkje hatt rom for å gå breitt inn i omsetjingsteorien i denne oppgåva, difor held eg meg til eitt verk av Lomheim. I stor grad brukar eg omsetjingsteorien til å reflektere over ekvivalens i leksikografien. Sidan leksikografi er hovudtema, forhold eg meg til fleire kjelder der.

2.3.1. Ekvivalens i omsetjingsteorien

Ekvivalens eller kommunikativt likeverd i omsetjingar må ein ifølgje Lomheim ikkje blande saman med omgrepsmessig liketyding eller synonymi. I omsetjingsteorien er målestokken på om ein lukkast, om det er skapt kommunikativt likeverd, ikkje om det er gjenskaft språkleg-semantisk likskap. Det er prinsipielt ikkje originalen og versjonen vi skal samanlikne når vi vurderer ekvivalens, men dei to mottakargruppene (sjå 2.1.1. for forklaring av omgrepa). Rettesnora er at dei to mottakargruppene skal ha lik, eller likeverdig, forståing. Ekvivalens er "[d]en næraste naturlege språklege attgjeving i mottakarspråket av den bodskapen (...) som er uttrykt i sendarspråket. Attgjevinga skal vera likeverdig med omsyn til stilnivå og tekstfunksjon" (1995: 74). Bodskapen er ikkje sjølvve teksten, men det som når fram til mottakaren, det som mottakaren opplever (tankar, kjensler, handlingar, ønske). Dersom original og versjon gjev same forståing og oppleving og fungerer på tilsvarande måte i høve til sine respektive mottakarar, er tekstane ekvivalente. Det er godt for ein leksikograf å bli minna om kor avgjerande det alltid er å ha brukarane eller mottakarane fremst i tankane i arbeidet!

I omsetjingsteorien kan ein snakke om to ulike typar av ekvivalens. Den 'ideelle ekvivalensen' tener som rettesnor og mål for omsetjaren. Det handlar om lik reaksjon hos versjonslesar og originallesar og om lik referanse i omverda. Versjonen skal ikkje fortelje verken meir, mindre eller noko anna enn originalen (så lang som nødvendig, så kort som råd). Den 'realiserte ekvivalensen' er alle versjonar av ein original, uansett om dei er gode eller dårlege (1995: 86). Sjølvve todelinga er kanskje ikkje så interessant for ein ordboksredaktør, men definisjonen av ideell ekvivalens oppsummerer godt kva som er viktig også når det gjeld ekvivalens i tospråkleg leksikografi.

Lomheim set fram ei rekkje krav til at ein versjon skal kunne kallast ekvivalent. For det fyrste må det må kome fram av versjonen at originalen har vorte forstått heilt ut, og versjonen må formidle alle sider ved budskapet uansett om det gjeld fakta eller nyansar i ordbruken (Lomheim 1995: 74). Ein måte å gjere dette på i leksikografien, er å dele ekvivalensomgrepet inn i mange aspekt, slik eg til dømes gjer i kapittel 3. Då får ein undersøkt alle sider ved ordet eller uttrykket, og det kjem fram om ein har forstått semantikken, ikonografien, pragmatikken, stilistikken, grammatikken og så vidare – og om ein klarer å gje desse likeverdige uttrykk på mottakerspråket. Samstundes er det tydeleg at Lomheim her skriv om den ideelle ekvivalensen, for i leksikografien er det sjeldan at ein oppnår 'fullekvivalens'; at vi på alle måtar klarer å skape likeverd (sjå Fjeld og Vikør i 2.3.2).

Vidare seier Lomheim at versjonen må liggje tett opp til originalen, men likevel ha ei idiomatisk utforming. Versjonen må formulerast ut frå mottakerspråket sine premissar, og korleis ein til slutt vel å formulere seg, er eit pragmatisk og situasjonsavhengig spørsmål (1995: 73). 'Interferens' – at formuleringar i kjeldespråket smittar over på målspråket, vert ikkje rekna som bra (1995: 79). Med to så nærskylde språk som norsk og islandsk, er det nokre gonger vanskeleg å vite kor nært opp til det islandske ein skal leggje seg i omsetjingane, mellom anna av bruksdømer. Svaret vi får her, er at det er eit poeng å leggje seg nær, men at det aldri må gå utover idiomatikken, den naturlege språkbruken i mottakerspråket.

I ei versjon er det ikkje viktig at alle detaljar hamnar akkurat på same stad som i originalen så lenge heilskapsinntrykket vert likeverdig. 'Kompensering' inneber at ein erstattar tap av språklege effektar ein stad i teksten ved å plassere tilsvarende effektar ein annan stad i teksten (1995: 90). Dersom originalen ikkje er eintydig, må ein passe på at også versjonen vert tvitydig – ein må ikkje presisere eller forklare i forhold til originalen. Når det gjeld kompensering har ein mindre spelerom for det i ei ordbok, der ein arbeider med mindre einingar, enn i ein lenger tekst. På den andre sida har ein i ordboka høve til å oppgje fleire ekvivalentar som til saman dekkjer tydinga, gje forklaringar eller kommentarar for å avgrense bruken eller å setje på diasystematiske markeringar (sjå 2.3.2.). Dette er tydelege forskjellar på dei to fagfelta.

Eit interessant poeng kjem fram i det Lomheim skriv om bibelomsetjingar – det forklarar kvifor ei omsetjing ikkje er endeleg og optimal for all tid, men at ekvivalens er situasjonsavhengig. "Målet for all omsetjing vert etter dette å finna språklege uttrykk som i

ein gjeven samanheng fungerer på same vis som det ein meiner det originale uttrykket fungerte i sin gjevne samanheng" (1995: 73). På den måten kan ein forsvare at ein omset eit ordsamband frå landnåmsmennene på Island som skulle reklamere for det nye heimlandet sitt: <hér> *drýpur smjör af hverju strái* med det bibelske <her> *fløymer det av mjólk og honning*. Det kjennest ugreitt å blande vikingar og 2. Mosebok, men dei to uttrykka tener same funksjon når det kjem til å skildre velstand.

Ofte må ein gjere slike relativt store utskiftingar i versjonen i forhold til originalen og "[d]ei fleste døma på slike drastiske endringar av det logiske og bokstavelege finn me ikkje uventa når det er tale om å omsetja ståande uttrykk" (1995: 99). *He was led up the garden path* kan ikkje omsetjast med 'han ble geleidet opp havegangen', men til dømes med ei formulering som *han vart lurt opp i stry*. Når ein slit med å finne eit likeverdig uttrykk og utskifting ikkje er noko alternativ, kan 'eksplikasjon' eller forklarande omsetjing vere løysinga. Det vil oftast vere slik at ein versjon i større eller mindre grad må vere eksplikativ i forhold til originalen for å halde budskapet og informasjonsmengda mest mogeleg konstant (1995: 90). Dersom det er små språklege og kulturelle skilnader mellom lesar av versjon og lesar av original, vert behovet for eksplikasjon lite. Er det store skilnader, vert også behovet for eksplikasjon meir merkbart. Med andre ord skulle vi ikkje ha store behovet for eksplikasjon i den islandsk-norske delen av *ISLEX*, og vi har også eit mål om å oppgje ekvivalentar til alle ordsamband heller enn å forklare dei.

I versjonar gjer forståingsfeilar større skade enn formuleringsfeilar. "Ingen feilar eller lyte er verre enn slike som bidreg til å endra meiningsinnhaldet" (Lomheim 1995: 82). Ei rangering i fem punkt av dei mest alvorlege omsetjingsfeila til dei minst alvorlege er: informasjonstap, manglande forståing, interferens mellom SL (kjeldespråk) og TL (målspråk), ukorrekt nivå og feil i bruken av målspråket (1995: 84). Utan at eg har sett ei tilsvarande liste for tospråkleg leksikografi, vil eg tru at ein har nokolunde dei same prioriteringane der.

Vansken er at ekvivalens alltid vil vere eit omgrep som "byggjer på personleg skjønn og innleving" (1995:72). Dessverre har Lomheim rett i det, sjølv om ein går så grundig til verks som eg til dømes gjer i kapittel 3, vil det alltid vere ei vurderingssak kva som er akseptabelt og brukarvennleg.

2.3.2. Ekvivalens i leksikografien

'Ekvivalens' er eit kjerneomgrep i tospråkleg leksikografi. Det vert i *NLO* definert som "[s]emantisk og funksjonsmessig overensstemmelse mellom ord eller uttrykk i to eller flere språk" (Bergenholtz o.a. 1997:106). Det dreier seg om relasjonen mellom ei kjeldespråkleg leksikalsk eining og det innhalds- og funksjonsmessige motsvaret i målspråket. Sagt på ein annan måte er ekvivalens i leksikografisk forstand synonymi på tvers av språk (Fjeld og Vikør 2008:202). Desse definisjonane av leksikografisk ekvivalens seier eigentleg det motsette av Lomheim sin frå omsetjingsteorien. Når ein omset ein tekst, må ein tenkje på han som heilskap. Det er budskapet som skal gjevast att så naturleg som mogeleg så han seier det same for ein målspråksbrukar som for ein kjeldespråksbrukar, ikkje semantikken i enkeltord. Det krev av og til at omsetjaren må velje andre ord enn dei som er gjevne opp som ekvivalentar i ei ordbok, for å kunne gjengje både stilnivå, allusjonar og så vidare.

I leksikografien skal dei leksikalske einingane – enkeltleksema – omsetjast, eller forsynast med ekvivalent i målspråket, utan omsyn til kontekst. Da må ein sjå på ordet i isolasjon og sjå kva det refererer til, og så finne ordet i det andre språket som har nett same referansen. (Fjeld og Vikør 2008:202)

Eg vil meine at det å finne ekvivalentar til ordsamband har litt av begge retningane i seg, då må ein ha med både semantikk og budskap, som det tydeleg går fram seinare i denne oppgåva.

Det varierer i kor stor grad det er samsvar mellom enkelte ord og uttrykk i to (eller fleire) språk ut frå forskjellar i omgrepsstruktur og tydingsomfang. Eg vil nytte omgrepa 'fullekvivalens', 'delekvivalens' og 'nullekvivalens', og difor er det desse tre, av fleire moglege, eg går gjennom i dette delkapitlet.

Fullekvivalens

Som eg var inne på i 2.3.1. er det sjeldnare enn ein skulle tru at ein kan snakke om fullekvivalens i allmennspråket. Grunnen er at ord oftast ikkje har nøyaktig like referentar i to ulike språk; det førekjem berre dersom dei er fast definerte og har ein avgrensa referent i verda som er relativt nøytral. Fullekvivalens krev også at konnotasjonane, assosiasjonane og kjensleinnhaldet må vere like (Fjeld og Vikør 2008: 203).

I *NLO* skriv dei dette om omgrepet:

Fullekvivalens, der det foreligger en fullstendig overensstemmelse uten noen denotative eller konnotative skilnader, viser seg å være forholdsvis sjelden i allmennspråket. En slik relasjon er likevel karakteristisk for mange tekniske og fagspesifikke ord, f.eks. plante- og dyrenavn. Fullekvivalens vil i mange tilfeller gjelde en relasjon mellom en polysem leksikalsk enhet i kildepråket og ulike ekvivalenter i målpråket som svarer til de respektive delbetydninger. Et monosemt kildeord kan også vise fullekvalens overfor en bestemt delbetydning av målordet. (Bergenholtz o.a. 1997:106)

I arbeidet med *ISLEX* har vi ofte sett dette tydeleg sjølv for to så nærskylde språk som islandsk og norsk. Sjølv om eg ikkje systematisk har undersøkt det, har eg ei kjensle av at dette vert aktualisert ved dei ulike tradisjonane i høve til nyord vi har i islandsk og norsk. Islendingane har ein stolt tradisjon med å skape eigne nyord der vi i norsk i mykje større grad har akseptert lånord – sjølv om vi i større grad har gjeve desse ein "heimleg" skrivemåte enn dei har gjort i svensk og dansk. Dei islandske avløyserorda er ofte produktive på ein heilt annan måte enn lånorda våre, og dermed må vi ofte til med fleire ekvivalentar for å dekkje tydinga. Når det gjeld ordsamband, skal vi sjå døme på i kapittel 3 og 4 at sjølv om to uttrykk har nøyaktig same opphav, skal det lite til før bruken utviklar seg litt eller svært ulikt i to land, og difor kan dei gå frå å vere nærast fullekvalente til nullekvalente i dei same språka.

Delekvalens

Meir vanleg enn fullekvalens er det at ord kan ha tilnærma same referantar – og difor kan seiast å vere delekvalentar eller partielt ekvivalente. "Mellom ord og uttrykk som hører til det allmenne ordforrådet, vil det ofte foreligge partiell ekvivalens, slik at kildeord og målord bare delvis motsvarer hverandre. Det kan f.eks. henge sammen med ulike begrepsrelasjoner eller en konnotativ skilnad" (Bergenholtz o.a. 1997:106).

Mange ord er fleirtydige, og det er heilt vanleg at fleirtydigheita er ulik i dei ulike språka. For det fyrste kan det eine språket ha eitt omgrep der det andre har to. For det andre kan det eine språket ha eitt ord for eit tydingsomfang der det andre har to, og for det tredje er homonymi i eitt språk utan motsvar i den andre også vanleg. I tillegg kjem det at stilistiske assosiasjonar kan vere ulike i to språk, og det kan vere vanskeleg, for ikkje å seie umogeleg, å gje att særeigne kulturelle konnotasjonar til eit ord i eitt språk på eit anna (Fjeld og Vikør 2008: 202). Når det gjeld det siste punktet, kan eg tilføye at eit ord eller ordsamband sjølv sagt kan ha andre konnotasjonar på målpråket enn kjeldespråket, sjølv om dei har same opphav. Det er mellom anna dette som gjer at vi i ulik grad kjenner trong til å markere at nokre ordsamband har bibelsk opphav i dei ulike språksamfunna som er med i *ISLEX*. Som vi såg i avsnitt 2.1.3,

er det ulikt i dei aktuelle språka i kva grad ein opplever forma på uttrykka som så særprega at ein får ei kjensle av kvar dei kjem frå.

Nullekvivalens

Ein kan seie at motstykket til fullekvalens er nullekvivalens. Tidlegare i oppgåva (i avsnitt 1.5.1) har eg nemnt at ein kan kalle dette 'høl mellom språka', ein annan term er 'ekvivalenstomrom'. I *NLO* står det at "[r]elasjonen mellom kildespråk og målspråk kan også realiseres som nullekvivalens, nemlig når målspråket ikkje viser noen motsvarigheter til kildeordet. En slik relasjon er spesielt karakteristisk innanfor det kulturspesifikke området" (Bergenholtz o.a. 1997:106).

Fjeld og Vikør skil mellom *leksikalsk* og *kulturbasert* nullekvivalens:

Leksikalsk nullekvivalens kjem av det vi kan kalle ein leksikalsk lakune i det eine språket, det vil seie at språket manglar eit leksem det i og for seg kunne ha hatt. (...) *Kulturbasert nullekvivalens* vil seie at eit ord og eit begrep som er knytt til ein bestemt kultur (eller samfunnsmessige eller naturlege forhold i eit visst land) manglar ekvivalent i eit anna språk der kulturen er ulik på dette punktet. (2008: 210)

I motsetnad til mellom andre Farø (2004: 90f), meiner Fjeld og Vikør at kulturbasert nullekvivalens er eit svært vanleg fenomen, sjølv i nærskyldte språksamfunn. Dette kan ein løyse ved å konstruere eit *ekvivalenssurrogat* som gjev målspråksbrukaren eit inntrykk av kva kjeldespråksbrukaren meiner. Til dømes kunne ein i ei norsk-engelsk ordbok med britar som målgruppe, omsett *vinmonopol* med *wine monopoly* – sjølv om det ikkje er eit kjent fenomen i Storbritannia. Scholze-Stubenrecht avviser bruk av slike ekvivalenssurrogat, eller "Pseudoäquivalente" som han kallar dei, fordi dei verken sikrar forståing eller tilfredsstillar kravet om idiomatiske ordboksekvivalentar (1995: 4). Eventuelt kan ein nytte ein såkalla *kulturell ekvivalent*, der ein finn eit ord for eit liknande omgrep frå eigen kultur. Den siste måten er å lage ein *parafraseekvivalent* eller forklaringsekvivalent der ein definerer eller forklarar ordet på målspråket. Denne vil gjerne få eit meir ensyklopedisk preg.

I avsnittet over såg vi at ein i omsetjingsteorien kallar dette 'eksplikasjon' eller forklarande omsetjing. Av og til er det ikkje til å unngå, særleg om ein av kulturelle årsaker ikkje har nokon likeverdig referent. Som tidlegare sagt, meiner vi at Island og Noreg er så pass nære kulturelt sett at vi normalt bør kunne finne ekvivalentar, sjølv om det innebær at vi kanskje må oppgje fleire for at omsetjinga skal vere mest mogeleg dekkjande. Brukaromsynet, særleg til brukaren som skal produsere tekst, gjer også at det er viktig å strekkje seg langt for å finne akseptable løysingar. Faren med å velje ordsambandsekvivalentar som ikkje er dekkjande nok

i staden for å gje eksplikasjonar eller parafraseekvivalentar, er at vi fører brukaren på ville vegar og at han kan bruke dei i kontekstar der dei ikkje fungerer.

Ved å drøfte ekvivalensomgrepet i omsetjingsteorien og i ulike leksikografiske verk håpar eg å ha fått fram både ulike måtar å bruke omgrepet på, ulike nivå av ekvivalens og ulike måtar å oppnå det på. Omgrepet vert også grundig drøfta i djupdykket (kapittel 3) som er ei ekvivalensutgreiing med utgangspunkt i eit konkret døme frå *ISLEX*. Også i kapittel 4 er ekvivalens kjernen i undersøkinga.

2.4. Ordsamband

Teori om og forskning på ulike typar faste eller fikserte uttrykk viser at dette er eit område med svært varierende bruk av omgrep. Det er ikkje noko mål i denne oppgåva å gjere greie for alle dei ulike retningane og definisjonane, men å finne definisjonar som er klargjerande og relevante i forhold til både dei to språka eg har arbeidd med, og prosjektet mitt totalt sett. Eg må velje kva for nokre omgrep eg vil bruke og definere kva eg legg i dei.

2.4.1. Ordsamband versus kollokasjonar

I *ISLEX* vert det skilt mellom kollokasjon definert som uttrykk med konkret tyding og ordsamband som uttrykk med overført tyding. I samsvar med dette må eg sortere kva som er kollokasjon og kva som er ordsamband i det norske kjeldematerialet mitt, sjølv om vi i den vidare gjennomgangen av teoriar skal sjå at definisjonane over er noko forenkla.

I forhold til det praktiske arbeidet i *ISLEX* er det naturleg å leggje størst vekt på kva leksikografisk teori seier om ordsamband. Mykje av omsetjingsarbeidet i bergensredaksjonen har basert seg på Bo Svensén si *Handbok i lexikografi*, og eg tek difor utgangspunkt i det ho seier om omsetjing ordsamband. Han lister opp fire undergrupper av ordsamband som han seier vanlegvis ikkje vert gjorde nokon skilnad på i ordbøker:

- 1) idiom, definisjonen han gjev av desse går eg grundigare inn på seinare
- 2) rutineformlar, ofte brukte formuleringar som vi brukar som hjelpemiddel i kommunikasjonssituasjonar (til dømes *hei, seier du det?, unnskyld (meg) og vent litt!*)
- 3) samanlikningar, faste uttrykk som inneheld *som* eller *liksom*: *som hund og katt*

4) ordspråk, så godt som heilt faste formuleringar som skal uttrykkje visse vurderingar av allmennmenneskeleg slag: *morgonstund har gull i munn* (2004: 244)

Denne inndelinga har vore klargjerande i arbeidet med det norske kjeldematerialet, og eg kjenner igjen dei ulike typane frå eige arbeid med *ISLEX*. Det er viktig å leggje merke til at kollokasjonar ikkje er ein type ordsamband i denne lista, som dermed støttar opp under den linja ein har valt å leggje seg på i *ISLEX*. At dette skiljet ikkje er gjennomført andre stader i boka til Svensén, viser berre at dette er eit svært uoversiktleg felt; til dømes seier han på s. 10: ”Sådana regelbundet återkommande ordforbindelser kallas ofta KOLLOKATIONER”. Eg vel å rekne berre dei fire kategoriane over som ordsamband og held kollokasjonar utanfor.

Av dei fire er det kategori to, rutineformlar, som er den mest problematiske, fordi det i praksis kan vere vanskeleg å skilje dei frå kollokasjonar. Kriteriet må vere å sjekke om uttrykket er relatert til ”realisert språkbruk”, altså om det har ein kommunikativ funksjon i bestemte talesituasjonar (Bergenholtz o.a. 1997: 226). Dersom det har det, er det ein rutineformel, og dermed eit ordsamband. Likevel tykkjer eg at rutineformlane er svært annleis enn dei andre tre og i tillegg irrelevante i forhold til materialet mitt, trass alt er dei heilt transparente og vert ikkje brukte i overført tyding. Difor meiner eg i praksis idiom, samanlikningar og ordtak når eg snakkar om ordsamband, men vidare skal vi sjå at det langt frå alltid vert brukt slik.

2.4.2. Ordsamband versus idiom

Eit slående trekk ved litteraturen som handlar om idiom, er kor ulike oppfatningar og definisjonar der er av omgrepet. Louise With viser i masteroppgåva si til at korleis ein definerer idiom, mellom anna heng saman med kvar du høyrer til språkgeografisk, og den grammatiske ståstaden din (With 2007: 15). Ho eksemplifiserer dette med å vise til ulik praksis i engelskspråklege vs. tyskspråklege land.

Fjeld og Vikør har ein lettfatteleg definisjon av idiom som er grei å ta utgangspunkt i: Idiom opptre langt på veg som sjølvstendige einingar i språket, uavhengig av dei orda dei består av, i motsetnad til kollokasjonar, som er gjennomsiktige (2008: 224). 'Ordsamband' brukar dei i vid tyding både om gjennomsiktige og ikkje-gjennomsiktige uttrykk.

I *NLO* vert eit idiom definert som ”en fast ordforbindelse som utgjør en semantisk helhet uten

at den svarer til summen av de betydninger som ligger i de enkelte delene” (Bergenholtz o.a. 1997: 226). Vidare står der at det er karakteristisk for idioma at dei har ei meir eller mindre overført tyding i forhold til det kombinasjonen av ord gjev uttrykk for. Dette kan ha samanheng med ein historisk prosess der eit opphavleg uttrykk, ofte med eit konkret innhald, over tid har fått ein meir metaforisk karakter og dermed ei meir abstrakt tyding. Eit resultat av at moderne språkbrukarar gjerne ikkje kjenner samanhengen mellom opphavleg tyding og kombinasjonen, er at også forma kan verte utsett for endringar. Samanhengen mellom kombinasjon og tyding kan gå heilt tapt, eller det kan oppstå ei ny tyding ved at enkelte delar av kombinasjonen vert forståtte på ein ny måte, sette i samanheng med nye ord.

NLO brukar i nokre tilfelle ordet *ordsamband* som eit synonym til *idiom*: ”Et typisk idiom, som *trampe i klaveret*, utgjør en ganske fast formell enhet. Men til en viss grad kan enkelte deler av ordforbindelsen være utskiftbar” (Bergenholtz o.a. 1997: 140). Ordsamband vert der definert som ein ”syntagmatisk forbindelse av minst to graford som hyppig forekommer som en mer eller mindre konstant syntaktisk enhet” (1997: 226). I vidaste meining kan ein forstå 'ordsamband' som ein "vilken som helst kombination av två eller flera ord som är i någon mening lexikaliskt interessant" (Bergenholtz og Malmgren 2009: 1), men i praksis held ein seg også i *LexicoNordica* 16-2009 til firedelinga skissert av Svensén i førre avsnitt.

Ordsamband er eit vidt og ueinsarta omgrep som saknar ein klar definisjon i leksikografisk praksis. *NLO* set opp tre ulike kriterium for å vurdere omfang og karakter på omgrepet:

- 1) Tyding. Ein kan sjå på skiljelinja mellom det ordsambandet tyder, og tydinga til dei orda som inngår i det. ”Her har man på den ene siden kollokasjoner, der betydningen av ordforbindelsen som helhet er en kombinasjon av betydningen av de enkelte ord, og på den andre siden idiommer, der betydningen ikke svarer til en semantisk kombinasjon av de enkelte ledd” (1997: 226).
- 2) Konvensjonalisering. Er det ei fast og uforanderleg leksikalsk eining, eller tillèt det ein viss grad av variasjon? Ytterpunkta er opne kollokasjonar og heilt faste ordsamband. Eg vel ofte 'fiksert' om ordsamband, med same innhald.
- 3) Syntagmatisk status. Dreiar det seg om eit syntagma (kollokasjon eller idiom), eller er det ei heil setning? I ordbokssamanheng er dei fleste ordsamband syntagmer, men ordtak kan ofte vere ei heil setning.

Det er verd å merke seg at i alle tre variantane over vert kollokasjonar brukt som eksempel på

ordsamband. Noko av forklaringa på den ulike praksisen – om ein ser på kollokasjon som ordsamband (som i *NLO*) eller ikkje (som i *ISLEX*) – må vere at ein vurderer dei tre kriteria ulikt i alle fall når det gjeld opne kollokasjonar. Av praktiske årsaker vel eg å følgje *ISLEX* sin praksis, ikkje minst fordi det også korresponderer med Svensén og eg tykkjer det fungerer greitt.

Det ligg i ordet *ordsamband* at det alltid består av fleire ord, og at det er *fast*, burde ifølgje Svensén i prinsippet tyde at det er uforanderleg (2004: 240). Når det viser seg at dette ikkje alltid er tilfelle, har det dels grammatikalske og dels leksikalske årsaker. Eit eksempel på dette ser vi i *ISLEX* i dei to idiomata *fá <þetta> á heilann* 'få <det> på hjernen' og *vera með <þetta> á heilanum* 'ha <det> på hjernen'. På islandsk er det her eit grammatisk skilje på kollokasjonen 'på hjernen' som har med kasus å gjere; i den fyrste setninga står substantivet *á heilann* (med etterhengd bunden artikkel) i akkusativ, medan preposisjonen *með* i det andre eksempelet *vera með <þetta> á heilanum* styrer dativ. Preposisjonen *með* kan styre både akkusativ og dativ, men saman med verbet *vera* styrer det dativ fordi det representerer noko statisk (Práinsson 1995:245). Desse sidene ved ordsamband vert i kapittel 3 og 4 gjennomgått under *grammatisk ekvivalens*.

Der er også ein leksikografisk skilnad mellom *á fá* og *á ha noko på hjernen*. Om dette seier Svensén at "[d]en lexikaliska variationen hos ett idiom har som bas synonymin, dvs. hela uttryckets betydelse skall i princip förbli oförendrad om någon del av det varieras" (2004: 240). Eit eksempel på dette er *á leggja hovudet/hjernen i bløyt*, der er det snakk om to nærskylde ord, og det har ikkje noko å seie om ein å vel å bruke *hovud* eller *hjerne*, tydinga er den same. I andre idiom treng ikkje orda ein kan skifte ut å ha same eller liknande tyding (som i *burn one's bridges/boats*) – sjølv om det oftast er tilfelle. Dette er den andre typen leksikografisk variasjon. Ein tredje type er at ein kan leggje til eller ta vekk ord utan at det får konsekvensar for tydinga, slik som i det engelske uttrykket *wash one's [dirty] linen [in public]*. I tospråkleg leksikografi må vi (jf. til dømes Lomheim og Farø) vere opptekne av funksjonen til eit uttrykk, ikkje forma. Dette vert vidare handsama i samband med *semantisk og pragmatisk ekvivalens*.

Svensén peikar også på eit anna aspekt som skil idiom frå frie kombinasjonar og kollokasjonar, nemleg det metaforiske. Det at ein ikkje kan forstå eit idiom ut frå enkeltkomponentane i uttrykket, heng saman med at ein samla sett må forstå idiomet

metaforisk. Ein får ikkje nye, gode idear av å bokstaveleg leggje hovudet i bløyt. Det er vanleg å skilje mellom 'heilidiom', der alle orda i idiomet har ei overført tyding (*slå ut barnet med badevatnet*), og 'halvidiom', der ein iallfall kan forstå delar av uttrykket direkte fordi ein eller fleire av komponentane har sitt vanlege innhald (*love gull og grønne skogar*) (2004: 242). Dette viser nok ein gong kor vanskeleg det er å streke opp ei klar grense mellom idiom på den eine sida og kollokasjonar og mindre faste ordsamband på den andre.

2.5. Ulikskapar mellom målformene

Som eg har vore innom tidlegare, er der nokre skilje mellom bokmål og nynorsk som gjer ein del av artikkane i *ISLEX* krevjande å omsetje. Det er verken trong eller rom for å greie ut om alle skilnader her, men det er to punkt eg vil gripe fatt i av den grunn at dei går igjen i dei aller fleste døma eg skal gå gjennom i kapittel 4: genitiv og ordtilfang. Mykje av det eg kjem innom her, kan vere heilt sjølvsgatt for ein språkinteressert nordmann, men samstundes er det truleg at denne oppgåva kan få lesarar frå andre nordiske land, og då er dette eit nyttig bakteppe for å forstå problemstillingane. Fordi eg opplever at ekvivalensutfordringane er størst når vi skal finne nynorske ordsamband, får dette kapittelet i hovudsak eit nynorsk perspektiv. Eg vil likevel dra linjer til bokmål der det er relevant. Språknormerarar er ofte ikkje einige om kva som er rett og godt språk, så eg gjer eit forsøk på å gå gjennom forskjellige tilnærmingar for å finne noko eg kan kalle ei *ISLEX*-plattform når det gjeld genitiv og ordtilfang.

Generelt kan ein seie at noko av motivasjonen for nynorsk som skriftspråk er og har vore at det skal liggje tett på talemålet og målføra. Ein skal tenkje på korleis ein ville ordleggje seg i naturleg tale, og så rette seg etter det i skrift. "Dette har vore til språkleg vinning og skapt ein enkel og grei og folkeleg nynorsk normalstil" (Almenningen 2006: 39). Eit anna aspekt er at nynorsk som eit yngre språk enn bokmål er mindre merkt og bunde av latin- og tyskprega stil (trass i påverknaden frå bokmål), og det er viktig i forhold til idiomatikken.

2.5.1. Genitiv

Bruken av *s*-genitiv har vore eit viktig skilje mellom målformene, og for mange nynorsktilhengjarar også ein kjepphest. På grunn av at ein ofte uttrykkjer eigedomstilhøve på andre måtar i dei norske målføra, i tillegg til at *s*-genitiven ofte fører med seg substantivisk og

tung målføring, har svært mange nynorskbrukarar vore skeptiske og atterhaldne når det gjeld å sleppe han til i skrift. Likevel har bruken auka dei seinare åra (Almenningen 2006: 42). Som vi skal sjå, er alle kjeldene eg brukar i dette delkapitlet einige om at begge genitivsvariantane (*s*-genitiv og garpegenitiv med *sin*) er jamgode med omskrivingar i visse tilfelle i nynorsk skrift i dag.

Sjølv om eg har til gode å sjå nokon kjempe garpegenitiven si sak, vert det innrømt at han er på frammarsj både i skrift og tale over heile landet. Garpegenitiv har tradisjonelt ikkje vore rekna som god norsk verken i bokmål eller nynorsk. Fenomenet kom inn i språket vårt via dei tyske hanseatane på Bryggen i Bergen; *garpar* var eit utnamn på desse kjøpmennene. Bruken oppstod fyrst i byane, men spreidde seg til dialektene i distrikta. I nynorsk har ein i større grad enn i bokmål godteke garpegenitiv, fordi ein har rekna han som eit betre alternativ enn den vanlege *s*-genitiven som vert forbunde med dansk. Professor emeritus Arnold Dalen ved NTNU fortel i eit intervju i *BTMagasinet* 27.03.10 at ein truleg kan forklare den auka bruken av garpegenitiv med at mange opplever han som formålstenleg. I dag er dette eit fenomen ein kan observere rundt heile Nordsjøen, både i tysk, nederlandsk og skotsk, og utviklinga kan ha samanheng med kasusoppløysinga som går føre seg i fleire språk. Han peikar til slutt på at også i nynorsk held *s*-genitiven på å bli godt akseptert (Nergård 2010).

Olav T. Beito skriv i *Nynorsk grammatikk* at *s*-genitiven alt i gammalnorsken utvida området sitt, og at han no er den einaste genitivforma igjen i dei skandinaviske språka. I svensk og dansk har *s*-genitiven ein større plass enn i bokmål og særleg nynorsk (1986: 194). Olav Næs skriv at i norsk (både i bokmål og nynorsk) konkurrerer *s*-genitiv med preposisjonsuttrykk (1972: 333). Bruken av *s*-genitiv har ein sterkare posisjon i litterært språk enn i talemål og normalprosa, men det ikkje er noko skarpt skilje (1972: 334). Elles ser det ut til at dei norske målformene har nærma seg kvarandre også når det gjeld genitiv. På nynorsk er det aukande aksept både for garpe- og *s*-genitiv (jf. Dalen i førre avsnitt), og på bokmål er det ein aukande tendens til å føretrekkje preposisjonsledd framføre genitivsuttrykk (Næs 1972) – i tillegg til å bruke garpegenitiv.

Meir enn i dei andre nordiske språka brukar ein i nynorsk tradisjonelt omskrivingar og samansetjingar for å uttrykke genitiv. Ivar Aasen meinte at det i daglegtale "er likt til at ein ikkje kjenner særleg trong til genitiv; for der er genitivformer lite i bruk, og ein greier seg i staden med omskrivingar" (gjeve att av Beito 1986: 195). Andre, t.d. Liestøl, spør kvifor det

skal setjast strenge grenser for denne kavnorske målbruken, som er nedarva frå gammalnorsk, råder i folkevisene og er heilt nødvendig i nynorsk skriftspråk (gjeve att av Næs 1972: 335). Eg vil også påstå at mange moderne nynorskbrukarar som vil unngå genitiv i skrift, likevel brukar det i tale, særleg når det kjem til faste vendingar.

Olaf Almenningen skriv i *Innføring i nynorsk for høgare utdanning* at vi i tillegg til *s*-genitiv uttrykkjer eigedomstilhøve med preposisjon (*boka til presten, ordføraren i bygda*), med garpegenitiv (*kven si bok er dette? På andre sine vegner*), med pronomen⁴ (*jakka hans bestefar, Målet hennar mor*), samanskriving (*fjelltoppen* i staden for *fjellets topp*) og omskriving med heil setning. I nokre tilfelle vert det rekna som akseptabelt å bruke *s*-genitiv etter "til" (*til bords*) og ved dei ubundne pronomena⁵ *annan* og *andre* (*andres saker, ein annans mistak*) (2006: 43f).

Språkrådet gjev ut eit nyhendebrev kalla *Informasjon frå språktenesta for statsorgan*. I nr. 4 frå 2008 går dei gjennom når det er greitt å bruke *s*-genitiv i nynorsk. På same måte som dei andre kjeldene eg diskuterer her, peikar Språkrådet på at norske dialektar ofte brukar preposisjonar, samansetjingar eller små setningar (t.d. *slik borna ser det* i staden for *frå bornas synsstad*) for å vise eigdomsforhold. Det er fyrst når slike alternativ manglar, at vi treng *s*-genitiv. Dei meiner at garpegenitiv sjeldan er betre enn *s*-genitiv; unntaket er framføre *eigen* (Språkrådet 2008). Med andre ord er det semje om at ein skal vere varsam med å bruke *s*-genitiv på nynorsk, men dei ulike kjeldene skil seg frå kvarandre når dei beskriv i kva tilfelle og omfang dei meiner det er greitt å bruke han. I tillegg er det viktig å ha med seg Dalen si deskriptive stadfesting av at garpegenitiven er på frammarsj, der fleire av dei andre kjeldene seier preskriptivt at dette ikkje er god norsk. Vidare i dette delkapitlet skal vi sjå på dei sidene ved bruk av genitiv som er viktige i forhold til ordsambanda som vert drøfta i kapittel 3 og 4.

Genitiv ved eigdomsforhold eller særnamn?

Ein tommelfingerregel er at ein på nynorsk brukar genitivsformene for å uttrykkje eit eigdomsforhold; ein kan seie at genitiv er ei eigeform (Sandøy, pers. komm 2010). Etter denne regelen kan ein berre bruke genitivsmerket dersom referenten til substantivet har ein

⁴ Almenningen kallar *hans* og *hennar* for pronomen; etter den nye ordklasseinndelinga vert dei kalla possessive determinativ.

⁵ Han kallar *annan* og *andre* for ubundne pronomen, dei vert i dag kalla demonstrative determinativ.

eigar; det er dermed akseptabelt å seie *Pers hotell*, men ikkje *hotellets framside*. Beito har ein litt vidare definisjon og skriv at eigedomsgenitiv "merkjer av eigar og i vidare meining opphav eller den (det) som noko høyrer til eller saman med. (...) [D]et er ved ord for personar, særnamn og appellativ med funksjon som særnamn at vi i nyno. kan ha *s*-genitiv til vanleg" (1986: 196). Dermed er formuleringar som *Vinjes skrifter* og *djevelens makt* akseptable sjølv om det ikkje er tale om eigedom i eigentleg forstand. Om ein ser på fyrste delen av regelen til Beito, der det kjem fram at ein kan bruke genitiv om referenten til substantivet høyrer til eller saman med referenten til genitiven, skulle ein vente at *hotellets framside* var greitt likevel.

Språkrådet står for ei relativt liberal linje og skriv at ein ikkje må vere redd for *s*-genitiven i nynorsk. Til dømes får særnamn gjerne *s*-genitiv, slik som *Noregs Bank* (Språkrådet 2008). Det vil vere stor grad av overlapping mellom regelen om at *s*-genitiven på nynorsk berre bør nyttast ved eigedomsforhold, og regelen om at han kan brukast ved særnamn – fordi eigarar ofte er personar som vi nemner ved namn. Men eigedomsuttrykka utgjer fleire tilfelle, så formuleringar som *politiets utrykkingskøyrety* og *konsernsjefens båt* vert i så fall rekna som akseptable. På den andre sida utelukkar den regelen frasar som *kong Olavs tale*. I *ISLEX* har vi halde oss til eigedomsprinsippet, sjølv om vi i praksis oftast vil føretrekkje å skrive om (t.d. med eit preposisjonsuttrykk: *båten til konsernsjefen* eller at det potensielle genitivsleddet vert plassert i ei relativsetning: *tala (som) kong Olav heldt*).

Genitiv berre ved ubundne former?

Somme forfattarar meiner det er skilnad mellom substantiv i ubunden og bunden form når det gjeld kor akseptabel *s*-genitiven er. Aasen sa at det med få unntak er ubundne former som vert nytta (slik at ein til dømes kan seie *folks tryggleik*, men ikkje *folkets tryggleik*) (Beito 1986: 195). Beito seier same stad at det er "allstad dei ubundne genitivformene på *-s* som er mest nytta, og i samsvar med opphavet har dei størst frekvens i hankjønn og inkjekjønn eintal." Språkrådet skriv at det er lang tradisjon for å bruke *s*-genitiv ved substantiv i ubunden form (*eit barns* og *borns synsstad*, men ikkje *barnets* eller *bornas synsstad*). Råda deira ser ut til å byggje på same prinsippa som dei Almenningen gjev i innføringsboka si, men han går litt lenger og aksepterer genitiv

"- [v]ed hankjønnssubstantiv i bunden form, særleg ved personnemningar og i meir eller mindre faste vendingar, som t.d. *statens lønnsregulativ*, *fiskarens levevilkår*, *naturens orden*, *kjærleikens stigar*, *kongens karar*, *i islams namn*, *dagens tekst*, *kunnskapens tre*, *nådens kraft*, *tankens stål* (Vinje) o.l. Ved hokjønn- og inkjekjønnord plar vi helst skrive om med preposisjon eller finne andre utvegar, slik at vi seier *liljene på marka* istf. *markas liljer*. (Almenningen 2006: 43)

Etter denne regelen skal altså hankjønnsforma *nasjonens sjølvstende* vere ei betre formulering enn inkjekjønnsforma *landets sjølvstende*, men det må eg innrømme at eg personleg ikkje har noka kjensle av.

Faste uttrykk

Skuleregelen etter Aasen var at ein i hovudsak brukar *s*-genitiv i faste ordelag (Beito 1986: 195). Språkrådet slår også fast at det er i orden å bruke *s*-genitiv ved faste uttrykk som *i manns minne* (Språkrådet 2008).

Den stivna genitivsforma *-sens* finn vi oftast i faste samband. Døme på dette er *havsens botn*, *dødsens alvor* og *heimsens frelsar*. Slike former kan ein bruke i poetiske tekstar, men ikkje i vanleg prosa. Dette er aktuelt i forhold til ordsambandet som vert diskutert i kapittel 3.

Almenningen peikar på at når ein brukar *s*-genitiv i ubunden form, er det ofte snakk om i uttrykk: *i manns minne*, *kvinnens liv*, *mann er manns gaman*, *folks lagnad* (2006: 42). Også hankjønns substantiv i bunden form (som *naturens orden* og *dagens tekst*) ser oftast ut til å kunne ta *s*-genitiv om dei står til personnemningar eller er ein del av meir eller mindre faste vendingar.

Almenningen meiner at uttrykk som *ein månads arbeid*, *fire mils veg*, *fleire timars marsj* er akseptable (2006: 42). Dette handlar om at ein kan bruke genitiv for å lage beskrivande adjektiv, særleg i nemningar for tid og mål. Ein kan sjølvstund diskutere om dette faste uttrykk, eg vil tru at mange slike konstruksjonar ofte vil vere meir eller mindre fikserte – slik at vi kan kalle dei kollokasjonar.

Stilnivå

Fleire er einige i at det er ulikt etter stilnivå om ein vil akseptere *s*-genitiv. Nynorskforfattarar frå alle landsdelar brukar *s*-genitiv, særleg i ubunden form eintal av hankjønn og inkjekjønn. Dette gjeld mest i poetisk stil og i høgprosa, mindre i folkeleg stil. I normalprosa vert *s*-genitiv brukt i aukande grad i seinare tid. Beito peikar på diktarar som A.O. Vinje og Tarjei Vesaas som mønsterdannande, i tillegg til påverknaden frå bokmål og dansk (Beito 1986: 196).

Dersom ein ynskjer å uttrykkje seg poetisk, meiner Almenningen at det også er greitt å bruke

s-genitiv til hokjønns- og inkjekjønnsord i bunden form: *eventyrets poetiske glans* (Almenningen 2006: 42f).

Oppsummering

Dei to mest relevante punkta i det føregåande er for det fyrste det som også Aasen godtok, som er bruk av genitiv i faste uttrykk. Det andre er at det i lengre tid har vore vanleg å bruke *s*-genitiv i poetisk stil og høgprosa, noko som svarer godt med at ein kan kjenne trong for å bruke det i ordsambanda våre. Generelt kan ein seie at dei aller fleste ordsamband (slik vi har definert omgrepet i *ISLEX*) har eit poetisk drag over seg, og det Beito og Almenningen skriv, opnar for at vi i stor grad kan nytte *s*-genitiv i omsetjingane til nynorsk. Dersom ein dreg dette langt, er store deler av denne masteroppgåva overflødig, fordi ein enkelt og greitt kan bruke genitiv i alle uttrykka eg tek føre meg sidan dei har status som faste ordsamband.

På den andre sida har det kome tydeleg fram at mange nynorskbrukarar opplever *s*-genitiven som framand. Skal vi ta vare på flest mogeleg av ordboksbrukarane våre, meiner eg at vi ikkje på død og liv skal utelate genitiv, men vi skal tenkje godt gjennom om vi ikkje har andre alternativ som kan vere vel så gode før vi brukar han. Det er tydeleg at både *s*-genitiv og garpegenitiv er meir brukte i nynorsk i dag enn tidlegare, og ikkje minst er garpegenitiven på frammarsj fordi han vert vurdert som formålstenleg. Når retningslinjene våre seier at vi skal halde oss til eit moderne nynorsk, tilseier det at vi ikkje treng vere så restriktive med bruken av garpegenitiv som t.d. Språkrådet tilrår.

2.5.2. Ordtilfang

Dei aller fleste norske ord kan brukast både på bokmål og nynorsk, men det finst ein del som av ulike grunnar berre vert nytta på den eine målforma. Kva som vert rekna som akseptabelt å bruke, handlar om språklege tradisjonar og språkkjensle. "Både i nynorsk og bokmål er det opparbeidd leksikalske rammer og ulike konnotasjonar kring ord og omgrep, slik at vi kan finne overlapping og skilnader mellom ord og vendingar som elles er nokså like" (Almenningen 2006: 57). Det har utan tvil vore ei tilnærming mellom målformene når det gjeld ordtilfanget. Begge målformene har utvikla seg i retning av kvarandre, sjølv om ein ser at det er enklare for bokmålsord å få innpass i nynorsken enn omvendt.

Låneord

Ein kan dele ordtilfanget i norsk i tre, vi har *arveord*, *importord* og *framandord*.

"[I]mportorda – eller lånorda – er gjerne inntekne i målet og har jamna seg til etter norske reglar for skrivemåte, uttale og bøyning. Dei kjennest derfor ikkje framande lenger, sjølv om dei ikkje støtt er sjølvforklarande og "gjennomsiktige" ut frå sjølve språkforma"

(Almenningen 2006: 60).

Som vi skal sjå døme på i kapittel 4, er det større aksept i bokmål enn nynorsk å bruke låneord med tydeleg dansk og tysk opphav, typiske døme er *sved* (del 4.1), *får* (del 4.3) og *bevinget* (del 4.5). Den enklaste forklaringa på det er at den danske påverknaden i si tid ikkje var like sterk ute på bygdene som i byane, og dermed vart dette ein meir naturleg språkbruk for dei som skreiv bokmål enn nynorskbrukarane. Denne ulikskapen mellom målformene har også vorte mindre med åra (2006: 61).

Avleiingar med affiks av tysk og dansk opphav

Tradisjonelt har ein ikkje godteke såkalla "anbehetelser" i nynorsk. Affiks av denne typen er aksepterte i bokmål, men ein har gått langt for å skrive om eller bruke alternative avleiingsformer i nynorsk.

Eit døme frå oljeterminologien illustrerer vanskane med såkalla høl mellom målformene. I *ISLEX* er adjektivet *vinnanlegur* på bokmål omsett til 'utvinnbar' (med bruksdømet 'man vet ikke om oljen finnes i utvinnbare mengder') eller 'utnyttbar', men på nynorsk må vi skrive om med frasar som 'som kan utvinnast' ('ein veit ikkje om olja er av ei slik mengd at ho kan utvinnast') og 'som kan utnyttast'.

Ofte vil avleiinga *-bar* omsetjast til *-leg* på nynorsk, eller ein kan lage frasar '*som kan V-ast*' og slike former vil ofte verte oppfatta som meir pragmatisk akseptable enn *-bar*. Rett nok er suffikset *-bar* lemma i Nynorskordboka, men det står markert med "lite brukt". Det inneber at det i prinsippet er fritt, men ikkje alle produkta vil vere fullt ut akseptable (Johan Myking, pers. komm. 2009). Desse uklare grensene mellom kva som er direkte feil, pragmatisk uakseptabelt og på den andre sida arkaisk språkbruk er krevjande. Som leksikograf må ein ta val ut frå det korpusa kan fortelje oss om bruken, vurdert det opp mot ein standard ein har sett seg for arbeidet for å oppnå mest mogeleg konsekvens.

Sjølv om eg her har fokusert på enkeltord, vil ein finne akkurat dei same uklare grensegangane for akseptabilitet når dei inngår i ordsamband. *Bevingede ord* er eit døme vi

skal kome tilbake til i del 4.5.

Substantiv avleidde av verb og adjektiv

Korleis uttrykkjer ein *virkelighet* på nynorsk? "Fasiten" i mindre fornorskingsordlister som *Bokmål-nynorsk ordbok* på ordnett.no seier: "verkelegheit, røyndom, røynd", og særleg former som *røyndom* og *røynd* vert opplevd som så stive at mange bokmålsbrukarar automatisk går inn for å avskaffe nynorsken (jf. VGDebatt 2003). Heldigvis skriv ein på nynorsk ofte heller om enn å bruke avleidde substantiv. Rommetveit gjev opp ei lang rekke moglege synonym: "det som verkeleg hende (hender) el. skjedde (skjer), den verkelege samanhengen (hendingsgangen), det eigentlege sakstilhøvet, (dagleg)livet, kvardagen; røynd, røyndom, kjensgjerning; alvor, sanning; faktum, praksis, realitet, fait accompli" (1993: 592), i tillegg til svært mange kollokasjonar og bruksdøme med nynorske eller fornorska omsetjingar. I lista over ser ein at adjektiva spelar ei avgjerande rolle i mange uttrykk. . I avsnittet over kunne eg på bokmål gjerne ha skrive 'avskaffelse av' i staden for 'å avskaffe'. Nynorsken vil ofte ha eit verb, og ein føretrekkjer verbkonstruksjonar der det er meir akseptert med substantiviske uttrykk på bokmål.

Sjølv sagt kan ein også skrive *verkelegheit* som nynorskekvivalent til *virkelighet*, men då er ein tilbake til diskusjonen om kva som vert rekna som "god" nynorsk. Dersom ein brukar eit språk med mange og tunge substantiv av denne typen, lir du på nynorsk av *substantivsjuke* med biverknader som mange innhaldslause ord og frasar – som igjen fører til eit språk som er høgtideleg, lite personleg og tungt (Almenningen 2006: 40). Klarer ein å unngå det, er sjansen auka for å få ei klår, presis og god målføring

2.5.3. Val av former i ISLEX

At vi lagar ei samtidsordbok, tyder at vi vel ord og former som vi finn dekning for er i aktiv bruk i det norske språket (med søk i ulike korpus og på Internett med Google). Vi omset til eit moderne bokmål (term mellom anna brukt av Fjeld og Vikør (2008: 241)) omtrent på linje med den tidlegare læreboknormalen og eit moderne nynorsk a-mål. Målsetjinga er at brukarar av begge målformer i størst mogleg grad skal oppleve språket som både funksjonelt og korrekt. Dei norske målformene har svært mykje til felles, også sjølv om det ikkje er eit uttrykt mål for oss verken å gjere dei mest eller minst mogleg like kvarandre. Som vi har sett i dette kapitlet, har målformene på fleire punkt nærma seg kvarandre i løpet av det siste

hundreåret. På ein skala frå konservativ til radikal målbruk prøver vi å halde oss nokolunde midt på når det gjeld både bokmål og nynorsk, av den grunn at vi meiner at vi vil "treffe" flest moglege av brukarane våre der.

Ordsambanda og alle døma i *ISLEX* syner språket i bruk, og særleg islandske brukarar kan tenkjast å dra nytte av at skilnadene mellom bokmål og nynorsk vert reelt presenterte. Samstundes er nordmenn den viktigaste brukargruppa vår, og ynskjer til dømes ein norsk omsetjar å bruke andre og enten meir radikale eller konservative former enn dei vi har brukt når han omset, er det hans val. Ei løysing som går igjen når det gjeld fleire av ordsambanda i kausstudien (jf. kapittel 4), er å oppgje fleire ekvivalentar om ein ligg litt i grenseland på kva som kan verte rekna som pragmatisk akseptabelt dersom ein låner ord eller vendingar frå den andre målforma (i praksis frå bokmål til nynorsk i desse døma). Det er ein måte å møte utfordringa med at løysingane både skal vere brukarvennlege òg korrekte (jf. problemformuleringa).

Kapitel 3: Djupdykk

I dette kapitlet skal vi sjå på ekvivalens på ulike nivå mellom eit ordsamband på islandsk, bokmål og nynorsk. Grunnen til at eg vel å gjere dette metodiske djupdykket, er todelt. For det fyrste gjev det ein teoretisk gjennomgang av sentrale aspekt ved ekvivalens i høve til ordsamband. For det andre er det ein illustrasjon og ei utprøving av den metoden eg nyttar i kapittel 4.

3.1. Ekvivalensaspekt





Det er mange og til dels svært ulike nivå uttrykk kan seiast å vere likeverdige på, og i dette kapitlet vil eg vise kor samansett spørsmålet om ekvivalens mellom ordsamband er. Eg går nøye inn på det islandske ordsambandet *bera hitann og þungann af <matargerðinni>* og vurderer om omsetjingane ein har kome fram til på bokmål og nynorsk i *ISLEX*, kan seiast å vere dei mest dekkjande ekvivalentane. Utgangspunktet for undersøkinga er ei inndeling av omgrepet ekvivalens i ei rekkje aspekt som Werner Scholze-Stubenrecht presenterte i artikkelen "Äquivalenzprobleme im zweisprachigen Wörterbuch. Ein Erfahrungsbericht" i *Germanistische Linguistik* (1995). Her listar han opp heile 14 ekvivalensaspekt; semantisk, stilistisk, pragmatisk, terminologisk, diakron, kontekstuell, syntaktisk-grammatisk, metaforisk, etymologisk, orddannings-, kjennsaps-, lydleg-rytmisk, diatopisk og ordtilfangsekvivalens⁶. Utgangspunktet hans er ekvivalens mellom leksem, medan Ken Farø, som byggjer på Scholze-Stubenrecht, skriv om idiomsekvivalens og refererer til dei ulike aspekta som semantikk, pragmatikk, diakroni, syntaks, register, frekvens, leksikalsk kategori, seleksjon/kontekst, tydingsstruktur, ikonografi, stilistikk, valens etc., men dessverre utan å definere kva han legg i dei ulike omgrepa (Farø 2004: 92f)

I det vidare arbeidet vil eg difor ta utgangspunkt i omgrepa til Scholze-Stubenrecht og det han skriv om dei, men også sjå mot Farø sine omgrep dersom dei kan gje andre perspektiv. Ofte vil det vere vanskeleg å skilje mellom dei ulike nivåa med ei slik fin nyansering, og det vil i undersøkinga mi vere meir formålstenleg og handterleg å slå saman nokre aspekt. Det er sjølvstøtt også grader av ekvivalens innanfor dei ulike aspekta, frå fullekvivalens via delekvivalens til nullekvivalens (eller høl mellom språka som eg har skrive om tidlegare).

⁶ Eg kjem ikkje i det heile inn på *terminologisk ekvivalens*, *ordtilfangsekvivalens* eller *orddanningsekvivalens* sidan ingen av dei har noko direkte med ordsamband å gjere.

Før ein kan avgjere teoretisk om to uttrykk er ekvivalente, peikar Farø på at ein må spesifisere kva for nokre aspekt ein ventar at det skal vere ekvivalens på. Når ein frå leksikografisk perspektiv uttrykkjer at det er ekvivalens mellom to uttrykk, seier ein implisitt at ein uttalar seg om visse av dei aspekta som ein finn hos Scholze-Stubenrecht. Farø seier også at alle aspekta er likeverdige i ein teoretisk leksikologisk samanheng. Ytre omstende kan likevel tilseie ei hierarkisk ordning av aspekta i leksikografisk samanheng. I praktisk ordboksarbeid vil det ofte vere slik at ein legg større vekt på nokre aspekt enn på enn andre. Dei fleste leksikografar vil nok hevde at innhaldsaspektet, semantikken, vil vere viktigare enn at to uttrykk til dømes har same historiske opphav og utvikling (det diakrone aspektet). Scholze-Stubenrecht seier også at ein kan forvente meir av ei moderne tospråkleg ordbok enn at ho berre tek omsyn til semantisk likeverd; ho må ta omsyn til idiomatisk ekvivalens i vidare forstand, han kallar dette *Wortgebrauchsäquivalenz* 'ordbruksekvivalens' (1995: 2).


Under er delar av artikkelen til oppslagsordet *hiti* slik han ser ut i *ISLEX*. Eg vil ta utgangspunkt i det øvste av dei to ordsambanda, *bera hitann og þungann af <matargerðinni>*, i gjennomgangen av dei ulike ekvivalensaspekta.


    veldu orðabók

hiti no kk


→ beyging


1

 varme, hete


 varme, hete


bera hitann og þungann af <matargerðinni>

 bære/ha ansvaret for <matlagingen>, bære byrdene av <matlagingen>

 bera/ha ansvar for <matlaginga>, bera byrdene av <matlaginga>

<missa stjórn á skapi sínu> í hita leiksins

 <miste selvsbeherskelsen> i kampens hete

 <mista sjølvkontrollen> i bruduljene

Hiti er eit polysemt ord. I tillegg til tydinga 1) 'varme, hete', er 2) 'feber' og 3) 'temperatur, glød'. Jón G. Friðjónsson skriv dette om *bera hitann og þungann af e-u* i *Mergur málsins*: "bera önn og erfíði af e-u; e-ð mæðir mest á e-m" 'ha det travelt med og møde av noko; noko røyner mest på ein person' (2006: 343). Som vi skal sjå i delkapittel 3.1.1, kan det islandske ordsambandet veksle mellom å ta preposisjonsuttrykk slik forma er over (*bera hitann og þungann af <e-u>*, der *e-u* står for *einhverju*, 'noko' i dativ), eller ein genitiv *bera hita og*

þunga <*e-s*> (der *e-s* står for *einhvers*, 'noko' i genitiv), slik som i "sem borið hefur hita og þunga þessarar samantektar" (døme henta frá 3.1.4.). I *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun (SOÍM)* av Jón Hilmar Jónsson (2005) står ordsambandet med ein genitiv, *bera hita og þunga dagsins*, som eit nærskyldt uttrykk, altså under same over- og underoverskrifter som *bera hitann og þungann af* <*þessu*>. I *Mergur málsins* står dei to oppførde med same forklaring.

Grunnen til at eg vel å ta utgangspunkt i akkurat det fyrste ordsambandet i denne artikkelen, er at det illustrerer godt ein del av dei problemstillingane ein dagleg arbeider med når ein produserer ei ordbok. Mellom anna viser det korleis eit uttrykk frå Bibelen (Matt. 20,12) i form sjølv sagt eksisterer på lik linje på islandsk og norsk, men at det ikkje tyder at uttrykka i dag vert brukte på same måte – ein kan ikkje seie at uttrykka har same funksjon i daglegspråket. Det andre dømet, <*missa stjórn á skapi sínu*> í *hita leiksins*, viser at sjølv om vi enkelt kan finne ein god bokmålskvivalent, så er ikkje jobben gjort. Dette ordsambandet går eg gjennom i delkapittel 4.4.

Eg vil altså vidare vurdere ekvivalensen mellom det islandske *bera hitann og þungann af* <*matargerðinni*> og nokre aktuelle norske uttrykk, i fyrste omgang utan å vurdere ekvivalensaspekta opp mot kvarandre. Mot slutten av kapittelet konkluderer eg likevel med kva for eit norsk ordsamband som eg ut frå den leksikologiske undersøkinga kan seie ekvivalerer med omsyn til flest av dei aspekta som eg leksikografisk vurderer som viktige – og difor bør stå i *ISLEX*.

3.1.1. Semantisk og metaforisk ekvivalens

Semantikk er eit omgrep som vert brukt på til dels svært ulike måtar. Til dømes seier Lomheim at den semantiske analysen av ein tekst er eit produkt av tre delprosessar: leksikalsk analyse, syntaktisk analyse og stilistisk og konnotativ analyse (1995: 38). Vi ser at han har ei vid forståing av omgrepet semantikk, og i dette kapitlet skal vi også vere noko meir finstilte i analysen enn hittil.

Ein kan i hovudsak snakke om to hovudtypar av meining. Den fyrste typen er ibuande i det lingvistiske uttrykket og kan ikkje skiljast frå det. Det er denne typen meining som vert studert i semantikken (Trask 2004: 243). Sagt med andre ord tek semantikken føre seg dei

ibuande tydingstrekka som eit uttrykk har relativt uavhengig av kva samanheng det vert brukt i. Den andre typen meining er den som fell under pragmatikk, dette er dei tydingstrekka som vi tillegg eit uttrykk i eit gjeve tilfelle av språkbruk. Dette kjem vi tilbake til seinare i dette kapitlet (3.1.4).

Semantisk ekvivalens i tospråkleg leksikografi har ein dersom to brukarar med ulike morsmål forstår det same med eit ord eller syntagme på kvart sitt språk:

Das zweisprachige Wörterbuch zielt auf Verständigung; es will dem Benutzer helfen, eine fremde Sprache zu verstehen und sich in einer fremden Sprache verständlich zu machen. Wenn es gelingt, einem ausgangssprachlichen Textbaustein (einem Wort, einem Syntagma) einen zielsprachlichen Textbaustein so zuzuordnen, daß kompetente Sprachteilhaber der beiden Sprachen unter den Textbausteinen in üblichen Kontexten jeweils dasselbe verstehen, so sind diese Einheiten semantisch äquivalent. (Scholze-Stubenrecht 1995: 1f)

Ein kan snakke om full semantisk ekvivalens dersom meiningsinnhaldet i to språklege uttrykk vert oppfatta på presis same måte. I delkapitlet om ekvivalens i leksikografien (2.3.2.), slo vi fast at ved fullekvalens har ord og uttrykk nøyaktig like referentar i to ulike språk; det førekjem berre dersom dei er fast definerte og har ein avgrensa referent i verda som er relativt nøytral. Fullekvalens krev også at konnotasjonane, assosiasjonane og kjensleinnhaldet må vere like, så det seier seg sjølv at det førekjem endå sjeldnare ved ordsamband enn ved leksem sidan dei ofte er meir komplekse og lausare definerte enn leksem. Her vil eg vidare bruke paradigmatiske, syntagmatiske og metaforiske innfallsvinklar for å vurdere den semantiske ekvivalensen.

Paradigmatisk tilnærming til semantikken i *bera hitann og þungann af <matargerðinni>*

Å sjå på det semantiske aspektet ved eit ordsamband vil altså seie at ein undersøker kva uttrykket tyder, og éin måte å gjere det på, er å ta i bruk prinsippa i strukturell lingvistikk for å studere meining (Crystal 2004: 411). I strukturalistiske grammatikkmodellar er det ikkje primært dei *leksikalske komponentane* (eller *orda*) ein undersøker, men forholdet mellom dei (Fjeld 2002) I det lyset kan ein slik modell vere eit naturleg utgangspunkt når undersøkingsobjektet nemleg ikkje kan forståast ut frå dei enkelte komponentane.

Ved å finne synonym, antonym eller hyperonym til eit ordsamband kan ein få ei forståing av innhaldet i uttrykket ved å samanlikne uttrykk som tyder det same, det motsette eller er underkategoriar av ein overordna kategori. Dette kallar vi ein paradigmatiske innfallsvinkel til semantik: "[t]he relation between a set of linguistic items which, in som sense, constitute choices, so that only one of them may be present at a time in a given position" (Trask 2004:

222). Det handlar altså om forholdet mellom einingar i språklege uttrykk, slik som fonem, morfem, ord, som ein kan skifte ut mot kvarandre. Ei paradigmatiske ordbok "beskriver leksikalske enheter i relasjon til andre enheter som de kan skiftes ut med" (Selberg 1999: Lysbilde D). Dette kan vere synonym-, antonym, omgreps-, homonym-, eller rimordbøker.

I det konkrete ordsambandet vi skal analysere her, er det gjort tydeleg gjennom spissparentesane at <matargerðinni> ('matlaginga') kan bytast ut fritt, dette er berre ei utfylling for å vise ein type kontekst uttrykket kan verte nytta i. Ei undersøking av dei fyrste 100 treffa på *hitann og þungann* på Google 22.09.09 viser at det så å seie alltid er verbet *bera* 'bere' ein brukar (ei kjelde brukte *hafa* 'ha'). Sjølve kjernen i ordsambandet, leddet *hitann og þungann*, skal vi gå grundigare inn på vidare.

Stóra orðabókin um íslenska málnotkun (SOÍM) er ein god reiskap når ein skal seie noko om dei paradigmatiske tydingsrelasjonane til eit uttrykk, fordi Jónsson organiserer ordsamband som semantisk høyrer saman under same hyperonym. Han plasserer uttrykket *bera hitann og þungann* av <þessu> under hovudoverskrifta *ábyrgð* 'ansvar', underkategorien *hafa ábyrgð* 'ha ansvar' og under der igjen *felur í sér álag* 'ber i seg ei påkjenning'.

Samanliknar ein då *bera hitann og þungann* af <matargerðinni> med det norske uttrykket *ha ansvar for* <matlaginga>, ser ein at dei ekvivalerer på dei to fyrste punkta i *SOÍM* – 'ansvar' og 'ha ansvar'. På den andre sida treng ikkje det å ha ansvar for noko å tyde at det er ei byrde eller ei påkjenning. Har ein ansvaret for noko, kan ein delegere oppgåvene slik at ein sjølv kan sitje roleg og sjå på. Altså ekvivalerer *ha ansvar for* både på bokmål og nynorsk berre delvis med *bera hitann og þungann* af på det paradigmatiske planet.

Under oppslagsordet *byrde* i *Norsk ordbok* (Guttu)⁷ står dette: "*det var hun som måtte bære byrdene* ☞:hadde det meste strevet og slitet". Det er ikkje noko i vegen for å bruke dette uttrykket på nynorsk også, og *bera*⁸ *byrdene av* <noko> dekkjer aspektet med påkjenning fullt ut. Det kan også innebere eit ansvar, men forskjellen kjem når det er snakk om å 'ha ansvar'.

⁷ I denne oppgåva refererer eg til to ulike ordboksverk som vert kalla *Norsk ordbok*. Det eine er *Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftspråket*, som eg vel å referere til som *Norsk ordbok* (2014). Det andre er ei bokmålsordbok utarbeidd av Tor Guttu som ligg i digital form på Kunnskapsforlaget si side www.ordnett.no. Den kallar eg *Norsk ordbok* (Guttu)

⁸ Når eit uttrykk er henta frå eller er tenkt å skulle kunne brukast i *ISLEX*, nyttar eg *a*-infinitiv, medan eg brukar *e*-infinitiv elles .

Ein treng slett ikkje, kanskje tvert om, å 'ha ansvar' dersom ein må *bera byrdene av noko*, det er vel heller slik at ein må 'ta ansvar' for noko nokon andre har gjort, i alle fall slite med konsekvensane av det. Dermed ekvivalerer *bera byrdene av* med *bera hitann og þungann af* på punkta 'ansvar' og 'ber i seg ei påkjenning', men ikkje alltid med 'ha ansvar'. Med andre ord er også dette uttrykket berre delekivalent med det islandske på det paradigmatiske planet. Ein må vel kunne seie at ein likevel er nærare med *bera byrdene av* enn med *ha ansvar for*.

Som eg har nemnt tidlegare, står *bera hita og þunga dagsins* oppført med akkurat same tydinga som *bera hitann og þungann av e-u* i *Mergur málsins* og under same overskrifter i *SOÍM*. I døma knytte til *byrde* i *Riksmålsordboka* står dette: "*bære dagens byrde og hete* (eft. *Mt. 20,12*) (egtl.) utføre et slitsomt dagsverk, (nu også:) være den som har det meste strev og slit ved et foretagende, ved et arbeide". I *Norsk ordbok* (2014) står det under *byrd* (el *byrde* el *bør*): "*som hev boret dagens byrd og hite* (...) (no serl:) som har hatt det meste strevet". I den språkforma vi brukar i *ISLEX*, hadde dette vore formulert som *bera dagsens byrde og hete*, som ligg svært tett opp mot *bera hita og þunga dagsins*. Med denne varianten (*bære dagens byrde og hete/bera dagsens byrde og hete*) oppnår ein også delekivalens med det islandske uttrykket på det som har med påkjenning å gjere, men ikkje med 'ansvar' ut frå det som står i ordbøkene. På den andre sida har eg snakka med ein teolog som seier at i den bibelske utlegninga av uttrykket spelar ansvar så absolutt inn, så i visse kretsar vil nok dette norske uttrykket liggje nærare det islandske enn det vi kan lese ut av ordbøkene. Difor vil eg likevel meine at vi paradigmatiske er relativt nær fullekivalens med det islandske ordsambandet med desse norske variantane.

Sjølvsagt kunne ein også ha valt ei direkte omsetjing eller forklaringsekvivalent (Fjeld og Vikør 2008: 211) med *bera ansvaret for og påkjenninga med <matlaginga>*, men det er verken elegant eller idiomatisk, så det er enkelt å forkaste – jf. det eg tidlegare har skrivne om at vi strekkjer oss langt for å unngå parafraseekvilvalentar (sjå 2.3.2. under nullekivalens). Både *ha ansvar for* og *bera byrdene av* er delekivalentar som i visse tilfelle vil kunne fungere, men som ikkje er fullgode. På det paradigmatiske planet er det *bære dagens byrde og hete/bera dagsens byrde og hete* som er nærast fullekivalens.

Syntagmatisk tilnærming til semantikken i *bera hitann og þungann af <matargerðinni>*

'Syntagmatisk' er ein grunnleggjande term innanfor lingvistikken som refererer

to the SEQUENTIAL characteristics of speech, seen as a STRING of CONSTITUENTS (sometimes, but not always) in LINEAR order. The relationships between constituents (**syntagms** or **syntagmas**) in a CONSTRUCTION are generally called **syntagmatic relations**. (Crystal 2004: 450)

Eit syntagme i språkvitskapen er altså ei gruppe av ord eller setningsledd som er knytte saman etter dei syntaktiske reglane til eit meiningsberande språkleg uttrykk. Eit syntagmatisk samband er då forholda mellom delane av eit syntagme. Ei syntagmatisk ordbok "beskriver leksikalske enheter i relasjon til andre enheter som de kan forekomme sammen med" (Selberg 1999: Lysbilde D). Dette kan vere valens-, kollokasjons- og idiomordbøker.

I den syntagmatiske analysen vil eg ta utgangspunkt i omgrepa 'verbalhandling', 'agens' og 'patiens'. Agens er ein deltakar (oftast ein person) som utfører ei verbalhandling i ei setning: "whose typical FUNCTION in a SENTENCE is to specify the means whereby a particular action came about" (Crystal 2004: 16). Patiens er den eller det som ei verbalhandling går ut over: "refers to the entity which is affected by the action of the VERB" (2004: 340).

Verbalhandlinga i det islandske ordsambandet vert uttrykt av *að bera* 'å bere'. Her er det ikkje ein person eller ein gjenstand som vert boren; patiens er to meir abstrakte, fysiske fenomen *hitann og þungann*. Verbet krev ein agens, ein handlande person, det er nokon som må bere for at uttrykket skal gje mening. Det er tradisjonen med knapp plass i trykte ordbøker som har gjort det til standard å knipe ned på opplysingar som agens, i tillegg til at ordsambanda får eit meir generelt preg om du ikkje knyter eit særskilt subjekt til det – trass i at det altså må til for å få ei grammatisk og semantisk korrekt setning.

Under er eit skjema som tydeleggjer dei syntagmatiske relasjonane i dei ulike uttrykka:

VERBHANDLING	PATIENS		
	Førestilt tillegg	Substantivisk kjerne	Etterstilt tillegg
<i>bera</i>		<i>hitann og þungann</i>	<i>af <einhverju></i>
<i>ha / ha</i>		<i>ansvar / ansvar</i>	<i>for <noe> / for <noko></i>
<i>bære / bera</i>		<i>byrdene / byrdene</i>	<i>av <noe> / av <noko></i>
<i>bære / bera</i>	<i>dagens / dagsens</i>	<i>byrde og hete / byrde og hete</i>	

Vi ser på *bera hitann og þungann af* <e-u> opp mot *ha ansvar for* <noko> fyrst.

Verbhandlinga uttrykt ved *bera* er ikkje fullekivalent med *ha*. Dersom du ber noko, må du nødvendigvis ha det, men 'ha' er eit mykje vidare omgrep. Det er også eit viktig aspekt at 'å bere' inneber ein fysisk aktivitet, medan 'å ha' kan vere statisk. I det islandske uttrykket er det ein logisk samanheng mellom verbet og siste leddet i den substantiviske kjernen, nemleg tyngd. På den andre sida er det ikkje det minste logisk, også ut frå det eg akkurat har sagt, at ein ber hete. Dette understrekar at ein må lese *patiens* som ei samla eining med overført tyding. I den samanheng ekvivalerer 'ansvar' med den overførte tydinga av *hitann og þungann*, sjølv om dei kvar for seg sjølvsgagt ikkje har noko med ansvar å gjere i konkret tyding.

Preposisjonsledda har heller ikkje same funksjon i dei to uttrykka. I det islandske ordsambandet er det substantivet som står i spissparentesen som er tungt og ein må bere børa av, medan det i det norske ordsambandet er sjølvve ansvaret som er tungt, ikkje det som står i spissparentesen. Det inneber også at det islandske uttrykket krev eit preposisjonsledd for å gje meining. Av dei tidlegare nemnde 100 treffa hadde 95 ein frase innleidd av preposisjonen *af*, tre *í* og to var overskrifter utan preposisjonsledd. Relasjonane er mykje lausare i *ha ansvar/ha ansvar for noko*.

Samstundes er det ikkje noko i vegen for å byte ut det norske *ha* med *bera*. Å *bera ansvar for* er også eit uttrykk som er i bruk:

Han stadfester at det er eit avvik mellom kartet som ligg til grunn for ekteparet Grasdals tomtekjøp og terrenget, men han avviser at avviket er så stort som ekteparet hevdar. Han meiner dessutan at ekteparet sjølvve må bere ansvaret for at tomte ikkje er slik som dei hadde trudd.

– Då ekteparet kjøpte tomte, gjorde dei det på grunnlag av eit mellombels og usikkert kart. Det gjekk klart fram av avtala, og dei burde ha vore klar over det, seier Yngve Systad. (Landro 2004)

I ulike variantar får ein mange treff på Google dersom ein søker på *bera ansvar(et) for* og *bære ansvar(et) for*, så det skulle kunne fungere på begge målformer. Følgjande sitat viser at å *bera ansvar for* på mange måtar er ein svært god ekvivalent: "Staten vil at næringene skal bære ansvar for vern av produktiv natur. Næringene krev at dette er et statlig ansvar" (Naturvernforbundet 2010). Sitatet viser at uttrykket inneheld ansvar, her er påkjenning, dette er tungt og vanskeleg for agens. Det einaste, som dessverre ikkje er uvesentleg, er at begge uttrykka over viser at *bera ansvar for* i mange tilfelle handlar om å måtte ta ansvar for noko, sjølv om ein i utgangspunktet kanskje ikkje hadde det – så ei heller denne gongen kan ein

kassere inn ein fullekivalens. Kanskje ein på norsk helst *ber ansvar for noko* dersom noko har gått gale? Slike konntotasjonar har ikkje det islandske ordsambandet.

Som eg var inne på i presentasjonen av det islandske ordsambandet i 3.1., kan det veksle mellom genitiv *bera hita og þunga* <e-s> og preposisjonsuttrykk *bera hitann og þungann af* <e-u>. Vi kan ikkje avgjere ut frå det eine dømet i *Norsk ordbok* (2014) under *byrd* om ein kan byte *dagsens* med andre genitivar, men kan vi seie at vi hypotetisk har to moglege ekvivalentar til dei to islandske formene:

Islandsk uttrykk	Moglege norske variantar
<i>bera hita og þunga</i> <einvers>	Bokmål: bære <noes> byrde og hete
	Nynorsk: bera <nokos> byrde og hete
<i>bera hitann og þungann af</i> <e-u>	Bokmål: bære byrden og heten av <noe>
	Nynorsk: bera byrda og heten av <noko>

I *Norsk ordbok* (2014) finn eg dette dømet under 'hete': *dei som ber børa og heten i vårt daglege slit (...)/ i samb *bera dagsens byrd(e) og hete*. Dei opplyser om at her tyder *hete* 'slit og strev'. På den andre sida finn eg ikkje eit einaste treff på verken bokmåls- eller nynorskuttrykka med kjerneorda i bunden form verken på Google eller i dei andre korpusa våre; der er berre forma som inkluderer genitiven *dagens/dagsens*. Det kan ikkje stå noko anna enn *dagens* og *dagsens* i spissparentesane i dei to øverste norske omsetjinga i tabellen, og dermed er dei ikkje syntagmatisk ekvivalente med *bera hita og þunga* <einvers>. Og sjølv om forma *bera børa og heten* (altså i bunden form slik som i dei nederste variantane i tabellen) er skriftfesta, tyder ikkje det at dette er ei formulering som er i bruk i dag og dermed kan setjast inn som ekvivalent i ei samtidsordbok. Dermed må vi berre sjå at vi har fullekivalens til det nærskylde islandske uttrykket *bera hita og þunga dagsins*, men dessverre ikkje med *bera hitann og þungann af* <e-u>.*

Det norske *bera dagsens byrde og hete* har sjølv sagt mykje til felles med det islandske *bera hitann og þungann af* <e-u> på det syntagmatiske planet. *Bera* er 'bera', *hitann* er bunden form av 'hete', *þungann* er bunden form av 'byrde'. I det ligg det også at verbalhandlinga, (den unemnde) agensen og patiensen er like. Det einaste som så langt skil dei, er det ekstra norske 'dagens/dagsens'. Men så må vi tilbake til sambandet mellom desse ledda og preposisjonsuttrykket. Det er uidiomatisk å seie *bera dagsens byrde og hete av <matlaginga>* på norsk (akkurat like uidiomatisk som det ville vere å seie *bera hita og þunga dagins af* <e-

u> på islandsk). Ut frå ordboksforklaringa skulle dette tyde 'å ha det meste strevet og slitet med <matlaginga>', men grunnen til at det likevel ikkje fungerer, er at uttrykket ikkje står i ein tilsvarande relasjon til eit preposisjonsuttrykk som *bera hita og þunga dagins af <e-u>*. Eg vil også hevde at det handlar om kolliderande sfærar. Du ber bœra/byrda av noko som har gått gale, noko stort eller alvorleg, matlaging er for kvardagsleg (og tradisjonelt feminint), sjølv om det måtte vere matlaging til mange. Det same gjeld til ei viss grad med *å bera ansvaret for <matlaginga>*, men her fungerer iallfall verbalhandlinga og patiens saman med preposisjonsleddet.

Problemet med *dagsens byrde og hite* gjer seg også gjeldande med *bera byrdene av <matlaginga>*, det er noko med stilnivået internt i uttrykket som ikkje stemmer. Med andre ord er det *å ha* eller *å bera ansvaret for <noko>* som i størst grad ekvivalerer med det islandske ordsambandet på det syntagmatiske planet. Ei mogeleg løysing i *ISLEX* ville vere så slå desse to variantane saman: *ha/bera ansvaret for <matlaginga>*. I det konkrete uttrykket vil det vere *ha* som treffer best, men i mange tilfelle vil ein også med fordel kunne bruke *bera* – som i større grad enn *ha* får fram slitet og påkjenninga.

Metaforisk og ikonografisk ekvivalens

Når ein skal vurdere metaforisk ekvivalens må ein undersøkje om to uttrykk er metaforiske, eller ikkje, i same grad (I Lakoff og Johnson sin terminologi er dette snakk om 'metaforiske uttrykk', ikkje metaforar (jf. 2.1.2.)). Ein kan snakke om metaforisk ekvivalens dersom to språkelement kan brukast på same biletleig-overførte måte, og leksikografen si rolle er å prøve å føre eit metaforisk bilete i kjeldespråket over til målspråket utan at tydinga vert innsnevra. Dei beste ordsambandsomsetjingane kombinerer semantisk ekvivalens med biletleig uttrykksmåte og formuleringar som er naturlege på målspråket. Om ein ikkje kan oppnå full biletparallellitet mellom to uttrykk, må ein iallfall forsøke å bli verande i det metaforiske området – utan å gå så langt at det går utover semantikken (Scholze-Stubenrecht 1995: 10).

Farø kallar den metaforiske ekvivalensen for 'ikonografi', og det tykkjer eg er godt omgrep. Ikonografisk ekvivalens dreier seg om den potensielt biletskapande effekten eit uttrykk har (2004: 88), eller den førestillinga det kan kalle fram, dersom ein tolkar det bokstaveleg. Desse førestillingane er knytte til konnotasjonane eller dei utanomspråklege assosiasjonane som knyter seg til eit ord eller uttrykk. "Til det konnotative planet høyrer òg løynde tilvisingar i

teksta til forhold som sendar reknar med at mottakaren kjenner, såkalla allusjonar" (Lomheim 1995: 43).

Ordsambandet *bera hitann og þungann af <e-u>* er samansett av komponentane 1) *bera*, 2) *hitann og þungann* og 3) *af <e-u>*. Som eg har skrive om tidlegare, er den overførte tydinga av 'hitann og þungann' ansvar, at noko er byrdefullt og vanskeleg. Samanliknar ein uttrykket med *ha ansvar for <noko>*, er det snakk om ein nullekvivalens fordi ein fullstendig har forlate den metaforiske området til fordel for rein semantikk. Uttrykket har ei heilt konkret, ikkje-overførleg tyding, og er såleis ikkje i nærleiken av å ha same ikonografi som det islandske. Ein kan kalle det ein slags parafraseekvivalent (jf. ekvivalenskapittelet), men sjølv ikkje som det er han dekkjande.

'Å bera dagsens byrde og hete' har ei sterk biletskapande kraft både i islandsk og norsk språkdrakt. Det kallar fram eit bilete av ein person som strevar og slit i solskinet for å utføre ei arbeidsoppgåve. *Bera byrda av <matlaginga>* er ein mogeleg norsk ekvivalent. Det inneheld eitt av dei same hovudsubstantiva som det islandske uttrykket, og sidan *bera hitann og þungann af <e-u>* og *bera byrda av <noko>* er så nærskylde og i stor grad gjev så like assosiasjonar, kan ein snakke om metaforiske biletparallellar, iallfall er det ein tilnærma parallellitet. Med *bera byrda av <noko>* tek ein vare på både delar av den semantiske ekvivalensen og den biletlege uttrykksmåten i omsetjinga.

Kanskje har det noko med dei klimatiske forholda i Norden å gjere at vi i Noreg har ofte kuttar leddet med 'hete' (altså at vi berre seier *bera byrda av*, ikkje *byrda og heten*) – heten var heilt sikkert eit større problem der likninga i Bibelen skal ha funne stad. Då er vi over i det Lomheim seier om allusjonar. Det norske *bera dagsens byrde og hete* har eit stilistisk preg som gjer at dei fleste nok fort vil tenkje at det kan ha eit bibelsk opphav, men som vi skal tilbake kome tilbake til seinare (i 3.1.5), stiller det seg annleis med det islandske. Det er med på å utelukke *bera dagsens byrde og hete* som alternativ på det metaforiske planet, til trass for at det i stor grad kan dekomponerast til dei same tydingsstorleikane med tilnærma like biletskapande potensiale.

Ut frå det ikonografiske aspektet er *bera byrdene av* og *bera ansvaret for* mykje betre ekvivalentar enn *ha ansvar for*.

3.1.2. Grammatisk ekvivalens

I dette delkapitlet skal vi gå vidare på det som har med grammatiske eigenskapar og struktur å gjere. Det er ei samling av det Scholze-Stubenrecht kallar syntaktisk-grammatisk ekvivalens, og det Farø kallar valens. Syntaktisk-grammatisk ekvivalens mellom to ordsamband har ein dersom komponentane førekjem i like syntaktiske konstruksjonar, det kan vere at verba har lik valens, om dei er transitive eller intransitive, om dei kan setjast i passiv, og om dei kan nyttast upersonleg (Scholze-Stubenrecht 1995: 9). Analysen av dette aspektet gjeld sjølvsagt dei konkrete ordsambanda.

Ifølgje *Riksmålsordboken* er valens ein eigenskap ved verb som seier kor mange og i tilfelle kva for nokre nominalledd (subjekt, objekt og indirekte objekt) det kan knyte til seg for å danne grammatiske setningar. Institutt for lingvistiske og nordiske studier ved UiO har på sine heimesider eit leksikon over grammatiske termar, der står det litt enklare: "Med **valens** mener vi både hvor mange og hva slags ledd et verb knytter til seg i en setning" (ILN 2009).

Valensaspektet er med andre ord ein del av det syntaktisk-grammatiske aspektet.

bera hitann og þungann af <matargerðinni>

I oppslagsforma manglar uttrykket subjekt, og verbalet *bera* står difor i infinitiv. I faktisk bruk vil det ha subjekt i nominativ og oftast finitt verbform. Det er eit transitivt verb med objekt i akkusativ. Objektet er bygd opp av to substantiv som er koordinerte med konjunksjonen *og*; både *hiti* og *þungi* er hankjønnsord som her står med etterhengd bunden artikkel. Etter verbalet og objektet står det eit preposisjonsledd ('af matargerðinni'). Ein må ha ei utfylling i dativ etter *af* 'av' (t.d. *matargerðinni*).

bera dagsens byrde og hete av <matlaginga>

Det kan verke underleg å i det heile skrive om eit uttrykk eg har forkasta, men det handlar om å sjå at eitt og same uttrykk kan få heilt ulik uttelling som akseptable eller ikkje frå aspekt til aspekt. Det er ikkje interessant å drøfte det opp mot det nærskyldde islandske *bera hita og þunga dagsins*, så lenge det ikkje er det vi skal finne ekvivalent til i *ISLEX*.

Uttrykket korresponderer delvis med det islandske når det gjeld syntaktisk oppbygging, men syntaksen hjelper oss likevel til å sjå kvifor dette likevel ikkje kan fungere som ein ekvivalent i ordboka. Norske morsmålsbrukarar vil med ein gong oppleve at denne formuleringa skurrar.

Som vi kan sjå frå korpus lenger nede, og dette gjeld også dei andre treffa på Google, knyter aldri det norske *bera dagsens byrde og hete* til seg noko preposisjonsledd som *av noko (eller nokon)*.

Det syntaktisk heilt korresponderande (med unnatak av kasus) uttrykket til *bera hitann og þungann af <matargerðinni>* er *bera heten og byrda av <matlaginga>*.

ha ansvar for <matlaginga>

På same måte som det islandske uttrykket over, manglar det norske subjekt fordi det har oppslagsform, og difor er verbalet *ha* også eit ubøygd verb (sterkt) i infinitiv. Tilsvarende vil det i praksis oftast ta subjekt og stå i finitt form. Objektet her er eit enkeltord, inkjekjønnsordet *ansvar*. Til slutt knyter uttrykket til seg eit preposisjonsledd; *for* er ein preposisjon, og kan t.d. ha *matlaging* som utfylling. Den syntaktiske analysen endrar seg ikkje om ein endrar *ha* til *bera*.

bera byrdene av <matlaginga>

Syntaktisk har dette uttrykket same oppbygging som *ha ansvar for*.

For å oppsummere opplysingane over, ser vi at både *bera hitann og þungann af <matargerðinni>*, *ha ansvar for <matlaginga>* og *bera byrdene av* manglar subjekt i oppslagsforma, men ofte vil ha det i språkbruken. *Bera* og *ha* er verbal i dei respektive ordsambanda. *Hitann og þungann* fungerer på same måte som *ansvar* og *byrdene* som direkte objekt. *Af matargerðinni* og *av matlaginga* er begge preposisjonsledd. Det islandske og desse tonorske uttrykka (*ha/bera ansvar for* og *bera byrdene av*) har så lik struktur at ein kan seie at dei ekvivalerer grammatisk.

3.1.3. Diakron og etymologisk ekvivalens

I diakronisk lingvistikk studerer ein språk ut frå deira historiske utvikling, til dømes kan ein skildre endringane som har funne stad mellom gammalengelsk og moderne engelsk med fonologiske, grammatiske og semantiske termar (Crystal 2004: 135). Diakron ekvivalens har ein dersom "die Sprachentwicklung zweier Sprachen zu einer parallelen Bewahrung älterer Sprachelemente geführt [hat]" (Scholze-Stubenrecht 1995: 7). Det vil seie at to ordsamband i lik grad er forelda, gammaldagse, moderne eller liknande. Diakron ekvivalens må naturleg

nok oftare opptre i språk og kulturar som er nærskylde enn elles, så ein kan tenkje seg at ein finn fleire døme på dette i ei islandsk-norsk ordbok enn i ei engelsk-norsk eller finsk-norsk ordbok, sjølv om det også her er snakk om liten geografisk avstand.

Når ein fyrst ser på ei historisk utvikling, er det naturleg å også sjå på den etymologiske ekvivalensen dersom det er mogeleg:

Oppslagsord	Etymologi i <i>Norsk ordbok</i> (Guttu)
bære	gno. <i>bera</i> , oppr. sm. ord som lat. <i>ferre</i> bære
byrde	ty. <i>Bürde</i> , besl. med gno. <i>byrðr</i> , se bør II (tydinga vi er ute etter her, har altså norrønt opphav)
hete	gno. <i>hiti</i> , besl. med het
dag	gno. <i>dagr</i> , besl. med døgn ; visstn. eg. 'den lyse del av døgnet'
dagsens	g. gen.-form av <i>dag</i>
ha	gno. <i>hafa</i>
ansvar	gno. <i>andsvar</i> , eg. 'motsvar, svar på en beskyldning e.l.

Som vi ser, har absolutt alle orda vi kan velje mellom i dei fire norske alternativa eg har vurdert som mogelege ekvivalentar i denne leksikologiske undersøkinga, gammalnorsk eller norrønt opphav. Dei fyrste fem orda i tabellen over har heilt tydeleg felles opphav med orda som inngår i det islandske ordsambandet. Sjølv om både *ha* og *ansvar* har norrønt opphav, har dei sjølvstekt ikkje noko etymologisk til felles med *bera hitann* og *þungann*, så dei kan vi sjå vekk frå vidare. På den andre sida skulle både *bera byrden av* og *bera dagsens hete* og *byrde* kunne fungere som etymologiske ekvivalentar til det islandske ordsambandet.

Skal ein studere den historiske utviklinga til eit islandsk ordsamband, er *Mergur málsins. Íslensk orðatiltæki. Upprunni, saga og notkun* av Jón G. Friðjónsson ei god kjelde. Han skriv at uttrykket stammar frå Bibelen, og på www.biblian.is i Matt 20, 12 står det: "Þeir sögðu: Þessir síðustu hafa unnið aðeins eina stund og þú gerir þá jafna okkur er höfum borið hita og þunga dagsins." (Sjå norske omsetjingar av bibelsitatet i neste avsnitt.) Det står vidare at samanlikninga viser til møde i solsteiken, og at uttrykket har vore brukt frå gamal tid på Island: "en þú, gamall maður í þinni illsku, situr hér allan dag sýslulaus, þó að ungir smápiltar ... þoli fyrir þig þunga og hita daglegs erfiðis" 'men du, gamle mann i all din vondskap, sit her heile dagen utan å gjere noko, sjølv om smågutar må slite og streve for deg med vanskane

dagane byr på'. På 1700-talet endra orda rekkjefølgje til *hita og þunga*. To av døma på forma *bera hitann og þungann af e-u* er "Fundarstjórinn bar hitann og þungann af fundinum" 'møteleiaren måtte bere byrdene i samband med møtet' og "Það er einkum iðnaðarráðherra sem ber hitann og þungann af samningum um stóriðju" 'det er særleg industriministeren som må ta dei tyngste taka når det gjeld kontraktar om storindustri' (Friðjónsson 2006: 343f). Det er òg verdt å merke seg at Friðjónsson viser til engelsk *bear the burden and heat of the day* og tysk *die Last und die Hitze des Tages tragen*, sjølv om dette er eit spor vi ikkje skal gå vidare på i denne samanhengen.

På www.bibelen.no finn ein i Matt 20, 12 på bokmål (2005-omsetjinga): "og sa: 'De som kom sist, har arbeidet bare én time, og du stiller dem likt med oss, vi som har båret dagens byrde og hete.'" Under lemmaet *byrde* i *Bokmålsordboka*, BOB, står følgjande forklaring: "*bære dagens b- og hete* (etter Matt 20,12) opph: utføre et slitsomt dagsverk; nå: være den som har mest slit, strev med noe" – altså ei forklaring som korresponderer svært godt med forklaringa til det islandske uttrykket, både slik det står i *SOÍM* og i idiomordboka til Friðjónsson . Det er altså klart at dei bibelske uttrykka på islandsk og bokmål på det diakroniske nivået ekvivalerer fullt ut.

Det dukkar opp eit anna problem når ein søker på nynorskutgåva på bibelen.no (også 2005-omsetjing): "og sa: 'Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss som har slite og sveitta heile dagen!'" Å *slite og sveitte* er ei direkte og grei formulering i bibelomsetjinga, men formuleringa har ikkje på same måte vorte eit fast uttrykk som kan brukast på den same, vide måten som uttrykka på islandsk og bokmål. I NOB finn ein ikkje uttrykket verken under *byrde* eller *hete*, og ein får heller ikkje treff i nynorskdelane av Aviskorpuset og Oslokorpuset. Av 274 treff på Google på "byrde og hete" er ingen skrivne på nynorsk. Praksis er tydelegvis å skrive om uttrykket eller bruke heilt andre uttrykk dersom ein skriv på nynorsk.

Ser ein på løysinga ein har valt i *ISLEX*, *ha ansvar for*, er dette ein kollokasjon utan overført tyding og bibelsk opphav. Han ekvivalerer ikkje med det islandske uttrykket på det diakroniske planet. Dette vert annleis dersom vi heller skriv *bære byrdene av*. Dette er så nærskylt *bære dagens hete og byrde* at ein kan spekulere i om dei kanskje kan ha same opphav, men at *bære byrdene av* i dag er eit forenkla og meir allmennspråkleg uttrykk på norsk. Sjølv om denne hypotesen ikkje skulle vere korrekt, vil eg likevel hevde at uttrykka er

så like at det nye forslaget også på det diakroniske planet må vere det beste alternativet. I tillegg er det eit uttrykk som fungerer like godt på bokmål som på nynorsk, det er også ein klar føremon i *ISLEX*-samanheng.

3.1.4. Stilistisk og lydleg-rytmisk ekvivalens

Stilistikk er studiet av den estetiske, særleg den litterære, bruken av språk. Ein kan bruke analytiske teknikkar frå teoretisk lingvistikk for å kaste lys over litterære verk og undersøkje estetiske aspekt ved språk generelt. Ein kan undersøkje ironisk språkbruk i tekstar, lydstruktur i dikt, bruk av ulike dialektar og sosiolektar for humoristisk effekt med meir (Trask 2004: 297f). Dersom to uttrykk er stilistisk ekvivalente, høyrer dei til på same stilnivå og har same formalitetsgrad (om dei er formelle, munnlege, uformelle og så vidare).

Veldig kort kan ein seie at *bera dagsens byrde og hete* og *bera byrdene* både på bokmål og nynorsk er delekvivalente med det islandske uttrykket når det gjeld stilistikk. Begge har noko litt arkaisk over seg, særleg *dagsens byrde og hete* på grunn av den litt alderdommelege genitiven i *dagsens*. Utan å ha grunnlag frå noko talemålskorpus eller liknande, vil eg tru at det også er eit utprega skriftleg uttrykk, kanskje nettopp på grunn av det arkaiske preget? Eg vil også tru at det kan ha ein samanheng, som eg tidlegare har vore inne på, med at mange intuitivt vil tru at uttrykket har eit bibelsk opphav på grunn av stilen.

Det problematiske er at det islandske ordsambandet, uansett kor likt det norske *bera dagsens byrde og hete* er det i form, ikkje vert oppfatta som like arkaisk og litterært som det norske, det har meir til felles med *bera børa av*. Både det islandske ordsambandet (som her: "Bera skattgreiðendur hitann og þungann af íslenska markaðsævintýrinu?" 'Ber skattebetalarane byrdene for det islandske marknadseventyret?', ei overskrift henta frå eit debattforum) og *bære byrdene av* vert ofte brukte om finansar, at nokon må lide økonomisk for noko nokon andre har ansvar for, men dette gjeld i endå større grad for det norske enn det islandske. Også når det gjeld stilistikk ser vi at *ha ansvar for* ikkje er noka god løysing, det vert for blodfattig. Både *bera byrdene av* og særleg *bera dagsens byrde og hete* er så pass like det islandske ordsambandet i forhold til alliterasjon, stavingar og trykkplassering at ein kan snakke om delvis lydleg-rytmisk ekvivalens, medan *ta/bera ansvar for* ikkje fungerer.

3.1.5. Pragmatisk og kontekstuell ekvivalens

Den delen av lingvistikken som studerer korleis ytringar kommuniserer meining i kontekst, kallar vi pragmatikk (Trask 2004: 243). Under overskrifta semantikk var vi inne på at termen *tyding* eigentleg har to tydingar. For det fyrste den semantiske tydinga som til det lingvistiske uttrykket som er heller uavhengig av kontekst. Den pragmatiske tydinga er eit resultat av samspel mellom semantikken og konteksten. I tillegg til ei semantisk tyding vil ei utsegn altså kunne ha fleire andre tydingar ut frå samanhengen ho står i.

I moderne lingvistikkk vert pragmatikk brukt om studiet av språk frå eit brukarperspektiv. Ein studerer kva val brukarar tek, vanskane dei støyter på når ein brukar språk i menneskeleg samhandling, og effekten språkbruken deira har på andre deltakarar i ein kommunikasjons-situasjon. Det er eit studium av prinsipp for og praksis i kommunikasjonshandlingar. Dette inkluderer alle former for språkbruk, forståing og tileigning (Crystal 2004: 364).

Det seier seg sjølv at studiet av det pragmatiske aspektet ved idiomekvivalens i vår samanheng ikkje kan gå i djupt inn på til dømes effekten språkbruken har på andre deltakarar i ein viss situasjon. Eg må avgrense det til å undersøkje korleis ordsambanda vert brukte i nokre ulike samanhengar, og då tek eg tekstkorpus til hjelp. Universitetet i Island (*Háskóli Íslands*, HÍ) har bygd opp eit korpus, eit *textasafn*, som inneheld både sak- og skjønnlitterære tekstar. Til saman inneheld korpuset omlag 60 millionar ord frå kjelder som islendingesoger, skrifter frå 1500–1700-talet, skjønnlitteratur frå 1850–1929, Bibelen, litterartidsskrift frå 1880, folkesegner, lovsamlingar, tekstar frå avisa *Morgunblaðið* frå rundt år 2000, digitaliserte munnlege tekstar, bloggar og offisielle e-postar med mange mottakarar.

I HÍ-korpuset er det fleire døme på bruken av det islandske uttrykket, to av dei ser slik ut :

"og allt angar af nýmeti, þá gleymir barn náttúrunnar hita og þunga dagsins og allar áhyggjur hverfa. Þá er sungið og dansað, masað og" ('og over alt luktar det av ferskvarer, då gløymer naturens born det tunge og vanskelege, og all otte forsvinn. Då vert det sunge og dansa, prata og') frå biografien *Kristján Eldjárn. Ævisaga* av Gylfi Gröndal (1991)

"Gils Guðmundssyni rithöfundu, sem borið hefur hita og þunga þessarar samantektar. Ritnefnd, þeim dr. Gylfa Þ. Gíslasyni f.v. Ráðherra," ('Gils Guðmundsson forfattar, som har hatt møða med å skrive dette samandraget. I den redaksjonelle komiteen sat dr. Gylfi Þ. Gíslason, tidlegare statsråd,') » frå *Almannatryggingar á Íslandi. Hálfir aldar saga Tryggingastofnunar ríkisins* av Gils Guðmundsson (1992)

På tilsvarande måte kan ein søkje i norske korpus. I *ISLEX*-samanheng brukar vi Aksis sitt aviskorpus og Oslokorpuset. I tillegg nyttar vi korpuset til *Norsk ordbok* (2014) på nynorsk.

Aviskorpuset til Aksis inneheld to delar, éin med nynorske tekstar og éin med bokmålstekstar. Korpuset er sett saman av tekstar frå nettstadene til ti store og sentrale aviser frå heile Noreg. Innsamlinga av ord starta i 1998, og per november 2008 inneheldt samlinga sirka 700 millionar ord. Korpuset er sjølvvekspanderande, og av dei 200 000–250 000 orda som dagleg vert lagde til i databasen, er 1000–1500 nye ordformer (avis.uib.no).

Oslokorpuset er det Universitetet i Oslo som står bak. Bokmålsdelen av det inneheld ca. 18,5 millionar ord henta frå tre hovudsjangrar: skjønnlitteratur (1,7 mill. ord), aviser/vekeblad (9,6 mill. ord) og sakprosa (6,9 mill. ord), medan nynorskdelen inneheld 3,7 millionar ord: skjønnlitteratur (2,1 mill. ord), aviser/vekeblad (1 mill. ord) og sakprosa (600 000 ord) (www.tekstlab.uio.no/norsk/bokmaal og www.tekstlab.uio.no/norsk/nynorsk). Sidan Oslokorpuset er samansett av eit vidare spekter av tekstar enn Aksis-korpuset, liknar det meir på det islandske korpuset og vil difor ofte vere å føretrekkje når ein skal finne ordsamband, sidan dei ofte er å finne i skjønnlitterære tekstar.

I aviskorpuset til Aksis får ein to treff på søket 'byrde og hete': "kjernetropper som i dag bærer dagens **byrde og hete** i kirkens arbeid. Den omfattende" frå BT070610 og "heltidsledere for de som bærer dagens **byrde og hete**. Hvem som har behov for dette" frå FV040525. Det er ingen treff i bokmålsdelen av Oslokorpuset. Særleg når det er så få treff i korpusa vi brukar, må vi ut på den store verdsveven. Eit søk på 'byrde og hete' på Google gjev 17.02.09 227 treff på norske dokument. Eitt av dei er "som er enestående, men den som har båret dagens byrde og hete når det gjelder økonomien, bør nevnes, og det er kapellforeningens trofaste kasserer." Ein ser i mange tilfelle at uttrykket vert brukt som forklaringa i BOB skulle tilseie; det einaste problemet er at så godt som alle treffa viser seg å vere kristne sider. Dermed kan ein seie at sjølv om uttrykket semantisk og diakront ekvivalerer med det islandske, så er det ikkje ekvivalens på det pragmatiske planet fordi bokmålsuttrykket ikkje er like lausrive frå den kristne konteksten som det islandske. Dette viser tydeleg kor problematisk det i ein leksikografisk samanheng vil vere å setje ordsambandet som tydinga til det islandske. I *ISLEX*-samanheng risikerer ein at ein islandsk brukar av ordboka tolkar det slik at dette er eit uttrykk som på norsk kan brukast i alle samanhengar der det er naturleg å bruke det i på islandsk. Det vil vere misvisande.

Kva så med den kortare utgåva *bære byrdene av*? I leiarartikkelen i Adressa.no står det 16.02.09: "Regjeringen som daglig skryter av å stå opp for arbeidsfolk, svikter overfor dem

som faktisk bærer byrdene av finanskrisen. 15 000 nye arbeidsledige meldte seg i januar." Og på regjeringen.no kan ein lese:

De aller fleste aksjeselskaper har til hensikt å følge lover og regler. Det er således urimelig at alle aksjeselskaper, f.eks. gjennom revisjonsplikt, skal bære byrdene av tiltak for å avdekke økonomisk kriminalitet. Etter HSHs oppfatning er dette en samfunnsoppgave som bør finansieres på lik linje med andre samfunnsoppgaver.

I artikkelen *Islam på svensk, norsk og dansk* skriv Oddbjørn Leirvik:

(...) går han til kraftig åtak på valdsromantiske muslimske grupper i den arabiske verda og Afghanistan. Han konstaterer også at muslimane i Vesten dagleg må bære byrdene av det dårlege ryktet som slike grupper skaffar islam.

Uttrykket *bera byrdene av* vert ofte brukt om økonomiske tilhøve på norsk. Samstundes viser døma over at det ikkje alltid er slik. Døma illustrerer godt at *bera byrdene av* ekvivalerer med *bera hitann og þungann af* på det pragmatiske området. Med dei norske omsetjingane i *ISLEX, ha ansvaret for <matlaginga>*, stiller det seg annleis. "Sjølv om sorenskrivaren også **har ansvar for** andre oppgaver, blir nok dommargjernin" er henta frå ei lokalavis i nynorskdelen av Oslokorpuset. Dømet viser at aspektet med ansvar vert dekt, men ikkje det som har med påkjenning å gjere (jf. konklusjonen under semantikk). I nokre samanhengar vil *ha ansvar for* fungere fint som omsetjing, men *bera byrdene av* vil i endå fleire tilfelle vere dekkjande.

3.1.6. Kjennskapsekvivalens (frekvens) og diatopisk ekvivalens

Det er ikkje så enkelt å seie noko presist om kor ofte eit ord eller ordsamband kjem føre i det islandske eller norske språket. Til det er ikkje korpusa store nok. Det var berre nokre få treff både på *hitann og þungann* og *byrde og hete* i korpusa, noko som indikerer at dette ikkje er spesielt frekvente uttrykk på nokon av språka. Eit enkelt søk på Google seier noko heilt anna. Som sagt får ein 227 treff på norske dokument, mens ein på islandsk Google får 5640. Dette gjev oss ein peikepinn på at ein konsekvens av at det islandske uttrykket har lausrive seg frå det bibelske opphavet, er at det har ein mykje høgare frekvens i språket enn det norske.

På nynorsk er det 275 treff på *bere ansvaret for* + 8 på *bera ansvar for*, 196 på *bera ansvaret for* og 5 på *bera ansvar for*, dette skulle til saman utgjere 484 treff for *bera ansvar(et) for* i ulike utgåver. På bokmål er det 199 000 treff på *bære ansvaret for* og 16 900 treff på *bære ansvar for*, som til saman utgjer 215 900 treff på *bære ansvar(et) for*. Eg har då ikkje har søkt

på andre verbtider som *bar ansvaret for* og liknande, men det gjorde eg heller ikkje med det islandske.

Bera byrdene får 825 treff. Det er altså langt frå eit like allmennspråkleg uttrykk som det islandske, sjølv om det er mykje oftare brukt enn *byrde og hete*. Søkjer ein derimot på *ha ansvar for*, får ein 167 000 treff – det korresponderer mykje betre med det islandske. Sjølv sagt er det vanskeleg å samanlikne to språk som har så ulik mengd totalt samla tekst på nettet, så frekvensaspektet kan aldri verte noko meir enn rettleiande. Men om ikkje anna kan det vere med på å avskrive *byrde og hete* som ekvivalent, og frekvensaspektet er eitt av få aspekt som er med på å styrkje *ha ansvar for* som ekvivalentval.

3.1.7 Oppsummering av studie av konkret ordsamband

Dette djupdykket har vore ei leksikologisk undersøking der ein vurderer (så godt som) alle ekvivalensaspekta til Scholze-Stubenrecht i tur og orden. I skjemaet samanfattar eg mykje av det eg har skrive i avsnitta over. Eg har teke med fire ordsamband som kanskje kan fungere som ekvivalentar. Ekvivalensaspekta som eg har handsama saman i dette kapittelet, er også slegne saman som ein kategori i skjemaet.

Der det står "-" i skjemaet, tyder at eg meiner der er nullekvivalens mellom dette norske og islandske uttrykket, skriv eg "+" tyder det fullekvivalens. "L" står for lav, "M" for middels og "H" for høg delekvalens. Eg er heilt klar over at alle ikkje treng vere einige i vurderingane mine om det til dømes er snakk om høg eller middels grad av ekvivalens mellom to uttrykk når det gjeld eit visst aspekt, men poenget mitt er at det gjev oss ein tydeleg peikepinn på kva som fungerer og ikkje.

	Semantisk og metaforisk ekvivalens			Grammatisk ekvivalens	Diakron og etymologisk ekvivalens		Stilistisk og lydleg-rytmisk ekv.		Pragmatisk og kontekstuell ekv.	Kjennskaps- og diatopisk ekvivalens	
	Paradigmatisk	Syntagmatisk	Metaforisk/ikonografisk		Diakron	Etymologisk	Stilistisk	Lydleg-rytmisk		Kjennskap	Diatopisk
<i>ha ansvar for <noko></i>	L	L	-	M	-	-	-	-	M	M	
<i>bera ansvar for <noko></i>	H	M	L	M	L	L	L	-	H	+?	Ikkje aktuelt her
<i>bera byrdene av <noko></i>	H	H	H	M	M	M	M	-	H	+?	
<i>bera dagsens byrde og hete</i>	+	-	+	-	M	+	M	+	-	-	

Ei leksikologisk vurdering er det vert umogeleg å berre setje inn ein ekvivalent til *bera hitann og þungann <af matargerðinni>* i *ISLEX*. Ut frå arbeidet kunne eg dra slutninga at det grammatiske og pragmatiske aspektet fullstendig utelukka den mest opplagde kandidaten (*bera dagsens byrde og hete*). *Bera ansvar for* og *bera byrdene av <noko>* er ikkje fullekvivalentar, men vil ofte kunne fungere godt. Det viser seg også at uttrykket *ha ansvaret for <noko>*, skåra svært lågt. Likevel er det den mest naturlege ekvivalenten akkurat til det islandske uttrykket saman med *<matargerðinni>*, og difor må eg dessverre ta det med i *ISLEX*.

3.2. Samanfating av aspekta til nokre hovudkategoriar

Det vil ikkje vere fruktbart å alltid referere til dei seks kategoriane eg har gått gjennom i dette kapitlet. Metaforikken er ein del av semantikken, og difor vel eg å kalle den fyrste kategorien for semantisk ekvivalens. "Wenn wir von dem Ideal der geglückten Kommunikation ausgehen, so nimmt in einer Hierarchie der Äquivalenzkriterien die semantische Äquivalenz eindeutig die höchste Position ein, der alle anderen Kriterien nachzuordnen sind" (Scholze-Stubenrecht 1995: 2). Det er semje om at semantikken er det viktigaste i leksikografisk perspektiv, men artikkelen gjev ikkje andre svar på korleis ein vidare skal plassere aspekta i

hierarkiet.

Grammatisk ekvivalens fungerer som samleomgrep som mellom anna inkluderer syntaks, orddanning og valens. Når eg vurderer den diakrone ekvivalensen, ser eg også på etymologien, og til slutt vil eg ha pragmatisk ekvivalens som ein hovudkategori, som også ser på det kontekstuelle aspektet. Dersom eg vil seie noko om den stilistiske eller lydleg-rytmiske ekvivalensen mellom uttrykk, kan det også kome fram i det pragmatiske aspektet.

Mine kategoriar	Samanfatting av følgjande av Scholze-Stubenrecht sine aspekt (1995: 1)
Semantisk ekvivalens	Die semantische Äquivalenz Die metaphorische Äquivalenz
Grammatisk ekvivalens	Die syntaktisch-grammatikalische Äquivalenz
Diakron ekvivalens	Die diachronische Äquivalenz Die etymologische Äquivalenz Die diatopische Äquivalenz
Pragmatisk ekvivalens	Die pragmatische Äquivalenz Die kontextuelle Äquivalenz Die Geläufigkeitsäquivalenz Die stilistische Äquivalenz Die lautlich-rhythmische Äquivalenz

Stor sett har eg plassert ekvivalensaspekt som eg handsama saman i dette kapittelet i same hovudkategori i skjemaet. Eit unntak er at eg no har sett kjenskapekvivalens og diatopisk ekvivalens i ulike kategoriar, sjølv om eg veit at det ikkje er heilt vanleg. Grunnen er at eg meiner det er teneleg i sjå dialektal bruk saman med historisk utvikling i oppgåva mi, sidan utbreiinga av eit ordsamband unekteleg må ha eit historisk perspektiv. I ei vid tolking av 'pragmatikk', kunne sjølvstalt alt dette vore plassert under den.

Det må innrømmast at dette er ein fullstendig uaktuell arbeidsmetode i praktisk leksikografi. Det har vore ei interessant leksikologisk øving, men sjølvstalt altfor tidkrevjande til å kunne vere ein reell måte å arbeide på i eit prosjekt med strenge krav til framdrift. Lærdommen ein kan dra ut, er at det er viktig å ikkje fokusere einsidig på det semantiske, eventuelt i kombinasjon med ein pragmatisk analyse. Dersom eg i det vidare arbeidet alltid er innom dei fire hovudkategoriane som eg har sett opp, er det mykje mindre risiko for å gå glipp av viktig informasjon som enten avkreftar eller stadfestar ekvivalens.

Kapittel 4: Kasusstudiar

I denne delen av oppgåva skal vi undersøkje fleire ordsamband i *ISLEX* ut frå omgrepa vi brukte i kapittel 3 på *bera hitann og þungann af <e-u>*. Analysane her vert ikkje like inngåande, men eg brukar dei fire ekvivalensaspekta eg oppsummerte førre kapittel med – som er dei mest sentrale. Det vil vise seg at ulike ordsamband kan vere vanskelege å omsetje til den eine eller begge målformene av mange ulike grunnar. Dersom eg ikkje har noko særskilt å tilføye om eitt eller fleire aspekt ved eit ordsamband, kuttar eg dei i nokre tilfelle ut.

Eg brukte i 2.1.3. bibelomsetjingar for å søkje etter svar på hypotesane mine, og fekk både avkrefta og stadfesta ein del av det eg trudde. Den fyrste hypotesen gjekk ut at at mange ordsamband i moderne bokmål har opphav i ein dansk skriftkultur. Ordsamband er i stor grad knytte til skrift, og i Noreg er det bokmål, i framhaldet av dansk, som har hatt den lengste og sterkaste skriftspråklege posisjonen. Eg gjekk ut frå at ein vil finne mange fellestrekk ved dei islandske ordsambanda sidan islandsk på same måte har vore under sterk dansk språkleg påverknad, og at det er ein av grunnane til at islandske ordsamband enklare lèt seg omsetje til bokmål enn til nynorsk. No viste det seg at årsakssamanhengen slett ikkje var så tydeleg i bibelomsetjingane, men kanskje kan vi sjå andre trekk når vi i dette kapittelet skal sjå på eit vidare utval av ordsamband.


Den andre hypotesen min går ut på at nynorskuttrykk er meir konkrete enn tilsvarande på bokmål. Dei ekvivalerer ikkje på det metaforiske planet fordi ein ikkje brukar dei med overført tyding. Dette stemde godt med språket i bibelomsetjinga i djupdykket (jf. "Dei som kom sist, har ikkje arbeidd meir enn ein time, og så set du dei likt med oss *som har slite og sveitta heile dagen!*" i nynorskutgåva vs "De som kom sist, har arbeidet bare én time, og du stiller dem likt med oss, vi *som har båret dagens byrde og hete*" på bokmål), men er det eit like sterkt generelt trekk? Det er mogeleg at det er dei nynorske bibelomsetjarane som har valt sin eigen veg og stil, og at ordsamband med anna opphav er enklare å finne ekvivalentar til. Noko som talar for det, er at vi i Noreg har ei litterær fellesarv som i nokre tilfelle fører til at ein aksepterer lån mellom målformene. Så sjølv om språkbruken i fyrste runde kan sjå stiv og uidiomatisk ut, lèt det seg kanskje gjere å finne pragmatiske løysingar?


4.1. Andlit

I dette delkapittelet skal vi sjå på eit ordsamband med bibelsk opphav der det er vanskeleg med målformekvivalens:


andlit subst n


and-lit

 B ansikt, fjes

 N andlet, ansikt, fjes

<yrkja jörðina> i sveita síns andlitis

 B <dyrke jorden> i sitt ansikts sved (gammel bibeloversettelse: 1. Mos 3,19)

 N <dyrka jorda> med sveitte i andletet (bibelsk: 1. Mos 3,19)

4.1.1. Semantikk

Fyrst skal vi sjå på det islandske ordsambandet. I *SOÍM* er <yrkja jörðina> í sveita síns *andlitis* plassert under hovudoverskifta *ÁREYNSLA/ERFIÐI* 'slit (noko som røyner på)/vanskar'. I *Mergur málsins* har uttrykket *gera e-ð í sveita síns andlitis* fått den diasystematiske markeringa 'formell' under oppslagsordet *sveiti*. Forklaringa lyder: "gera e-ð með atorku sinni og elju; hafa mikið fyrir e-u", 'gjere noko med handlekraft og uthald; at noko krev mykje av deg' (Friðjónsson 2006: 859). Under *andlit* står i tillegg til desse to forklaringane også "gera e-ð með ærnu erfiði" 'gjere noko med monalege vanskar' (2006: 11). Lenger nede i *sveiti*-artikkelen står det at ordsambandet har bibelsk opphav, og at den kristne tydinga inneber at det er snakk om ei straff: "Adams syndastraff var það hann skyldi í sveita síns andlitis síns brauðs neyta" 'Adams syndestræff var at han skulle ete sitt brød med sveitte i ansiktet' som det står i ein tekst av biskop Jón Vídalín (1666–1720).

På norsk har vi omsett <yrkja jörðina> í sveita síns *andlitis* med den gamle bibelomsetjinga <dyrke jorden> i sitt ansikts sved på bokmål. Dette får vi støtte for til dømes i *Bevingede ord*: "**I ditt ansikts sved skal du ete ditt brød**, 1. Mos. 3, 19, eldre tekst; nå: "Med svette i ansiktet skal du ete ditt brød." (Gundersen 2006: 242). Ordsambandet står ikkje under *svette*, så det tyder på at det er den gamaldagse formuleringa med *sved* som vert brukt også i dag. I *Norsk ordbok* (Guttu) vert *sved* forklart slik: "dansk, parallellform til svette, (i forb.) *arbeide i sitt ansikts sved* ☞:hardt, med anstrengelse (jf. 1. Mos. 3.19)".

På nynorsk heiter det både i gamle og nyare bibelutgåver <dyrka jorda> *med sveitte i andletet*. Dette er interessant på mange måtar. For det fyrste viser det problemet med uttrykk som inneheld *s*-genitiv på bokmål, i nynorsk har det vore ei sterk tradisjon tilbake til Aasen for å løyse opp slike i bibelspråket (jf. 2.1.3.). For det andre er det eit godt døme på lånord frå dansk (*sved*) som aldri har festa seg på nynorsk. Difor får bokmålsidiomet *i sitt ansikts sved* eit arkaisk preg samanlikna med det nynorske *med sveitte i andletet*. Nynorskuttrykket er ei skildring av ein fysisk tilstand, medan bokmålsuttrykket har etablert seg som idiom med overført tyding. Nynorskformuleringa går rett inn i hypotese 2; det er ikkje noko med *med sveitten i andletet* som gjer at ein les det overført. Det er det det er, og har ikkje noko ikonografisk kraft. Det islandske *í sveita síns andlitis* er eigentleg også rett på sak, men som vi skal sjå under pragmatikk har det ei fiksert form og vert brukt idiomatisk i samanhengar som ikkje har det minste med sveitte eller bibel å gjere – det er berre eit bilete for ei påkjenning.

4.1.2. Grammatikk

Den grammatiske strukturen til <yrkja jörðina> *í sveita síns andlitis* og bokmålskvivalenten <dyrke jorden> *i sitt ansikts sved* er heilt ekvivalente bortsett frå leddstillinga. Det nynorske <dyrka jorda> *med sveitte i andletet* er noko annleis oppbygd då ein har gjort om genitiven til eit preposisjonsuttrykk. Det er ikkje noko med verken bokmåls- eller nynorskvarianten som gjer at dei grammatisk ikkje kan brukast på same måte.

4.1.3 Diakroni

Ein må tilbake til omsetjinga frå 1930 for å finne forma *ansikts sved* i ein bibel på bokmål. Både i 1978/85 og 2005-utgåva står det: "Med svette i ansiktet skal du ete ditt brød", altså ei formulering som er svært lik den nynorske formuleringa. Det er interessant at idiomet *i sitt ansikt sved*, som vert brukt relativt hyppig på bokmål i dag, ikkje har vore brukt i den opphavlege konteksten på så mange år. Det Norske Bibelselskap har i dei seinare åra lagt stor vekt på at omsetjingane skal vere forståelege for moderne menneske, rett nok på same tid som dei vil formidle Bibelen sin grunntekst så nært som mogeleg. Det interessante er at ordsambanda festa seg i si tid i allmennspråket i danskprega språkdrakt (jf. 2.1.3), og dei levde og lever sine liv uavhengig av om det kom omsetjingar til nynorsk eller nyomsetjingar til bokmål; uttrykka var allereie fikserte. Det er difor ikkje tvil om at det er den gamle

omsetjinga *i sitt ansikts sved* som skal stå som idiomatisk omsetjing av det islandske uttrykket.

Samstundes må vi berre innrømme at nynorskomsetjinga vår ikkje er ekvivalent på alle nivå. Det tydelege bibelske preget på ordsambandet gjer det likevel vanskeleg å velje ei løysing som t.d. <*dyrka jorda*> *med stor møde*, som ser vekk frå det bibelske opphavet. *Med sveitte i andletet* prioriterer den semantiske ekvivalensen og etymologien høgare enn den pragmatiske og stilistiske ekvivalensen.

4.1.4. Pragmatikk

Ordsambandet *i sveita síns andlitis* får 49 treff på google.is (der eitt av dei er frå eit intervju med meg om mastergradsoppgåva mi), vi snakkar med andre ord ikkje om noko høgfrekvent samband:

(En samkvæmt skilgreiningunni sem margir tönnlast á voru Fjölnismenn og Jón Sigurðsson mestu ónyttjungar Íslands á sínum tíma) þegar þeir sátu á kaffihúsum í Kaupmannahöfn á meðan landar þeirra hírðust í moldarkofum, þræluðu í sveita síns andlitis og löptu dauðann úr skel. 'på same tid som dei sat på kafé i København var landsmennene deira stua saman i torvhytter, sleit "X" og levde i svolt og armod.' (Ragnarsson 2010)

Eg vel å berre omsetje den mest sentrale delen av korpusutdraget, her vil eg meir gje eit inntrykk av typisk bruk på kjeldespråket. Eg kjem tilbake til å omsetje heile islandske bruksdøme under EKS, der prøver eg også ut ulike norske ordsamband i staden for det islandske, her set eg berre inn ("X") sidan eg no reknar innhaldet i uttrykket som kjent. Det viktigaste i dømet over, er at det syner at ordsambandet stilistisk er noko stivt, men konteksten har ikkje noko med religion å gjere. Kjernen i uttrykket er eit stadig slit, det er noko som føregår over (lang) tid, det er ikkje noko brå påkjenning.

I norske korpus ser vi at *i sitt ansikts sved* vert brukt både i kristelege kjelder, av politikarar frå norsk høg- og venstreside og i mange andre samanhengar. Her har eg med to døme som illustrerer typisk bruk av uttrykket:

En annen fordel ved å legge til rette for gjestearbeidere fra fattige til rike land er den økte pengestrømmen som da vil gå motsatt vei. Man sender penger hjem.
- Disse midlene har en annen karakter enn u-hjelp. Det er penger tjent i sitt ansikts sved.
Sannsynligheten for at de blir sløst bort eller forsvinner i feil lommer, som så ofte skjer med u-hjelpsmidler, er således langt mindre. (Isachsen 2007)

Den andre er drømmen om et samfunn der mennesket ikke lenger behøver å skaffe sitt brød i sitt ansikts sved – et samfunn der fysisk arbeid ikke lenger er betingelsen for å overleve. Der mennesket isteden kan bruke tiden til å utfolde seg spirituelt og intellektuelt, og til å nyte livet sammen med sine kjære

eller i å dyrke sine evner. (Sandbu 2008)

Eit søk på den nynorske formuleringa *med sveitte i andletet* fekk 11 treff. Eitt av dei "mitt", resten er kristelege og ei direkte tilvising til bibelteksten:

Då menneska gorde opprør mot Gud, og gjekk sin eigen uavhengige veg, vart jorda forbanna for deira skuld. Det tok til å veksa torner og tislar frå ei forbanna jord og det gode arbeidet vart til eit slit med sveitte i andletet. (Norleif 2009)

Konklusjonen når det gjeld pragmatisk ekvivalens er at ordsambanda på islandsk og bokmål vert brukte på same måten, men nynorskuttrykket er mykje nærare knytt til den opphavlege kristne konteksten.

4.1.5. Empirisk-kontekstuell substitusjon (EKS) og konklusjon

Farø tilrår ein metode han kallar *empirisk-kontekstuell substitusjon (EKS)* for å avgjere ekvivalens (jf. avsnitt 1.5.2) (2004: 97). Metoden går ut på å ta eit tekstutdrag frå korpus som viser ein representativ bruk av idiomet, og omsetje konteksten til målspråket, medan ein utelèt sjølve idiomet. Substitusjonen består i å setje inn målspråksidiomet på staden til idiomet på kjeldespråket og vurdere om dette vert akseptabelt. Om det ikkje er det, kan ein prøve om andre alternativ er betre. Det eg likar best med metoden, er at han får fram så mange ekvivalensaspekt på éin gong. Det kjem fram om alternativa fungerer med tanke på kjernepunktta semantisk, grammatisk og pragmatisk (inkl. stilistisk) ekvivalens. EKS seier ikkje noko om diakroni, og det er berre positivt at metoden hjelper oss til å sjå vekk frå dette mindre relevante aspektet. Er uttrykka ekvivalente på kjernepunktta, kan ein seie at dei iallfall er delvise leksikologiske ekvivalentar, og ut frå kunnskapen om at fullekvalens er sjeldan, må ein også kunne godta dei leksikografisk – men då kanskje med ein eller annan type diasystematisk markering. Dermed har ein teke steget frå ein leksikologisk analyse av ekvivalensaspekt til å vurdere om ordsambanda kan fungere i ei ordbok.

Eg vel å ta utgangspunkt i dei tre bruksdøma Friðjónsson har med under oppslaget *sveita* (2006: 859): "Han hefur alltaf unnið mikið og reisti sitt eigið hús í sveita síns andlitis." 'Han har alltid arbeidet mye, og han reiste sitt eget hus *i sitt ansikts sved*'/'han har alltid arbeidd mykje, og han reiste huset sitt *med sveitte i andletet*'. Bokmålsomsetjinga meiner eg er akseptabel, setninga kan minne litt om sitatet om gjestearbeidarane over. Det nynorske uttrykket er og blir problematisk; dette er ikkje ei naturleg formulering for ein nynorskbrukar.

Seier ein derimot: 'han har alltid arbeidd mykje, og han reiste huset sitt *med stor møde*' er ein nærare, sjølv om det ikkje er fullekivalent. Alliterasjonen gjer iallfall at ein er nærare stilistisk ekvivalens. Det skulle kanskje tilseie at vi må ha med ein ekstra ekvivalent på nynorsk.

– Hann var einn af þeim Íslendingum sem þénuðu brauð sitt í sveita síns andlitis. 'Han var en av islendingene som måtte brødfø seg *i sitt ansikts sved*.' 'Han var ein av islendingane som måtte brødfø seg *med sveitte i andletet*.' Bokmålsuttrykket ekvivalerer semantisk, grammatisk og pragmatisk, medan nynorsksetninga verkar som uidiomatisk. Eit anna uttrykk som også vert brukt i norske bibelomsetjingar, er *med strev og møye/med strev og møde* (til dømes i Første Krønikebok 22,14) – og det kan fungere i denne samanhengen. Sidan det er snakk om brød, er bibelallusjonen ekstra tydeleg, og difor vert det ynskjeleg å finne ei løysing med bibelsk klang.

Eg har tidlegare (ikkje i samband med denne oppgåva) vurdert den nynorske omsetjinga og konkludert med at ho må stå som ho gjer. Grunngevinga då var at vi prioriterer norske brukarar, og for dei er det mest interessant å få vite kva som eigentleg står i Bibelen – fordi eg rekna med det også ville seie ein del om bruken i kvardagsspråket. Ei lita trøyst er det at også Lars Vikør, ein av hovudredaktørane i *Norsk ordbok* (2014), meinte det var riktig at vi gjorde det slik (pers. komm. 2009). Analysen av alle ekvivalensaspekta og ikkje minst EKS-metoden viser det motsette. Dei fleste nynorskbrukarar ville aldri finne på å bruke *med sveitte i andletet* på grunn av konnotasjonane, difor er det ikkje særleg leksikografisk relevant. Vi bør i *ISLEX* ha med ein ekstra ekvivalent på nynorsk av typen *med stor møde* eller *med strev og møde* som stilistisk/pragmatisk fungerer mykje betre. Bokmålskvivalenten skal få stå som han står åleine.


4.2 Hryggbrot


Dette delkapittelet handlar også om høl mellom målformene. Kva gjer vi når eit meir litterært ordsamband med tysk opphav berre ser ut til å ha festa seg i bokmål? *Hryggbrot* er også eit godt døme på omsetjing der vi legg meir vekt på funksjonen enn forma til uttrykka.

hryggbrot subst n


hrygg-brot


1

 ryggbrudd


 ryggbrot


2

 avslag (pá frieri)

 avslag (pá frieri)

hann bað stúlkunnar en fékk hryggbrot

 han fridde til jenta, men fikk kurven

 han fridde til jenta, men fekk nei

4.2.1. Semantikk

I tillegg til substantivet *hryggbrot* har ein på islandsk verbet *hryggbrjóta* og adjektivet *hryggbotinn*. Den mest brukte er verbforma, og det er også under *hryggbrjóta* gjennom frasen *hryggbrjóta <biðilinn>* 'gje avslag til beilar' ein finn opplysingar om tydinga i *SOÍM*; hovudoverskrifta er *HÖFNUN* 'avslag', underoverskrifta er *hafna e-u/e-m* 'gje avslag til noko/nokon'.

Hryggbrot er eit polysemt ord. Den fyrste tydinga er konkret 'eit ryggbrot', den andre er overført og vert i *ISLEX* forklart med "það þegar bónorði er hafnað" 'det at eit frieri vert avslått'. Denne forklaringa er meint som hjelp til oss redaktørane i databasen vi arbeider i, men vil ikkje vere synleg for ordboksbrukarane på heimesida. Til denne siste tydinga har vi sett inn ekvivalenten 'avslag' med avgrensinga 'på frieri'. Bruken av den overførte tydinga vert vist i bruksdømet *hann bað stúlkunnar en fékk hryggbrot*. Dette er omsett med 'han fridde til jenta, men fikk kurven' på bokmål. Vannebo skriv i *Katta i sekken* om uttrykket **gi en kurven**: 'gi en avslag på frieri'; 'gi en et avslag'. Tilsvarende har vi også uttrykket *få kurven = få avslag på frieri* (2006: 136).

På nynorsk har vi omsett bruksdømet med 'han fridde til jenta, men fekk nei', spørsmålet er om det er korrekt å utelate *få korga* på nynorsk. I *Norsk ordbok* (2014) står dette under oppslaget *korg*: "**gjeva korga** med pers omsynsledd, avslå frieri frå nokon // i vend **få korga** få avslag på frieri". Vikør meiner at så lenge det står slik "må det reknast som nynorsk, sjølv om det ikkje er så vanleg i dag (som det heller ikkje er på islandsk, sa du)" (pers. komm.

2009). Han skriv også at han ikkje ville reagert på uttrykket på nynorsk. Ikkje alle er einige i den vurderinga, mellom andre Helge Sandøy meiner at *få korga* ikkje er noka etablert form på nynorsk, og at vi må finne andre løysingar – som *få nei* (pers. komm. 2009). Johan Myking (pers. komm. 2008) og Tor Erik Jenstad (pers. komm. 2009) har også i ulike samanhengar sagt at dei opplever ordsambandet som eit bokmålsuttrykk, og at det ikkje er uproblematisk å nytte det med nynorske endingar. Poenget mitt er at ein kan meine så mangt ut frå personleg (språkpolitisk) ståstad og magekjensle, men det er ikkje så enkelt å vite kva som er rett å gjere leksikografisk. Meir om dette kjem under pragmatikk (avsnitt 4.2.3).

Det ser i fyrste runde ut til å vere lav ekvivalens på det metaforiske planet mellom å *få hryggbrot* og *få kurven*. Nynorskuttrykket *få nei* inneheld også eit *få*, men bortsett frå det har ikkje det noko til felles med det islandske. Den biletskapande krafta kjem eigentleg ikkje ordentleg fram i bokmålsuttrykket før ein kjenner bakgrunnen for det, og det viser seg faktisk å vere ei kopling mellom *få kurven* og *få hryggbrot* også på det metaforiske planet.

4.2.2. Diakroni

Uttrykket heiter på tysk *einen Korb geben/bekommen*, og det skriv seg opphavleg frå riddartida då riddardøtrene lét dei hemmelege elskarane sine heise opp i ei korg. Likte dei ikkje friarane, kunne dei sende dei ned igjen og eventuelt også la korga verte hengande når ho berre var halvvegs nede. Gjekk korga sund, vart det tolka som eit varsel om at han ikkje skulle ha jenta. Jenta kunne også løyse botnen dersom ho ikkje ville ha han. Friarane fall då gjennom og fekk ei brå og smertefull avslutning på frieriet sitt (Vannebo 2006: 136).

I *Bevingede ord* står det mykje av det same. Ein liten skilnad er at forfattarane der også har med eit aktuelt anna ordsamband: "Derfor kunne hun løsne bunnen i kurven hvis hun ikke ville ha ham. Så *falt han igjennom*. Skikken var vanlig i Mellom-Europa, men utviklet seg raskt til at piken som avslag på frieri sendte en kurv uten bunn til tilbederen" (Gundersen og Evensberget 2006: 296).

Eg vil raskt tilbake til den ikonografiske ekvivalensen sidan vi no veit kva som ligg bak uttrykket. Dersom du deiser i bakken frå ei korg som heng langt oppe i lufta, det er ikkje utruleg om du bryt ryggen eller får alvorlege skader. På den måten er *få kurven* likare *få hryggbrot* i form enn ein fyrst skulle tru. Sjølv om funksjon er viktigare enn form, er det jo

kjekt om også forma har noko til felles – ikkje minst fordi det då ofte er meir truleg at vi kan seie at vi har metaforisk ekvivalens. Som vanleg er det her ikkje snakk om fullekvivalens mellom ordsambanda på islandsk og bokmål, men eg vil meie at ein iallfall kan seie at det er høg grad av delekvivalens.

I kapittel 3 slo eg den diatopiske ekvivalensen saman med den diakrone, difor vel eg å handsame to meir dialektale uttrykk i dette diakroniavsnittet på jakt etter ein god nynorskekvivalent: Ei løysing kunne vere å bruke eit parallelluttrykk frå Nordmøre som Jenstad, som også er redaktør i *Norsk ordbok* (2014), tipsa meg om. Der snakka dei om å *gje friarar ei hornskei*. Dersom unge menn på friarferd låg godt an, fekk dei ei sølvskei til å ete med, dersom dei låg an til å få avslag, fekk dei derimot berre ei hornskei. Dersom heimefolket ville understreke poenget, gav dei gjerne sølvskeia til følgesmannen til friaren (pers. komm. 2009).

I setelarkivet til *Trønderordboka* og *Norsk ordbok* (2014) er det mange interessante treff på den aktuelle bruken av ordet *hornskei*. I vedlegg 1 har eg samla saman alle setlane som inneheld ordet og sett inn i ein tabell der det også kjem fram kven som var kjelda til setelen, frå kva bok eller avis setelen var saksa, heimfesting og kva for eit setelarkiv det låg i. Heimfestingane syner at uttrykket har vore brukt frå og med Sunnmøre og heilt nord til Salten i Nordland, sjølv om det ser ut til å vere på Nordmøre det har vore mest i bruk. Eit såpass stort geografisk område vil støtte opp under at ein kan ha uttrykket med i *ISLEX*, dersom ein markerer ordsambandet med 'dialektal' og/eller 'sjeldan brukt' eller liknande. Det neste sjølvsgade spørsmålet er om dette er for gammalt. Nils Betten Straumsnes skreiv i avisa *Driva* i oktober 1975 at "uttrykket å få hornskje lever ennå i dag". Sjølv om uttrykket levde då, kan vi hevde at det lever i 2010? Også på setelen frå Lars Røslie står det at uttrykket er "vanleg tale", men det står ikkje noko årstal knytt til denne setelen.

Eit anna spennande funn i vedlegg 1 er referansane til *få kurven*. Heile tre av ni setlar refererer til *få kurven*, på to av dei står uttrykket på bokmål, og på den siste står det både på bokmål og nynorsk sjølv om resten av setelen står på nynorsk:

1. "Hann fikk hånnsjei". (Fikk "kurven". Sagt om ein friar som fekk "nei".)
2. hadde gjeve honom hornskjeidi *), med di han var av mindre vyrdt folk. *) "give kurven."
3. ein friar som har fått nei-ord at "han har fått korga (kurven)" (...) "Han har fått honnskei"

Dette fortel oss at dei som har brukt uttrykket har opplevd bokmålsforma som problematisk. Det er også påfallande at to av setlane i litt ulike variantar brukar løysinga vi også har valt i *ISLEX*, nemleg *som fekk nei*. Setlane presenterer altså tre ulike løysingar 1) *få hornskei*, 2) *få kurven/korga* og 3) *få nei*. Andre alternativ som kjem fram, er *å ikkje lukkast (som friar)* og *å få avslag på frieri*.

4.2.3. Pragmatikk

Vi startar med eit islandsk bruksdøme, og som i 4.1.4 omset eg ikkje sjølv idiomet:

"Stúdentinn vék sér að Guðrúnu. "Eg fékk hryggbrot," sagði hann. Unga'mærin fölnaði. "Eg mátti vita það," sagði hún ofurlágt. "Er þá allt búið?" "Nei, góða mín. Alls ekki," sagð hann. "Studenten snudde seg mot Guðrún. "Eg fekk "X""", sa han. Den unge jenta bleikna. "Eg burde ha visst det," sa ho svært lavt. (...)" (Bjarni úr Firði 1962).

Som bruksdøme på norsk siterer Vannebo: "Kvinnene ... kan like gjerne si ja til en fyr i det ene øyeblikket, for så å gi ham kurven i det neste" (2006: 136). Forklaringa og bruksdømet til Vannebo viser at vi har ein bokmålskvivalent til det islandske ordet som fungerer godt både stilistisk og ikonografisk. Spørsmålet er kva ein gjer når *han fekk korga* ikkje i like stor grad er ei fast formell eining på nynorsk og bakgrunnen for biletbuken er lite kjend. Sjølv om ein har ein dekkjande ekvivalent på den eine målforma, tyder det ikkje at ein har ein parallell på den andre. "Han fridde til jenta, men fekk nei" er unekteleg det ein helst seier på nynorsk, men ikonografisk ekvivalerer formuleringa slett ikkje. Grunnen til at vi likevel har valt å bruke dette, er at den semantiske funksjonen er lik, og at bokmålsuttrykket inneheld ei så markert bokmålsform av substantivet at det ikkje fungerer på nynorsk. Vi kan difor ikkje låne forma "kurven" (jf. lån av former mellom målformene under *sauður* i 4.3). Sandøy meiner at vi heller ikkje kan seie *han fekk korga*, fordi det rett og slett ikkje er etablert som nynorskuttrykk. Islandsk og bokmål har ein biletbuk som nynorsk manglar, og som han meiner vi ikkje kan opprette (pers.komm 2009).

Vikør argumenterer med at sjølv om *få korga* ikkje har vore mykje brukt på nynorsk, kan det likevel forsvarast å velje det som ekvivalent:

Eg har sett i setelarkivet vårt etter belegg, og sjølv om det er vanskeleg å finne uttrykket i rein form, er det fleire stader klare teikn på at det var kjent og brukt (mest i litt eldre mål). Frå 1886 ("Fraa Bygd og By" av Mons Litleré): "Desse <tri av dei gildaste gardsgutarne i bygdi> hadde alle fenget korgi hjaa Sigrid." Annan stad i same bok: "mange gilde gutar baud seg fram ... men korgi fekk dei alle." Frå 1930-åra: "han var ikkje meint på å taka imot korga ho hadde gjevi han" (Nynorsk Vikeblad 1936, konteksten viser at det er den aktuelle tydinga som er meint). Teikningstekst frå Gula Tidend 1937: "Den eldre frøken (ertande til ein herre): 'Kan De hugsa at De eingong fridde til meg, og at eg gav Dykk ei korg?' - Herren: 'Ja, frøken, det er eit av mine kjæraste minne.'" Og til slutt frå Gula Tidend 1984: "Etter at vedtaket om å støtte Arbeidarpartiet kom, har leiande sosialistar gjeve Venstre korga på frieriet sitt." - Så eg meiner du berre kan bruke "få korga", det er langt betre enn alternativet. (pers. komm 2009)

Det er relevant å spørje seg om eit lokalt uttrykk frå Nordmøre kan vere å føretrekkje framfor eit uttrykk som har vore så lite i bruk som *få korga* på nynorsk. Faren med å oppgje *få ei hornskei* som ekvivalent er sjølvstakt at ein mellom anna kan villeie islandske brukarar til å ta i bruk eit uttrykk dei færreste kjenner, og at vi på den måten heller gjer kommunikasjonen deira med nordmenn vanskelegare enn omvendt. Scholze-Stubenrecht átvarar mot slike løysingar i artikkelen sin (1995: 14), og om eg likar *få ei hornskei* aldri så mykje, fungerer det ikkje i ei tospråkleg ordbok. Det er kanskje vel så viktig at setlane til *hornskei* problematiserte dette opp mot *få kurven*, og at dei på den måten viser at *få korga* ikkje er utan vidare heller er ein god ekvivalent på det pragmatiske planet.

4.2.4. Grammatikk

Både det islandske *hann* (*bað stúlkunnar en*) *fékk hryggbrot* og bokmålsuttrykket *han* (*fridde til jenta, men*) *fikk kurven* inneheld verb (*fékk* og *fikk*) som tek subjekt (person, på islandsk i nominativ: *hann* og *han*) og objekt (på islandsk i akkusativ: *hryggbrot* og *kurven*). Om ein seier *han fekk nei*, får det ikkje andre grammatiske eigenskapar. Alle alternativa er temmeleg identiske på det grammatiske planet.

4.2.5. EKS og konklusjon

Fyrst skal vi sjå på eit bruksdøme frå *SOÍM* (under *hryggbrjóta* riktig nok): "kóngsdóttirin hryggbraut alla biðlana" 'kongsdatteren gav alle frierne kurven/kongsdottera gav alle friarane korga/kongsdottera sa nei til alle friarane'

Eit anna døme er henta frå google.is. Sidan eg har sagt at eg reknar *få kurven* som ein god bokmålskvivalent, omset eg her berre til nynorsk:

"Hann reyndi með öll móti að fá Guðríði til að selja sér jörðina, en hún var ófáanleg til þess. Svo tók hann það til bragðs, að biðja hennar, til að ná þannig yfirráðum yfir jörðinni, en fékk hryggbrot" 'Han prøvde på alle måtar å få Guðríður til å selje jorda til seg, men ho var urokkeleg. Så tok han seg til og fridde til henne, for å på den måten få råderett over eignedomen, men han fekk korga/men han fekk nei' (Hjörleifsson 1901).







Det er sjølvstakt mange måtar ein kan uttrykkje å få eit avslag på norsk. Ein kunne prøvd uttrykket frå *Bevingede ord*: 'Så tok han mot til seg og fridde til henne, (...), men han fall gjennom'. *Falle igjennom* tyder å ikkje kunne hevde seg eller mislykkast (*NOB*). På den måten tek ein vare på noko av metaforikken frå korg-biletet, men elles er *falle gjennom* altfor

vidt. Eit alternativ som kunne vore meir aktuelt står under *glugg* el. *glugge*: "overf, vraka visa frá seg (ein friar) (...) han vart skoten for glugg, jenta ville ikkje ha han" (*Norsk ordbok* (2014)), men her er EKS-metoden fin; 'Så tok han mot til seg og fridde til henne, (...), men han vart skoten for glugg' – det er ikkje mange som seier dette.

No har eg med jamne mellomrom sett på *hryggbrot*-artikkelen i 2 ½ år, og *han fekk korga* høyrst ikkje like framandt og underleg ut som det gjorde fyrst, eg må vere medviten om at det spelar inn når eg skal vurdere om uttrykka er likeverdige. *Fá hryggbrot* og *få korga* er ikkje høgfrekvente uttrykk verken på islandsk eller norsk, ut frå det perspektivet er *få nei* altfor frekvent. Samstundes er *få korga* ikkje uproblematisk for nynorskbrukarar, så dersom ein i det heile tek det med, saman med *få nei*, må det markerast med *sjeldan* eller liknande.

4.3. Sauður og úlfur

Her skal vi gå gjennom to ulike ordsamband. Det fyrste aktualiserer ulikskapane mellom målformene når det gjeld *s*-genitiv (jf. avsnitt 2.5.1). Løysinga vi skisserer på nynorsk er her å gjere genitiven om til eit preposisjonsuttrykk. I tillegg inneheld bokmålsuttrykket eit låneord frå dansk som det er mindre tradisjon for å bruke på nynorsk (jf. avsnitt 2.5.2.)

<p>sauður subst m</p> <p>1</p> <p> sau, gjeldvær</p> <p> sau, gjeldvêr</p> <p>2</p> <p> sau, tosk</p> <p> sau, tosk</p> <p>vera svartí sauðurinn <i fjölskyldunni></p> <p> være <familiens> sorte får</p> <p> vera det svarte fåret <i familien> ('får' er her eit lån frå bokmål, dyret heiter 'sau' på nynorsk)</p>

4.3.1. Semantikk

Det islandske *vera svartí sauðurinn <i fjölskyldunni>* står i *SOÍM* under *AÐILD/PÁTTAKA* 'medverknad/deltaking' og underoverskrifta tilheyrar ekki/pykja ekki tilheyrar hópnum 'ikkje vere ein del av/virke til å ikkje vere ein del av gruppa'.

I *Mergur málsins* "'vera sístur í hópi; vera gallagripur'. 'vere den dårlegaste i ei gruppe; vere eit mândagseksemplar' (...) Friðjónsson skriv at samanlikninga er uklar, men at biletet kan kome av at svarte sauer skil seg ut frå gruppa. Dessutan har svart negative konnotasjonar og svart ull har lågare verdi enn kvit. Til slutt viser han til dansk *familien sorte får*, engelsk *a black sheep; the black sheep of the family* og tysk *das schwarze Schaf der Familie* (Friðjónsson 2006: 712).

Bokmålsuttrykket inneheld eit dansk låneord, *får*, vi kan snakke om ein danisme. I *Norsk ordbok* (Guttu) står dette: "**får**" -et, - (litt., bib., kulinarisk) sau: *familiens sorte får* den i familien som bringer skam over den." *Får* er ikkje oppslagsord i *NOB*, men det er derimot fyrsteleddet *fåre*-. Om det står det berre "**fåre**- (av da. *får* 'sau')". Søkjer ein på fåre*, får ein tre treff: "fåre-", "fårefrikassé" og "fårepølse", altså kan fyrsteleddet brukast på nynorsk i samansette matord, men ikkje så vidt som i bokmål. *BOB* gjev oss nemleg ti treff på fåre*:

"TILSLAGSORDARTIKKEL FRA BOKMÅLSORDBOKA (offisiell rettskriving)

fårefrikasséfåre|frikassé frikassé av sauekjøtt **fårehund~hund** gjeterhund **fåreklær~klær** ulv i f-, se ulv **fårekotelett~kotelett** **fårepølse~pølse** fåresopp~sopp spiselig poresopp i familien *Polyporaceae*, sauesopp, *Albatrellus ovinus* **fåresteik~ste(i)k** stek av sauekjøtt **fårestek~ste(i)k** stek av sauekjøtt **fåret får**|et a2 el. ~ete a3 dum, fjollet *et f- smil* **fårete** **får**|et a2 el. ~ete a3 dum, fjollet *et f- smil*"

Måten ein i *ISLEX* har valt å gjere dette på, er å godta eit lån frå bokmål, men opplyse brukaren om at dette er avgrensa til akkurat dette idiomet, *vera det svarte fåret i familien*. Her kjem det også fram at ein har unngått genitiven med å skrive om til eit preposisjonsuttrykk; 'familiens' → 'i familien'. Ein kunne ha valt løysinga Magne Rommetveit skisserer i *Med andre ord*, nemleg omskrivingar: "problembarnet (brysamungen, bytingen, rakkarungen, rampungen, røvarungen, utskotet, ugagnskråka, ukjura, utskotet, (stundom:) hakkekyllingen, hoggestabben, syndebukken) i familien" (1993: 268), men vi har valt å låne fordi låneuttrykket også er fast for nynorskbrukarar, sjølv om det kanskje ikkje formelt sett er korrekt. Ein kan seie at *ISLEX* her leksikaliserer idiomet.

Metaforisk kan vi snakke om fullekivalens, så langt ser det ikkje ut til å vere noko som skil det islandske frå det norske når det gjeld innhald.

4.3.2. Grammatikk

Ordsambandet *vera svartí sauðurinn* <í fjölskyldunni> inneheld eit verb som tek subjektspredikativ (på islandsk substantivfrase i nominativ med etterhengd artikkel: *svartí sauðurinn*) og det beskrivande preposisjonsleddet *í fjölskyldunni*. Bokmålsuttrykket *være* <*familiens*> *sorte får* er litt annleis, sidan det inneheld ein *s*-genitiv. *Familiens* er ein genitiv for heilskap. I tillegg er ordstillinga annleis. Nynorskuttrykket er denne gongen likare det islandske: *vera det svarte fåret* <*i familien*>, det har både tilsvarende grammatikk og ordstilling. Dermed er dette òg ei avvising av hypotese 1 om at ordsamband (denne gongen med anna opphav enn bibelsk) er likast på bokmål og islandsk på grunn av den danske påverknaden. Her er det altså islandsk og nynorsk som er likast i form.

4.3.3. Diakroni

I *Bevingede ord* står det at *det finnes svarte får i enhver flokk* er ein engelsk talemåte som kan førast tilbake til Walter Scott (1771–1832): *The curates ... know best the black sheep of the flock*. Talemåten er mykje eldre og stammar frå overtrua om at ein svart sau i flokken betydde ulykke og at den svarte ulla hadde mindre verdi enn den kvite.

"Talemåten *Familiens sorte får* skriver seg visstnok også fra England. En vending av den fr. forf. og prest Joseph Roux (1834–86): "Enhver stor familie har sin engel og sin djevel" ble delvis blandet sammen med en annen (> Skeleton in the cupboard) til variasjonen: Enhver familie har sitt sorte får." (Gundersen og Evensberget 2006: 481)

I *Mergur málsins* står mykje av det same, men Friðjónsson hevdar at *vera svartí sauðurinn* (*i e-u*) har bibelsk opphav (2006: 712). Det er rett nok om svarte sauer i Bibelen, t.d. i 1. Mos 30,32 som Friðjónsson viser til, og det kan sjølvstekt spele inn på konnotasjonane ordet *sau* har. Eg tykkjer likevel forklaringa til Gundersen og Evensberget er tydlegare på korleis uttrykket har vorte ein del av meir moderne språkbruk. Uansett korleis ein vel å forklare opphavet, er det ikkje i tvil om at vi snakkar om same uttrykket på islandsk og norsk, og det kan sjå ut til at det har utvikla seg så parallelt at vi brukar det på nokolunde same måte i dei to språka i dag. Meir om dette under pragmatikk.

4.3.4. Pragmatikk

Vi ser på to døme frå google.is fyrst:

"**Final Fantasy VIII- Svarti sauðurinn í seríunni.** Já, FFVIII er glataður leikur. Þvílík vonbrigði að fá þetta á eftir meistaraverkinu FFVII" "**Final Fantasy VIII – "X" i serien.** Ja, FFVIII er et elendig spill. For en skuffelse å få dette etter mesterverket FFVII /**Final Fantasy VIII – "X" i serien.** Ja, FFVIII er eit elendig spel. Det er utruleg skuffande å få dette etter meisterverket FFVII' (Leonheart 2004)

"En nú er ég kominn í hverfi þar þrívíðir skúlptúrar prýða garða og þök og ævintýralegar ljósaskreytingar lýsa upp næturhimininn. Hvað gera bændur þá? Verð ég svarti sauðurinn í hópnum? Já, líklega, svona til að byrja með að minnsta kosti!" 'Men no bur eg i ein bydel der tredimensjonale skulpturar prydar hagar og tak og eventyrlege lysdekorasjonar lyser opp nattehimmelen. Kva gjer bønder då? Vert eg "X" i flokken? Truleg, iallfall i starten!' (Ólafsson 2006)

Det er ikkje vanskeleg å finne døme på bruken av ordsambandet på bokmål. Her har eg valt ut to: "Stepper - På en måte er jeg familiens sorte får, fordi jeg driver med noe som" (DB990804) (Norsk aviskorpus 2010) og "Sosialhjelpen er velferdsstatens sorte får, og det går først og fremst utover" (NL100423) (Norsk aviskorpus 2010). Disse er begge typiske, men internt så ulike at dei får fram spennvidden i bruken. Dei aller fleste treffa har likevel med enten familien/søskenflokket eller flokket/gjengen å gjere.

På nynorsk frå eg eitt treff i nynorskdelene av Oslokorpuset: "trim for eldre på Nattjazzen. Svarte får i Blendabyen | - BEAT HOTEL : Det står" (Bergens Tidende) (Oslo-korpuset 2010). Det som fyrst slår meg ved dette utdraget, er den ironiske tonen. Det andre er at det ikkje er mange treff på nynorskformuleringa. Er det nokon som brukar formuleringane "svarte fåret i" eller "svarte sauene i" (og det er nokre av dei), så er det like gjerne bokmålsbrukarar.

Det er ikkje enkelt å sjå store skilnadar på det pragmatiske planet når det gjeld desse uttrykka. Ikkje minst ser ein at det i begge språk ofte vert knytt til *familien* og *flokken*, men at det også kan også nyttast i heilt andre kontekstar. Stilistisk meiner eg også at begge målformene fungerer fint, nynorsken er betre slik enn om vi hadde brukt eit av alternativa til Rommetveit som eg lista opp 4.3.1. Som eg var inne på i innleiinga til dette kapittelet med kasusstudiar, kan nokre nynorskuttrykk verke litt stive og underlege. Eg meiner at ordsambandet dette delkapittelet handlar om hadde vore eitt av desse om vi ikkje hadde valt å låne ei form *får* frå bokmål. Som eg har skriva om i 2.5.2. er *får* eitt av desse orda frå tysk og dansk som har fått sterkare fotfeste i bokmål enn i nynorsk, på bokmål verkar dei ikkje i like stor grad som på nynorsk som framandelement.

Eg vil hevde at mange nynorskbrukarar til dagleg ofte ikkje nyttar slike alternative uttrykk som Rommetveit rår til, men låner frå bokmål. Norsk har ei skattekasse når det gjeld gode og treffande vendingar, og vi forsyner oss av den når vi treng – gjerne med litt tilpassingar om

uttrykket har svært markerte former frå den andre målforma enn ein sjølv nyttar. Ein måte er å gjere som med *få korga* (at ein nyttar nynorsk bøyning), at ein endrar på ordstilling og skriv om genitivar slik som her med det *svarte fåret i familien*, i staden for *familien sorte får*. Andre gonger ser ein at nokre brukar bokmålsformuleringar, men dei set dei då i hermeteikn (jf. 4.4.2.) om dei ikkje er heilt komfortable med å la det stå umarkert, og til slutt låner ein heile ord (som *får*). Slik eg ser det, er det større aksept for å låne former frå andre språk, målformer eller dialektar i ordsamband enn i anna språkbruk. Det handlar om at ordsambanda uansett ikkje har ei kvardagsleg form, dei er litt annleis. Det at dei er så pass fikserte gjer gjerne også sitt til at ein ikkje ynskjer å endre for mykje på forma på dei for at den/dei ein kommuniserer med skal forstå kva utgangspunktet er – og at ein dermed kan vere litt tryggare på at ein får felles assosiasjonar.

4.3.5. EKS og konklusjon om *sauður*


Begge bruksdøma under er frå *Mergur málsins* side 712: "Hann hefur tekið að sér að vera svartu sauðurinn í fjölskyldunni" 'Han har tatt på seg å vere familiens sorte får/han har teke på seg å vera det svarte fåret i familien'. Her hadde det ikkje vore like godt å bruke 'problembarnet i familien' eller 'brysomungen i familien' som Rommetveit foreslår.

"Í öllum starfsstéttum er að finna svarta sauði" 'Sorte får kan man finne i alle samfunnslag/svarte får kan ein finne i alle samfunnslag' (Friðjónsson 2006).





Eg vil meine at begge omsetjingane over fungerer veldig godt både på bokmål og på nynorsk, og eg stussar ikkje på å kalle dei ekvivalentar til det islandske.

úlfur subst m

1



→ www.fama.is

 B ulv
 N ulv
úlfur í sauðargæru
 B ulv í fåreklær
 N ulv í saueham

Eg skal ikkje gjere nokon grundig analyse av *úlfur í sauðargæru*, men eg tek det med som ei lita motvekt til alle ordsambanda som er så vanskelege å finne ekvivalentar til.

Ordsambandet *vera úlfur í sauðargæru* viser to ting. For det fyrste understrekar det poenget med at ein brukar forma *får* i fleire (saman)sette ord på bokmål enn nynorsk (jf. 2.5.2.). Andre eksempel på dette er *fårehund* versus *sauehund* (under *fjárhundur* og *smalahundur*).

Fårehund vert forklart med "gjeterhund" i *BOB* (2010) og *sauehund* med "mellomstor hund som blir brukt til gjetar- og gardshund" i *NOB*, så det er same fenomen dei skildrar. Ein kan også sjå det i avleiingar som *fårete* versus *fjollete* (under *sauðarlegur* og *sauðslegur*).

For det andre er *ulv i saueham* eit eksempel på alle tilhøva der det er uproblematisk å finne parallelle ekvivalentar på bokmål og nynorsk uavhengig av om uttrykka stammar frå Bibelen eller andre stader.

4.3.6. EKS og konklusjon om *úlfur*

Eksemlpa under er frå *Mergur málsins* side 711 (Friðjónsson 2006):

"Hann er kurteis og kemur vel fyrir en hann er eins og úlfur í sauðargæru, honum er alls ekki treystandi" 'Han er hølig og gjør et godt inntrykk, men han er som en ulv i fåreklær/han er høfleg og gjer eit godt inntrykk, men han er som ein ulv i saueham' – både nynorsk og bokmål fungerer fint på alle nivå.

"Þjóðin getur ekki þolað ... að fulltrúar hennar séu úlfar í sauðargæru" 'Nasjonen kan ikke akseptere ... at dens representanter er ulver i fåreklær/Nasjonen kan ikkje akseptere ... at representantane hans er ulvar i saueham'

Uansett om ordsambandet er uttrykt som ei samanlikning *er eins og úlfur í sauðargæru* eller som ein metafor (eller eit *metaforisk uttrykk* ifølgje Lakoff og Johnson jf. 2.1.2) *séu úlfar í sauðargæru* fungerer ekvivalentane strålande både på bokmål og nynorsk. Dette er viktig å ha med seg med tanke på den andre hypotesen min, der eg hevdar at nynorskuttrykk ofte vert for konkrete. Ja, vi ser døme på det i *med sveitte i andletet*, men *ulv i saueham* er døme på det motsette. Eg minner om at eg har valt ut krevjande ordsamband der målformskilnadane er tydelege, ikkje eit representativt utval. Dei fleste ordsamband er som dette, der målformene gjerne kan vere litt ulike – eller dei er så godt som like, og dei fungerer akkurat like godt.

4.4 Hiti

Ordsambandet viser ei anna løysing enn omskriving på nynorsk når bokmålsuttrykket inneheld *s*-genitiv. Fyrste del av *hiti*-artikkelen er med i avsnitt 3.1.

<missa stjórn á skapi sínu> í hita leiksins



<miste selvbeherskelsen> i kampens hete



<mista sjølvkontrollen> i bruduljene

4.4.1. Semantikk

Ordsambandet <missa stjórn á skapi sínu> í hita leiksins har tre oppføringar i *SOÍM*. Den fyrste er under hovudoverskrifta *FRAMVINDA* 'utvikling' og underoverskrifta *e-að stendur yfir* 'noko skjer'. Oppføring nummer to er under *ÆSINGUR* 'oppheising' og *almennur æsingur* 'allmenn oppheising' og tredje oppføring er i artikkelen *leikur* 'kamp' og underoverskrifta *keppni, viðureign* 'konkurranse, tevling'

I *Mergur málssins* står: "í hita leiksins 'í miðjum klíðum; þegar hæst stendur'" 'midt i; når noko er på det høgaste'. Det står vidare at ordsambandet har vore kjent på islandsk frå siste delen av 1900-talet, altså er det ei relativt ny vending i språket. Biletet viser til at det vert temperatur i kampen – "það hitnar í kolunum" (som tyder at noko spissar seg til), nærast kokepunktet. Han skriv til slutt at ordsambandet har utanlandske parallellar, utan at han presiserer kva for nokre det er snakk om (Friðjónsson 2006: 344). I *Norsk ordbok* (Guttu) står hete forklart som "sterk iver, oppheisselse: *i kampens hete*" (2010). Dessverre står det ikkje noko om (opphavet til) uttrykket i *Bevingede ord*.

På det metaforiske planet er *í hita leiksins* og *i kampens hete* så like at ein kan snakke om fullekivalens. Det er noko som er dramatisk, konfliktylt (på eitt eller annan nivå, det kan godt vere innanfor ein idrettskonkurranse) og det er tydeleg temperatur. Eg vil meine at *i bruduljane* har noko av den same biletleg-overførte tydinga, ein brudulje er også "ståk og ugreie; oppstyr, uro" (*NOB*).

4.4.2. Pragmatikk

Fyrst ser vi på nokre typiske døme på den islandske bruken frå google.is:

„Ég biðst afsökunar á þessu en vill ekki ræða það nánar að svo stöddu," sagði Ágúst Fylkisson í samtali við Vísi. „Þetta gerðist í hita leiksins en aðdragandinn var lengri þótt það hafi ekki komið fram á myndunum, það var ýmislegt búið að ganga á," segir Ágúst en myndir af árásinni voru birtar í fréttum sjónvarps og á Vísi í gær. (Vísir 2008)

Í aðdraganda kosninga keppast frambjóðendur við að ná hilli kjósenda og reyna að telja þeim trú um eigið ágæti. Í hita leiksins hættir einnig mörgum til að fara í loforðakapphlaup og lofa öllu því sem þeir telja að kjósendur vilji sjá. (Álftaness 2007)

Som vi ser, vert uttrykket i begge desse døma brukt om noko (uheldig) som skjer i ein situasjon med høg temperatur eller spenning.

På bokmål er dette eit fint uttrykk som veldig langt på veg ser ut til å verte brukt på same måte som på islandsk:

Hver enkelt soldat fikk oppleve å gi makkeren livreddende førstehjelp i kampens hete. Det kunne være alt fra å besvare ilden, slepe den skadde rundt hjørnet eller gi konkret traumebehandling. (Kallhovd 2009)

Northug på sin side var lei seg over hendelsen. - Jeg har ingen problemer med å beklage det som skjedde. Det var en øyeblikksreaksjon i kampens hete. Det var ikke vondt ment, sier skiesset. (Skatvedt 2008)

Eit overveldande fleirtal av gangane uttrykket finst på norsk Google er knytt til ei dramatisk hending i ei idrettstevling, hovudsakleg om fotballkampar – slik som det siste.

Det er ulike synspunkt på om det er greitt å skrive *i kampens hete* på nynorsk, dette har vel fyrst og fremst med bruken av genitiv å gjere jf. delkapittel 2.5.1. Lars Vikør skriv: "Dette uttrykket står ikkje i *Norsk ordbok* (2014), men eg har sjekka i tekstkorpuset vårt og funne i alle fall åtte belegg frå ymse nynorsk-kjelder, deriblant Edvard Hoem og avisene *Firda* og *Vestnytt*. På møtet var det Oddrun Grønvik som nemnde at ho fann uttrykket heilt kurant på nynorsk. (...) Eg meiner du kan føre opp "i kampens hete" utan problem" (Vikør, pers. komm. 2009). Dette standpunktet vert altså grunngeve pragmatisk, at solide kjelder finn det akseptabelt, og bak det ligg vel "regelen" om at *s*-genitiv kan nyttast i faste uttrykk.

Grunnen til at fleire vil vere usikre på akseptabiliteten av *i kampens hete* på nynorsk, vert gjenspegla i at verken *Norsk ordbok* (2014) eller *NOB*, som er dei to sentrale nynorskverka, har valt å ta det med. Eg ser slett ikkje på den redaksjonelle linja i *NOB* som sterkt tradisjonalistisk, men likevel er det svært avgrensa kor mange faste uttrykk med genitiv dei har med.

Som eg også har vore inne på tidlegare (jf. 4.3.4.), er ei pragmatisk løysing for nokre

nynorskbrukarar å skrive ordsambandet i hermeteikn: "Diskusjon eignar seg til å få finne ut kva argument som er haldbare og om det er premissar eller resonnement ein er usamde om, men i "kampens hete" vinn ein ikkje nødvendigvis venner for sitt syn" (Runde 2009). Det er interessant, for det illustrerer poenget med at nokre nynorskbrukarar vegrar seg for å bruke uttrykket umarkert. Andre har ikkje problem med det: "Ville ha nytta drikkesekk, om ikkje anna som reserve. Fort gjort å misse ei flaske i kampens hete" (VetlePetter 2007).

Kva med *i bruduljene*? Det viser seg at det i stor grad vert brukt på tilsvarande måte som *i kampens hete*; svært mange brukar det om idrettstevlingar, men det kan også vere slik som her: "Fleire av dei høgreekstreme skal ha hatt batongar, og i bruduljene som oppsto vart 144 anholdt av politiet" (Bloggurat 2009). Hadde ein kutta "som oppstod", som heller ikkje må vere med på nynorsk, kunne ein utan problem sett inn *i kampens hete* i staden i denne setninga.

4.4.3. Grammatikk

Bortsett frå leddstillinga er *í hita leiksins* og *i kampens hete* (på bokmål og eventuelt nynorsk) grammatisk heilt ekvivalente. Går ein på nynorsk for *i bruduljane* inneheld det sjølvstykkt ikkje dei same komponentane, men det er ikkje noko som hindrar det i å verte brukt på tilsvarande måte.

4.4.4. Diakroni

I *Mergur málsins* står det at "orðasambandið er kunnugt frá síðari hluta 20. aldar" altså at ordsambandet har vore kjent på islandsk frå siste delen av 1900-talet, det er med andre ord ei relativt ny vending i språket. Friðjónsson skriv til slutt at ordsambandet har utanlandske parallellar, utan at han presiserer kva for nokre det er snakk om (Friðjónsson 2006: 344). Dessverre står det ikkje noko om (opphavet til) uttrykket i *Bevingede ord*.

Dersom vi vender oss til hypotese 1 om at ordsamband delvis er likare i form på bokmål og islandsk enn på nynorsk på grunn av den danske påverknaden, tenkte eg at dette gjerne var eit døme på det. Eg skal ikkje konkludere med verken det eine eller andre så lenge eg ikkje kjenner meir til diakronien, men det slår meg at hypotesen gjerne ikkje er heilt vasstett her heller sidan uttrykket er så nytt i islandsk samanheng, mot slutten av førre hundreår var ikkje

den danske påverknaden stor på Island. Det er vel så sannsynleg at uttrykket kan ha kome inn via engelske *in the heat of the battle* (the most intense or active stage) (Stor engelsk ordbok 2010) og (Farlex 2010), sidan engelsk for lengst har teke over som fyrste framandspråk.

4.4.5. EKS og konklusjon

Bruksdømet i *Mergur málsins* er "Það er ekkert skrýtið þótt menn gleymi sér í hita leiksins og ýmis vanhugsuð orð falli" 'Det er ikke underlig om noen glemmer seg i kampens hete og sier noe de ikke har tenkt gjennom/Det er ikkje noko rart om nokon gløymer seg i kampens hete og seier noko som ikkje er gjennomtenkt' (Friðjónsson 2006: 344). Eg meiner at både bokmåls- og nynorskformuleringa fungerer fint i denne samanhengen. Fordi orda som inngår i uttrykket på nynorsk er gode og gamle, og at det har relativt høg frekvens, er det ikkje så framandt med *s*-genitiv her. Vi har også konkludert tidlegare i oppgåva at begge formene av genitiv er på frammarsj i nynorsk, og dette må vere eit av tilfella der vi trygt kan bruke det som ekvivalent på nynorsk og at det er jamgodt med omskriving.


Kva skjer om vi også set inn *i bruduljane*? 'Det er ikkje rart om nokon i bruduljane gløymer seg og seier noko dei ikkje har tenkt gjennom'. Eg byta litt om på ordstillinga og no fungerer det fint. Ei løysing for å også treffe brukarar som ynskjer å unngå *s*-genitiven, er å ha med *i bruduljane* som ein ekvivalent nummer 2, under *kampens hete* på nynorsk.

4.5. Ummæli

Ekvivalentane til *fleyg ummæli* kan eigentleg ikkje seie oss så mykje nytt i forhold til det eg har skrive om låneord frå dansk og tysk tidlegare (jf 2.5.2 og 4.3.4), eg tek det likevel med fordi eg tykkjer det set heile problematikken på spissen. Eg vel difor å skrive litt meir lausleg om dette enn i den systematiske analysen eg tek på dei fleste andre ordsambanda i dette kapitlet.


ummæli subst n flt


um-mæli

 **B** uttalelse

 **N** utsegn

fleyg ummæli

 **B** bevingede ord

 **N** fløygde ord

4.5.1. Semantikk

Det er ein viss ironi i at vi slit med å omsetje *fleyg ummæli*, ikkje til bokmål, for der heiter det *bevingede ord* og det er eit omgrep "alle" kjenner. På nynorsk, derimot, er det ikkje like enkelt. Opphavet til uttrykket er tysk, og i arbeidet med *ISLEX* gjekk vi gjennom ei tysk-nynorsk ordbok for å finne ein ekvivalent 'fløygde ord'.

I *SOÍM* finn vi *fleyg ummæli* under overskrifta "sem heyrst oft" saman med uttrykk som *fleyg saga*, *fleyg orð*, *fleygt tilsvár*, *fleyg vísa* og *fleygar hugsanir*. Ordsambandet er ikkje teke med i *Mergur málsins*.

I *BOB* står " **bevin'ga** a3 el. **bevin'get** a4 (...) uttrykk, talemåte som gjerne siteres, og som oftast kan føres tilbake til en kjelde"

I *Norsk ordbok* (2014) står det om adjektivet 'fløygd': "som kan flyga; flygefør (...); / bil.: *når ein ikkje finn noko til å segja .. "vert ordi ikkje fløygde", fær ikkje venger, vert usagde. (...) // ein lyt her minnast det fløygde ordet (...)* det vidt (ålment) kjende (fynd)ordet.

At alle tre ordsambanda over tek utgangspunkt i at orda er flygeføre, fører til at ein kan seie at dei metaforisk er ekvivalente.

4.5.2. Diakroni, grammatikk og pragmatikk

I *BOB* står dette om opphavet til bevinget: "(av *vinge, jf ty. *be-*, *geflügelt*) mest i uttr *bevingede ord* (etter ty. boktittel 'Geflügelte Worte)". Det nynorske *fløygde* og islandske *fleyg* er like i form, og tyder sjølvstg det same som *bevinget*. Uttrykka ser ut til å vere parallelle, men så har det altså vist seg meir flygedyktig på bokmål enn på nynorsk. *Fløygde*

ord er eit erketypisk døme til hypotese 2: dette vert for stivt og konkret for dei fleste, det er ingen som seier dette. På google.no får ein to treff på "fløygde ord", eitt av dei er frå det tidlegare omtala intervjuet med meg. Eit alternativ er formuleringa Oddrun Grønvik brukte i PowerPointen sin på 10. Nordiske konferanse om leksikografi i Tammerfors, 2009; "ord med venger", men dette får 0 treff på nett. Pragmatisk er dette altså snakk om eit typisk ekvivalenstromrom mellom målformene; ein kan snakke om både "fløygde ord" og "ord med venger", men begge deler fungerer like dårleg. For min eigen del tykte eg det var litt festleg at den same Oddrun Grønvik kommenterte etter innlegget mitt på MONS 13 at eg har ein vanskeleg jobb sidan eg leitar etter *bevinga ora* der dei ikkje finst. Det er eg sjølvsagt heilt einig med henne i!


Ein av grunnane til at ein aksepterer eit tydeleg låneord som *bevinget* i bokmål, i tillegg til ein feiande flott metaforikk, kan vere samanhengen med den tyske boktittelen. Det vert rein spekulasjon. I Noreg har boka *Bevingede ord* vorte eit standardverk dersom ein er ute etter å finne bakgrunn for og tyding av eit ordsamband, og det kan også vere ein grunn til at omgrepet held seg så godt og er så pass kjent.


Grammatikken legg ikkje hindringar i vegen for at *fleyg ummæli*, *bevingede ord* og *fløygde ord* kan verte brukte på same måte på islandsk og i bokmål og nynorsk. Alle inneheld ein substantivfrase som består av eit adjektiv og eit substantiv i ubunden form fleirtal.

4.6. *Hismi*

Her er vi tilbake til eit ordsamband med bibelsk opphav der formuleringa i Bibelen ikkje fungerer i andre kontekstar. Det er også interessant i vurderinga form versus funksjon.


hismi subst n

 agn, skall (på korn)

 agn, skal (på korn)

skilja hismið frá kjarnanum

 skille klinten fra hveten (bibelsk: etter gammel oversettelse av Matt 13,24-30)

 skilja klinten frá kveiten (bibelsk: etter gamal riksmålsomsetjing av Matt 13,24-30)

4.6.1. Semantikk

Skilja hismið frá kjarnanum vert for omsetjarane i *ISLEX* definert som "skilja það lélega frá hinu góða" 'skilje det dårlege frå det gode'. I *SOÍM* står uttrykket under *AÐGREINING* 'skiljing' og underkategorien *felur í sér mat á gildi/mikilvægi* 'inneber ei vurdering av verdi/kor viktig noko er'. Ordsambandet er på sida *Íslenskt orðanet* plassert saman med desse uttrykka, dei vert dermed rekna som synonyme: *aðskilja hveitið frá smælkínu* 'skilje kveiten frå smárusket', *greina arfann frá hveitinu* 'skilje ugraset frå kveiten', *greina hismið frá hveitinu* 'skilje agnet frå kveiten', *greina kjarnann frá skelinni* 'skilje kjernen frå skalet', *greina sauðina frá höfrunum* 'skilje sauene frå bukkane', *greina sýknt frá heilögu* 'skilje syldig frá heilag', *skilja hismið frá korninu* 'skilje agnet frå kornet', *skilja sauði frá höfrum* 'silje sauer frå bukkar', *skilja sauðina frá höfrunum* 'skilje sauene frå bukkane' og *skilja tinann frá sáðunum* 'skilje frø frå marehalm frá sákornet' (Jónsson og Úlfarsdóttir 2010). Omsetjingane mine i dette avsnittet er bokstavlege, eg har ikkje gjort noko forsøk på finne korrekte ekvivalentar.

Slik står det i *Mergur málsins*: "**hismi, -s, hk.et.** 'fræhirsla, plöntutrefjar, kusk, rusl' *greina/skilja hismið frá kjarnanum*; *greina/skilja kjarnann frá hisminu* 'greina aðalatriði frá aukaatriðum; *skilja meginatriði máls*" 'frøkapsel, plantefiber, rusk, boss' *skilje klinten* (eigentleg agnet) *frá kjernen*; *skilje kjernen frá agnet* 'skilje det viktige frå det mindre viktige, forstå kva som er kjernen i ei sak' (...) "Orðatiltækið vísar til uppskeru (hveitis) og til þess er gott er greint frá illu, sbr. *skilja sauðina frá höfrunum* ('greina meginatriði e-s, átta sig á því sem máli skiptir.' (Matt 25,32)" 'Munnhellet viser til hausting (av kveite) og det å skilje det gode frå det vonde, jf. *skilje sauene frá bukkane* (skilje ut det viktige i noko, vere klar over kva som har noko å seie' (Matt 25,32) (Friðjónsson 2006: 343). Det islandske (og svenske) ordsambandet byggjer på skriftstaden Matt 3,12 (jf. vedlegg 2)

Vannebo skriv at uttrykket *skille klinten fra hveten* stammar frå ei eldre bibelomsetjing (han seier dessverre ikkje kva for éi) i denne forma: "såede klinte blant hveden". Han skriv vidare at overført tyder å *skille klinten fra hveten* å skilje det verdilause frå det verdifulle eller skilje dei/det gode frå dei/det dårlege (2006). Det ser ut til å stemme godt med den islandske forklaringa. Vannebo skriv at det på dansk heiter *skille klinten fra hveden* og på svensk *skilja agnarna från vetet*. Det norske (og danske) ordsambandet byggjer på Matt 13, 24 – 30 (jf. vedlegg 2).

Sjølv om det islandske og norske ordsambandet byggjer på to ulike likningar i Bibelen, hindrar ikkje at semantikken i dei er svært like. Vi skal sjå at dei vert oppfatta som likare enn det eigentleg er grunnlag for (jf. 4.6.3).

4.6.2. Diakroni

Friðjónsson skriv at det islanske ordsambandet har bibelsk opphav (Matt 3, 12; Luk 3, 17) og at det også er å finne i gammal islandsk språkdrakt:

"Hve lengi eru þeim misgerðir þolandi?" – "Til þess er sá kemur er skilur korn frá ögnum og kastar hálm í eld en hirðir hveiti í hírslum sínum." (Hsb 491) 'kor lenge tåler dei desse misgjerningane? Til han kjem som skil kornet frá agnene og kastar halmen i elden og samlar kveiten i låvane sine', sbr. Einnig: *þá skilja englar góða frá illum sem korn frá ögnum* (Þþýð 108) og *hann mun hreinsa sinn láfa og hveitinu safna í sína kornhlöðu, en agnirnar brenna í eldi óslökkvanlegum* (f16 (Matt 3, 12 GP)). (2006: 343) For norsk omsetjing av Matt 3, 12, sjå vedlegg 2.

I alle dei tre bokmålsutgåvene av Bibelen som ligg på nett (NT05, 78/85 og 1930) og i ei anna utgåve eg har sett i, frå 1926, står det "sådde ugress blant hveten" på bokmål. I nynorskutgåvene av Bibelen ser vi noko interessant. I utgåva frå 1938 står det "sådde svimling millom kveiten", medan det både i utgåvene frå 78/85 og NT05 heiter "sådde ugras i kveiten". Merk altså at vi ikkje har belegg i desse nynorske bibelutgåvene for å skrive *skilje klinten frå kveiten* på nynorsk. Derimot har nynorske omsetjarane valt ein annan ugrasplante, svimling, der danske og bokmålsomsetjarar har brukt klinte. Svimling heiter på latin *Lolium temulentum*, og i SNL står det at det er ein "ettårig planteart i gressfamilien. 30–80 cm høgy, aksgress med grågrønne, rue blad. Var tidligere et vanlig ugress, men er nå temmelig sjelden. Giftig pga. en parasittisk soppart som nesten alltid er til stede." I forhold til at planten skal representere noko vondt i den bibelske likninga, er det nesten logisk at han er giftig og farleg.

Om *klinte* står dette i BOB: "**klinte** m1 ugress i nellikfamilien, *Agrostemma githago* skille *k-n fra hveten* (etter Matt 13,24—30, gl oversettelse) skille det verdiløse fra det verdifulle". SNL skriv dette: "klinte, *Agrostemma githago*, ettårig art i nellikfamilien. 40–60 cm høgy med enkeltstående, store, rødfiolette blomster. Var før et nokså vanlig åkerugress på Østlandet, men er nå blitt temmelig sjelden og finnes mest på avfallsplasser. Ikke identisk med Bibelens klinte, som visstnok var gressarten svimling." Riksmålsordboken seier at klinte tidlegare vart brukt som omsetjing av det semittiske ordet for planten svimling (under *klinte*).



Klinte (*Agrostemma githago*)
(SNL)



Svimling (*Lolium temulentum* L.)
Foto: Rolv Hjelmstad

Ut frå dette kunne vi ha konstruert eit nynorsk uttrykk: *skilje svimlingen frå kveiten*, men det er berre nok eit prov på at ordsamband lever sine egne liv; vi finn ikkje nokon fasit på dette i Bibelen. Å bruke dette som ekvivalent til det islandske uttrykket i ei samtidsordbok hadde vore meiningslaust, formuleringa har neppe nokosinne vore brukt metaforisk i norsk daglegspråk og kan ikkje forsvarast på noko nivå når det gjeld ordsambandsekvivalens – ikkje eingong på det diakrone nivået, for ein finn ikkje akkurat denne formuleringa i utgåva som brukar omgrepet *svimling*.

Ein kan spekulere på kvifor uttrykket ikkje er med under *klinte* i *NOB*, der står det berre: "**klinte** m1 (vintereittårig ugras av) slekt i nellikfamilien; *Agrostemma (githago)*". Er grunnen at *klinte* aldri har vore brukt i dei nynorske bibelomsetjingane? Både orda som inngår i uttrykket (*skilje*, *klinte* og *kveite*) og syntaksen er uproblematisk på nynorsk, og det er mange treff på forma på nettet. Om *NOB* ikkje har uttrykket med, finn vi det likevel i *Norsk ordbok* (2014) under *klinte*. Der står det "*skilja klinten frå kveiten* skilja det verdilause frå det verdifulle". Merk at dei ikkje fører opp nokon referanse til Bibelen slik dei til dømes gjer under *får*: "b) bil., (etter dansk bibelmål) meinig medlem av religions- el kyrkjesamfunnet". Slik løyser dei det med at ein ikkje kan peike direkte tilbake til Bibelen når det gjeld dette uttrykket.

Direkte omsett tyder *skilja hismið frá kjarnanum* det å skilje agnet frå resten av kornet, på same måte som det svenske *skilja agnarna från vetet*, men likevel har dei det same tydingselementet med å skilje det verdifulle frå det verdilause som det norske og danske *skille klinten fra hveten/hveden*. Forklaringa på at to uttrykk som semantisk uttrykkjer det same, vert uttrykt på ein måte på svensk og islandsk og ein annan måte på dansk og norsk, ligg i at dei byggjer på to ulike likningar i Bibelen med pålag same moral.

Det islandske og svenske ordsambandet byggjer altså på Matt 3, 12 både engelsk og tysk er på linje dei. *Hismi* vert omsett med *chaff* i ei islandsk–engelsk ordbok. Og *chaff* står forklart slik i *Stor engelsk-norsk ordbok* på Ordnett:

chaff¹ subst.

1 agner

2 (dyrefôr) hakkelse

3 (overført) søppel, skrap

separate/sort the wheat from the chaff (overført) skille klinten fra hveten

I *Tysk–norsk ordbok* på Ordnett finn vi det same: "**Sprenu** die, -/; hylse, agne; *die Spreu vom Weizen trennen* skille klinten fra hveten".

Her er det to ting å kommentere. Som det kom fram over, heiter det i dagens bibelutgåver *ugras/ugress* både på nynorsk og bokmål, men vi veit at i tidlegare utgåver heitte det *klinte* på bokmål – difor kan vi likevel seie at det er Matt 13, 24-30 uttrykket stammar frå. Dette vert i sin tur igjen eit eksempel (sjå også om "sveitten i andletet" i del 4.1) på at uttrykket stivna i ei opphavleg dansk form som knapt nok var i bruk på 1900-talet i bibelomsetjingar til bokmål. Det er eigentleg fascinerande at det på trass av dette er *skilje klinten frå kveiten* vi brukar i norsk daglegtale i 2010; *skilje ugraset frå kveiten* er meiningstomt som idiom.

4.6.3. Pragmatikk

Det interessante er at den konkrete forståinga av det islandske og svenske idiomet truleg også gjer seg gjeldande for det norske. Ei lita undersøking eg har utført viser at av 30 spurde svara 26 at dei trudde *klinte* tydde skalet på kornet, kliet, agnet eller liknande omgrep for "rusket" som ein ikkje er interessert i, ikkje at det er ein type ugras. Éi trudde det tydde 'kjerne', slik at *hveten* då stod for resten (skalet eller agnet). Den 29. meinte at *klinten* tyder 'ei gruppe menneske' (som truleg seier noko om at ho tenkte på den overførte tydinga og dermed ikkje heilt forstod det konkrete spørsmålet). Den einaste av dei eg spurte som visste at det er ugras, var professor i nordisk Helge Sandøy. Det viser seg altså at folkeetymologien, hypotesen folk flest har om opphavet til eit ord eller uttrykk, svarer i Noreg til den leksikaliserte tydinga på Island. Fjeld og Vikør snakkar i slike tilfelle om *leksikalsk formørking* (2008: 119). Opphavet til frasen er vekke for dei fleste språkbrukarane, men forståinga av innhaldet er det same.

Eg kan også nemne at den eine informanten (mann 62 år, nynorskbrukar) uttala uttrykket med austnorsk uttale av ordet *hveten* sjølv om han elles snakka nordfjorddialekt. Då eg spurde om kvifor han gjorde det, svara han at noko slikt som at ein må uttale uttrykket "slik det eigentleg er", med andre ord meiner han at dette ikkje er eit uttrykk ein utan vidare kan bruke på nynorsk – men fordi det er eit fast uttrykk, tek ein i bruk former lånte frå andre språk eller målføre som ein ikkje elles ville rekna som akseptable (jf 4.3.4.). I norsk samanheng kan det sjå ut til at det hos mange er ei oppfatning av at "den riktige måten" å bruke eit ordsamband på, ofte er bokmål.

Samstundes må eg berre konstatere at det gjerne ikkje er så rart at den norske folkeetymologien ikkje er heilt på linje med "fasiten" om at klinte er eit ugras. Ikkje har bibelomsetjarane brukt ordet *klinte* på nærare 100 år, ikkje er det eit høgfrekvent ord i norsk språk, ikkje er klinte i Bibelen eigentleg klinte, men svimling, og kjenner ein til uttrykket på til dømes engelsk, tysk, svensk eller islandsk, så tyder det der det også nordmenn flest trur.

4.6.4. Grammatikk

Skille klinten fra hveten og skilja klinten frá kveiten er grammatisk fullekivalente med *skilja hismið frá kjarnanum*.

4.6.5. EKS og konklusjon

Alle dei islandske døma under er henta frå *Mergur málsins* side 343 (Friðjónsson 2006: 343):

"Það er ætlast til þess að menn skilji hismið og kjarnann að i frásögnum sínum en því miður verður endirinn stundum sá að þeir skrifa um hismið en sleppa kjarnanum." 'ein reknar med at folk kan skilje klinten frá kveiten i rapportane sine, men dessverre endar det av og slik at dei skriv om klinten, men gløymer kveiten'.

Omsetjinga gjev ikkje meining på same måte på norsk som på islandsk. Eg har ikkje sett før no at å skilje det vesentlege frå det uvesentlege (som i det islandske) ikkje tyder det same som å skilje det verdilause frå det verdifulle eller skilje dei/det gode frå dei/det dårlege (det norske). Det norske har eit mykje sterkare element av verdivurdering (i visse tilfelle med moralsk overtone), der det islandske er meir verdinøytralt, det seier meir om kva som har noko å seie i ein gjeven samanheng. I dømet over hadde det vore mykje meir treffande å skrive 'ein reknar med at folk kan skilje mellom stort og smått i rapportane sine, men

dessverre endar det av og til slik at dei skriv om det vesle med gløymer det store'.

"Hún hefur þá vitsmuni að kunna að hlusta og getur greint hismið frá kjarnanum" 'ho har forstand til å lytte og klarer å skilje klinten frá kveiten' (Friðjónsson 2006: 343) – dette er greitt nok; ein kan tolke det som at ho klarer å skilje verdifull informasjon frá mindre verdifull, men ordsambanda er ikkje fullekivalente.

Eit nærskylt uttrykk til *skilje klinten og kveiten* er *skjelne mellom skitt og kanel*, men det handlar også om å skilje mellom det verdiløse og det verdifulle, og hjelper oss ikkje nærare å skilje det vesentlege frå det uvesentlege. Difor har EKS vist oss at vi gjerne må ha med ein ekstra ekvivalent som *skilje mellom stort og smått* i *ISLEX* for å få fram dimensjonen *skilje det vesentlege frå det uvesentlege*.

4.7. Geitarhús


Oppslagsordet har ikkje fått eigne ekvivalentar, for den islandske redaksjonen har vurdert det slik at ordet berre vert brukt i det konkrete ordsambandet i moderne islandsk. Den leksikografiske utfordringa her er å finne ekvivalentar så lenge vi ikkje har noko uttrykk som liknar det islandske i form.


geitarhús subst n

→ bøying

geitar-hús

fara í geitarhús að leita ulla

 telgje talg av en trebukk

 fá talg av ein trebukk

4.7.1. Semantikk

SOÍM har med uttrykket på to stader, fyrst under *ERINDISLEYSA* 'fånytte' og så under *FENGSAELD* 'det at ein får uttretta mykje' og underkategorien *lítill fengsaeld* 'det at ein ikkje får uttretta mykje'.

Forklaringa vi får gjeve opp i *ISLEX* (som altså ikkje vert synleg for brukarane) er "leita einhvers þar sem það er ekki að finna" 'leite etter noko der ein umogeleg kan finne det'. I

Mergur málsins stár dette: "*fara í geitarhús að leita ullar* (forml.) 'leita e-s á röngum stað; leita að eða sækjast eftir e-u þar sem það ekki er til; beita röngum aðferðum; skjátlast'" '(formelt) leite etter noko på feil stad; leite eller søkje etter noko der det ikkje finst; nytte feil metode; ta feil' (Friðjónsson 2006:255).

På tysk har ein parallellen *Beim Esel Wolle suchen* (da etwas suchen, wo es nicht zu finden ist) (forklaringa stammar frå (Tantalosz 2010)) på latin *Ab asino lanam petere* (Friðjónsson 2006). Søkjer ein etter desse idioma på nettet, dukkar det opp ein engelsk variant på ei wikipediaside om ordtak med omsetjingar til fleire språk: *Look not for musk in a dog's kennel* (Wikiproverbs) – eit sitat av den walisiske poeten George Herbert (direkte omsett: 'leit ikkje etter moskus i ein kennel' (eg vil tru at moskus i denne tydinga er "flytende sekret som utskilles av en egen kjertel foran kjønnsorganet hos moskushjorten (...)) I inntørket tilstand brukes moskus i parfymen" (Store norske leksikon), men sjølvsagt finn ein heller ikkje moskusdyret i ein kennel). I *Thesaurus of traditional English metaphors* vert *Look not for musk in a dog's kennel* forklart med "Don't expect good things from poor sources" (Wilkinson 1993). *To fish for strawberries in the bottom of the sea* er ein annan variant som vert nemnt som ekvivalent til det latinske ordsambandet *Ab asino lanam petere* (Indi 2009). Det ser ikkje ut til å verte så mykje brukt – men det er eit festleg bilete.

Her stod redaksjonen temmeleg fast, det var ingen treff uansett om vi søkte i kjeldene våre etter *geitehus*, *geitefjøs*, *geit*, *esel*, *ull*, *moskus*, *kennel*, *jordbær* eller andre oppslagsord relatert til dei islandske, tyske, latinske eller engelske uttrykka. Sjølvsagt prøvde vi også å gå vegen om tyske og latinske ordbøker. Vi kom heller ikkje på noko norsk ordsamband som er likeverdig, og prøvde å spørje forskjellige kunnskapsrike språkfolk vi kjenner. Løysinga kom frå Lars Aarønæs, forlagssjef i Komma forlag (som også twitra om dette på <https://twitter.com/Larsaa>) – *telje talg av en trebukk*. *Telgje* er rett nok ei vanlegare form. Går du til ein trebukk for å skave feitt av han, er det ei fullstendig håplaus oppgåve, på same måte som du ikkje kan få ull frå geiter (fordi hår på geiter ifølgje Friðjónsson heiter *þel*, ikkje *ull*, og difor meiner han at meininga er opplagd (2006:255).

Belegg for *telgje talg av en trebukk* finn vi i *Riksmålsordboken*, om enn i ei litt annleis utgåve: "*en kan ikke få mere enn to (tre) merker talg av en gammel trebukk* en kan ikke få noget ut av et så dårlig materiale" (under *trebukk*). Vi finn også *tre merker talg av en trebukk* som bruksdøme i artikkelen *talg* i same ordbok. Eit trekk som slår meg ved *fara í geitarhús að*

leita ullar og telgje talg av en trebukk/få talg av ein trebukk, er at dei stilistisk har ein del til felles; dei har eit lettfatteleg biletspråk som også er humoristisk. Dei fortel ei lita historie i seg sjølv, utan å stå i kontekst.

4.7.2. Pragmatikk

Friðjónsson har sett på etiketten *formelt* som bruksmarkering, det kan sjå litt underleg ut i forhold til døma han sjølv hadde valt ut (brukt i 4.7.5), men bruken av ordsambandet andre stader kan kanskje vise dette betre. Søkjer ein på "í geitarhús að leita ullar" får ein heile 7 690 treff på islandsk Google. Nokre av dei ser slik ut:

"Að fara í geitarhús að leita ullar", er að leita einhvers á stað þar sem ólíklegt er eða útilokað að það sé að finna. Til dæmis mætti segja sem svo að það væri að fara í geitarhús að leita ullar að leita sér ráðgjafar í fjármálum hjá fyrrverandi stjórnendum íslenskra banka og sparisjóða. 'til dæmis kan ein seie at det er "X" á be om finansiell rádgjeving hos tidlegare styrarar av islandske bankar og sparebankar' (Guðnason 2009)

Hér hefur að vísu verið brotízt inn nokkuð oft, en þá eru innbrotsmennirnir iðulega í peningaleit og þar fara menn í geitarhús að leita ullar, sagði Elfa Björk." Det har rett nok ikkje så sjeldan vore innbrot her, men då har innbrotstjuvane vanlegvis vore på jakt etter pengar og der "X", seier Elfa Björk' (Vísir 1977)

Ein stad finn vi *fara í geitarhús að leita ullar* under overskrifta "Málsháttur vikunnar" 'Denne vekas ordtak' (Gámaþjónusta Vestfjarða 2010); det skulle tilseie at vi bør omsetje det med eit ordtak, heller enn det litt blodfattige *gå/komme/gjere noko fányttas*. Særleg ser vi i det øvste dømet korleis den ikonografiske krafta i uttrykket er med på å understreke sarkasmen i påstanden. På den andre sida er uttrykket så frekvent i bruk på islandsk at løysinga gjerne vert å ha med eit ordtak (om så med ein etikett 'sjeldan') i tillegg til eit meir allmennspråkleg uttrykk. Tenkjer ein på omsetjarar, er det viktig å ha med perspektivet om at "[s]låande metaforar i originalen kan berre ekvivalent omsetjast med tilsvarande og like slåande metaforar i versjonen" (Lomheim 1995:132). Følgjer ein det prinsippet, må ein velje ei formulering som *å få talg av ein trebukk* – sjølv om frekvensen ikkje stemmer overeins i dei to språka.

På nettet kan ein finne *telgje talg av en trebukk* i ei lærebok i videoredigering:

"Det går fint an å ødelegge en god historie med dårlig fortellerhåndverk. Og du kan gi en middelmådig historie et skikkelig løft. Men det går fortsatt ikke an å "telje talg av en trebukk". Få av oss er så heldige å ha inspirasjon som gjør at fortellingen flyter rett fra sjelen og ned på papiret, slik Händel kunne gjøre (...). Derfor skal du få lære å bruke verktøy til å lage en god fortelling." (*Videologi. Håndbok i film- og videoproduksjon*. Av Finn Jacobsen).

Vi kan slå fast at i alle fall denne kjelda brukar det norske *telgje talg av en trebukk* på ein liknande måte som det islandske vert brukt, for dette handlar også om at der må vere noko til

å begynne med, elles treng ein ikkje leite etter det.

Eit anna døme på bruk av det norske ordsambandet er henta frå ein stortingsdebatt, og som kjent er mange politikarar ikkje redde for blomstrande språkbruk – sjølv om ein verkeleg kan lure på kva uttrykket har med eventyr å gjere i dette dømet:

Men det finnes selvsagt grenser for hva institusjonene kan tåle før det også får konsekvenser nettopp for kvaliteten på tilbudet. Skal vi fortsatt holde oss til eventyrsspråket, vil jeg bare minne om at det går ikke an å telgje talg av en trebukk! Jon Jæger Gåsvatn (FrP) (Odelstinget 2009)

Nok ein gong må vi gå ein ekstra runde på nynorsk fordi det er vanskeleg å finne belegg både i korpus, på nett og i ordbøker. Det einaste treffet er dette i korpuset til *Norsk ordbok* (2014): "Ein kan 'kje få talg av ein **trebukk**" frå *Alm.Ordt* 1999, 151. Ut frå dette kan ein i *ISLEX*-normal formulere *få talg av ein trebukk*, eventuelt å tilpasse til bokmålsuttrykket og skrive *telgja talg av ein trebukk*. For å finne ut om ein av desse variantane har ein tradisjon i nynorsk språkbruk, søkte eg på *trebukk* i setelarkivet til *Norsk ordbok* (2014). Der fekk eg overraskande mange treff, jf. vedlegg 3.

Sjølv om eg ikkje har funne uttrykket i ei einaste nynorskordbok så langt (*Norsk ordbok* (2014) har enno ikkje kome til bokstaven T, så eg er rimeleg trygg at dette vil endre seg med den), viser vedlegg 3 at det er svært mange setlar som viser denne bruken av ordet. Ser ein på opphavet, er også alle landsdelar representerte, så det skulle tilsvare at ein kan ha det med i *ISLEX*. Kanskje er det ikkje det verste som kan skje dersom vi klarer å vere med på å revitalisere eit gammalt og godt norsk uttrykk så lenge det ekvivalerer med det islandske.

Sitatet under er henta frå ei helsing til Arne Garborg på 60-årsdagen hans:

eg bar meg undan so godt eg kunde og kom med alle dei gamle visdoms-ordi eg kjende, um at ein fekk ikkje meir en halvonnor pylse av ein graa sau, at ein kunde ikkje vente meir en 3 merker talg av ein trebukk, og klembde paa med raudt haar og furuskog, som ikkje veks paa god jord. (Schjøtt 1911)

I setlane står det presisert fleire gonger at dette vert rekna som eit ordtak. Det vil seie at det har ein sjølvstendig posisjon og ikkje treng stå i ein kontekst for å gje mening. Ut frå det som står i *Mergur málsins* har det islandske ordsambandet ein like autonom status.

4.7.3. Grammatikk

Ordsambandet *fara í geitarhús að leita ullar og telgje talg av en trebukk/få talg av ein trebukk*

er ikkje heilt ekvivalente, på norsk treng ein eit tillegg som '*er som å (prøva å)*'. Det trengst ikkje på same måte på islandsk (jf. "Ef hann heldur að hann finni hér nokkurn, sem vill styðja framboð hans, fer hann í geitarhús að leita ullar" i 4.7.5.) For å få større samsvar med ordtaka i setlane, vurderte eg å skrive (*ein kan ikkje*) *få talg av ein trebukk*, men det fungerer iallfall ikkje frá eit grammatisk perspektiv. Det er ei nekting i det norske ordsambandet som det islandske ikkje har, og det kan by på problem.

4.7.4. Diakroni

I *Mergur málsins* stár det at ein kan finne liknande variantar av *fara í geitarhús að leita ullar* i norrøne kjelder som *Grettis saga* ("margur fer í geitarhús ullar að biðja") og *Þórarins þætti Nefjólfssonar* ("Margir mæltu að hann færi í geitarhús ullar að biðja um vistartekjuna") (Friðjónsson 2006: 255). Med andre ord går ordtaket minst tilbake til 1200- eller 1300-talet. Friðjónsson nyttar også nemninga *málsháttur* 'ordtak' om ordsambandet. Eg vil tru det er difor han har valt å setje bruksmarkeringa 'formelt' på.

Telgje talg av en trebukk/få talg av ein trebukk har eg ikkje klart å finne opphavet til, men så lenge det vert rekna som ordtak, seier det seg sjølv at det er gammalt og nokså kjent. Ofte kan ordtak vandre over landegrensar, og det er kan difor vere vanskeleg å fastslå alderen og opphavet deira (SNL). Opphavet til dei to uttrykka er sjølv sagt ikkje likt, og difor er forma også ulik. Det som er felles er at dei i dag vert oppfatta som gamle i begge språk, og begge vert rekna som ordspråk. Forskjellen er at det islandske har halde seg betre, og er mykje meir nytta i moderne islandsk enn det norske har i moderne norsk.

4.7.5. Empirisk-kontekstuell substitusjon (EKS) og konklusjon

"Ef hann heldur að hann finni hér nokkurn, sem vill styðja framboð hans, fer hann í geitarhús að leita ullar" (Friðjónsson 2006: 255). 'Dersom han trur at han vil finne nokon her som vil støtte kandidaturet hans, er det som å *få talg av ein trebukk*'. Dette kan fungere dersom ein tolkar inn at det eigentleg stár 'freiste å' framfor ordsambandet, men kan ein vente at ordboksbrukarar gjer det? Sjølv om eg motvillig innrømmer det, er ikkje dette ein spesielt god ekvivalent i denne setninga. Det eg eigentleg prøver å uttrykkje, er ganske enkelt *leitar han forgjeves*.

Eg vurderte om det kunne passe å setje inn *er det som å leita etter ei nål i ein høystakk* etter kommaet. Dette ordsambandet har denne forklaringa i *NOB*: "**høystakk** stakk (II) av høy *det er som å leite etter ei nål i ein h-* heilt håplaut å finne noko" og i *Norsk ordbok* (Guttu): (stående vending når man leter etter noe i et så stort område at man ikke har utsikt til å finne det) *det er som å lete etter en nål i en høystakk*). Grunnen til at dette ikkje fungerer, er at det er ein skilnad mellom å leite forgjeves, fordi det ikkje eksisterer (som i det islandske uttrykket), og det at det er nærast umogeleg å finne noko, fordi det eit område er for stort (som det norske). Å *gjere gull av gråstein* eller *gjere vatn av vin* er heller ikkje mogelege å bruke, for begge dei to handlar om å endre essensen i noko som finst, ikkje å leite etter noko ikkje-eksisterande.

"Þeir sem fletta upp í bókmenntasöggunni til að afla sér upplýsinga um rithöfundinn fara í geitarhús að leita ullar því að þar er hans að engu getið" (Friðjónsson 2006: 255). 'Dei som slår opp i litteraturhistoria for å finne noko om forfattaren *freistar fåfengt*, for der står det ikkje noko om han'. Her kunne også *leite forgjeves* vore ein grei ekvivalent. Eller kanskje *er det fåfengde freistnader?* I *NOB* står dette om *fåfengt*: **1** unyttig, gagnlaus, resultatlaus, bortkasta *fåfengt arbeid* / *f-e freistnader* / *alt er fåfengt* / *streve fåfengt*. *Fåfengde freistnader* er det litt sus over med alliterasjon og ei ikkje heilt daglegdags formulering, og dermed er det iallfall litt nærare ekvivalens med det islandske enn det nøytrale *leitar forgjeves*.

På grunn av stilistikken og statusen som ordtak meiner eg framleis at *telgje talg av en trebukk/få talg av en trebukk*, sjølvst i tillegg til at dei på god veg er semantisk ekvivalentar til *fara í geitarhús að leita ullar* må vere med. Eg meiner også at det kunne fungert i det øvste dømet under pragmatikk. Sjølv om dei norske ordsambanda ikkje fungerer i dei to døma over, må dei når dei vert brukte som reine ordtak kunne fungere som ekvivalentar. På grunn av pragmatiske og grammatiske skilnadar, er det nok likevel riktig å ha enten *leite forgjeves* eller *freiste fåfengt* som fyrsteekvivalent, trass i at dei på ingen måte har same status som Friðjónsson hevdar det islandske har ('formelt').

4.8. Oppsummering av kasusstudiar

I kasusstudiane har vi løyst ekvivalensproblem mellom kjelde- og målspråk og mellom målformene på ulike måtar. I visse tilfelle, slik som med *får* og *klinten* har vi lånt omgrep frå den eine målforma og brukt i den andre. Tanken bak er at det pragmatisk er mest korrekt å

finne løysingar som folk kan kjenne seg igjen i, heller enn å følgje t.d. bibelomsetjingar. I andre tilfelle kan det vere mest korrekt å følgje bibelomsetjingane, nye eller gamle utgåver, slik vi gjorde *i sitt ansikts sved og med sveitte i andletet*. Ein slik variant kan krevje at ein også set inn ein meir verdinøytral ekvivalent dersom det viser seg at uttrykket ikkje i stor nok grad vert brukt lausrive frå den bibelske konteksten.

Litterære ordsamband frå utlandet har ofte fått betre fotfeste i bokmål enn nynorsk, det viser dømet med *å få kurven* vs *å få nei* som ekvivalentar til *få hryggbrot*. Om ein går aldri så analytisk til verks, vert det uansett redaktøren si språk- og magekjensle som avgjer kva ein vil rekne som akseptabelt når det gjeld lån mellom målformene.

S-genitiven er ikkje enkel å handtere i nynorsk. Nokre gonger er det uproblematisk å gjere han om til t.d. eit preposisjonsuttrykk, slik vi skreiv om *familiens sorte får* til *det svarte fåret i familien*. I andre tilfelle, som i *i kampens hete* (på bokmål), kan ein oppgje ein nynorskekvivalent for dei som ikkje ynskjer å bruke s-genitiv: *i bruduljene*, i tillegg til *i kampens hete* for dei som tykkjer den varianten er uproblematisk – fordi det vert rekna som meir akseptabelt å bruke genitiv i faste uttrykk enn i anna språkbruk på nynorsk.

I *geitarhús*-dømet ligg ekvivalensutfordringa mellom islandsk og norsk, ikkje mellom målformene. Skal ein vektleggje eit nokolunde likeverdig innhald, statusen som ordspråk og ein viss stilistisk parallellitet høgare enn grammatisk nullekvivalens når den faktisk gjer at det er svært vanskeleg å nytte uttrykket i same kontekst? *Få talg av ein trebukk* er ikkje ein god ekvivalent for islendingar, men ein dyktig norsk språkbrukar kan kanskje vri litt på formuleringa slik at forslaget likevel kan vere nyttig. Kasusstudien og ikkje minst observasjonen om at vi så godt som aldri kan snakke om fullekvivalens når det gjeld ordsamband i ei tospråkleg ordbok, har vist at det beste ofte er å oppgje fleire ekvivalentar i ordboka.

Vi kan ikkje seie at éi av løysingane over er betre enn dei andre, og at vi alltid kan følgje same prinsipp. Ulike ordsamband krev ulike løysingar; metodisk analyse vil avgjere kva som er riktig i dei ulike tilfella. Eg held likevel fast ved at semantisk, grammatisk og pragmatisk ekvivalens må kome før den diakrone. Det som har overraska meg mest når eg har gjennomført kasusstudiane, er kor effektiv EKS-metoden er når det gjeld å "avsløre" om ordsamband er ekvivalente på dei tre viktigaste nivåa. Dersom ein arbeider på måten eg har

skissert her med å fyrst undersøkje kva ordbøkene seier om innhald, studere korpus for å sjå bruksområde og avslutte med å bruke EKS-metoden, er det ein tilfredsstillande bakgrunn for å vurdere kva ekvivalentar ein skal oppgje. Om ordsambanda ikkje er grammatisk ekvivalente, kjem det tydeleg nok fram i EKS-en, ein treng ikkje nokon eigen analyse av det.

Materialet mitt er ikkje stort, og det er vanskeleg å konkludere når det gjeld hypotesane mine. I innleiinga til dette kapitlet stilte eg spørsmålet om kasusstudiane kunne seie meg meir om felles dansk påverknad på ordsamband på islandsk og bokmål dersom dei hadde andre typar opphav enn bibelsk. Det ser ikkje ut til at det er grunnen til at vi av og til slit meir med å finne nynorske ekvivalentar. Rett nok handlar manglande ekvivalens mellom målformene i nokre tilfelle om genitiv, men der kan førelegget til ordsambanda like gjerne vere på latin, tysk eller engelsk som dansk (jf. *kampens hete* 4.4.). Vi har også sett døme på at islandsk og nynorsk kan ha relativt lik grammatisk form (jf. *svarte fåret i familien* vs. *familiens sorte får* 4.3.), islandsk då også vore ei viktig inspirasjonskjelde for nynorskbrukarar – men at ein likevel kan lure på om nynorsken fungerer.. Eg kan berre slå fast at eg ikkje har klart å bevise hypotese 1 gjennom nokon av ordsambanda eg har drøfta.

Hypotese 2 går ut på at nynorskuttrykk ofte ikkje er ikonografisk eller metaforisk ekvivalente så lenge dei ikkje vert brukte på same biletleig-overførte måte som bokmålsuttrykka. Dermed er dei heller ikkje pragmatisk ekvivalente. Dette stemmer til ei viss grad (som i *med sveitten i andletet* 4.1. eller *få nei* 4.2.), medan andre (som *ulv i saueham* 4.3) viser at dette langt frå alltid er tilfelle. Eg har også prøvd å vise at med forsiktig tillemping og lån mellom målformene kan ein også gjere at dette trekket vert mindre påfallande (som at eg fører opp *svarte fåret* og *i kampens hete* som nynorskekvivalentar). Sjølv om slike ikkje alltid er med i andre ordbøker, får vi støtte frå korpus på at slike vert brukte av nynorskbrukarar i dag. Ein må heller ikkje gløyme at genitivar alltid har hatt ein plass i nynorsk, ikkje minst når det gjeld ordsamband av den typen som vert handsama i denne oppgåva. Lån av ord kan i visse tilfelle forsvarast med at nordmenn opplever at vi har ein felles litteratur med tilhøyrande ordsamband som ein finn pragmatiske måtar å bruke. Ein må likevel ikkje gå for langt, trass alt skal løysingane verte oppfatta som korrekte av brukarane.

Kapittel 5: Avslutning

I denne oppgåva har eg arbeidd ut frå problemformuleringa Kva utfordringar møter ein i arbeidet med å finne gode ekvivalentar på både bokmål og nynorsk til islandske ordsamband? Korleis kan ein finne løysingar som er både brukarvennlege og korrekte på begge målformer?

Då eg starta arbeidet, tenkte eg at det skulle vere ein komparativ analyse av islandske og norske ordsamband innanfor eit spesifikt semantisk felt, til dømes kroppsdelar. Det viste seg tidleg at det ikkje er så interessant å snakke om 'norsk' i denne samanhengen, for ofte var det like vanskeleg med ulikskapane mellom bokmål og nynorsk som mellom kjelde- og målpråk i ordboka. Dei erfaringane eg har gjort meg, både gjennom arbeidet med *ISLEX* og ikkje minst med denne oppgåva, er at bokmål og nynorsk skil seg meir frå kvarandre når det kjem til ordsamband enn i resten av ordtilfanget (iallfall om ein ikkje nyttar svært konservative former, då kan det hende skilnaden ikkje er like stor). Eg har ikkje undersøkt om det er større målformskilnader i fraseologien enn elles, men eg meiner å sjå ein tydeleg tendens i materialet mitt, sjølv om det er avgrensa, til at mykje av det som er ulikt i målformene, vert tydeleg eksemplifisert i ordsambanda. Sagt på ein annan måte avslører ordsambanda at målformene har ulik historie, ulik skrifttradisjon, ulik status og ulike ideal.

I denne oppgåva har eg brukt 'ordsamband' som eit samleomgrep for idiom, samanlikningar og ordtak. Felles for desse er at meininga i dei ikkje kan lesast ut av enkeltelementa i uttrykket, og at dei difor vert brukte i overført tyding.

I innleiinga spurde eg om korleis ein best kan omsetje det islandske < málið > er á allra vörum til norsk. I bokmål uttrykkjer ein det same med '<saken> er på alles lepper'; då seier vi at vi har oppnådd ekvivalens. Spørsmålet er korleis ein løyser utfordringa på nynorsk når substantivet er eit hokjønnsord i bunden form (som er dobbelt opp ille ut frå reglane om kor tid det vert rekna som akseptabelt å bruke genitiv på nynorsk) og uttrykket ikkje enkelt kan omformulerast. Rommetveit rår i *Med andre ord* til desse vendingane: "**leppe** lippe, lepe // **på alles l-er** på folkemunne /i vinden /om\snakka (~tala, ~talt) /populær" (1993: 371). Altså er her fleire alternativ som semantisk uttrykkjer det same, men som delvis har litt anna stilnivå, metaforikk og pragmatikk.

I *ISLEX* har vi prøvd ut fleire variantar. Fyrst stod det '<saka> er på alles lipper', så prøvde vi '<saka> er noko alle snakkar om', men vi enda til slutt opp med '<saka> er på alle sine lepper' (mellom anna fordi det er meir tradisjon med både *s*-genitiv og garpegenitiv i faste uttrykk enn i anna språkbruk. Av desse to valde eg garpevarianten både fordi eg får flest treff på han i nynorsk-korpus, han er på frammarsj og ser ut til å verte rekna som stadig meir akseptabel – dermed er det håp om at færre reagerer på dette uttrykket enn om vi hadde brukt *s*-genitiv), med 27 treff på Google i ryggen, mellom dei fyrste kjeldene er *Syn og Segn*, Høgskulen i Sogn og Fjordane og NRK Sogn og Fjordane, som alle kan reknast som rimeleg solide kjelder. Fjeld og Vikør brukar *s*-genitiv i uttrykket "Det er lurt å ikkje vere for rask med å ta inn splitter nye ord, men har dei fått utbreiing i språkbruken, ikkje minst gjennom media, og er på alles lepper, bør dei takast med, ikkje minst fordi mange kan vere usikre på kva dei betyr (2008: 159). Dette er ikkje meint som ein uttømande analyse av ordsambandet, men det kjem fram nokre av dei mange aspekta ein må ta omsyn til når ein vurderer ekvivalens.

Kortvarianten av svaret på problemformuleringa er at utfordringane er utallege, fullekvivalens er eit ideal ein dessverre altfor sjeldan opplever. Grunnen til det er skilnader på mange nivå mellom islandsk og norsk og mellom bokmål og nynorsk. Måten å finne brukarvennlege og korrekte løysingar på, er å alltid ta omsyn til fleire ekvivalensaspekt enn berre det semantiske. Sjølv sagt er det viktigaste at ein ekvivalent tyder det same for brukaren av målspråket som ordsambandet gjer for ein kjeldespråksbrukar, men vi må også ha med om dei vert brukte på same måte og i same kontekstar, om det er noko med grammatikken som gjer at dei ikkje kan brukast på same måte og ei rekkje andre aspekt.

5.1. Hypotesar og vidare forskning

Eg hadde ein hypotese om at mange ordsamband i moderne bokmål har opphav i dansk skriftkultur, og at vi i ei islandsk-norsk ordbok difor lettare ville finne ekvivalentar på bokmål enn nynorsk – fordi islandsk har vore under tilsvarande sterk påverknad frå dansk som bokmålet. Eg har brukt ordsamband med bibelsk opphav som ein måte å finne ut av om det kunne vere noko i dette. Heilt konkret ville eg finne ut om islandske bibelomsetjingar på same måte som bokmålsomsetjingane i starten bygde på danske omsetjingar, og at dei danskfarga formuleringane dermed fekk feste – både i teksten og kulturen.

Ordsamband med bibelsk opphav eksemplifiserer tydeleg korleis målformene skil seg frå

kvarandre i fraseologien, og der kjem den andre hypotesen min inn. Eg vil meine at mange av nynorskekvivalentane ikkje er tilfredsstillande fordi dei verkar meir konkrete enn bokmålsuttrykka. Eg har prøvd å vise nokre mogelege forklaringar på kvifor det er slik i ein grov gjennomgang av historia til dei fyrste norske bibelomsetjingane. Haldningane som kjem fram der, frå begge sider i målstriden, kan stå som representantar for vanlege syn på målformene på denne tida. Det er ikkje tvil om at tonen var hard og uforsonleg i Noreg, og kampmetaforen er ikkje tilfeldig.

Eg vart fengsla både av likskapane og ulikskapane mellom historiene til dei norske og dei islandske bibelomsetjarane og -omsetjingane. For det fyrste fekk islendingane den fyrste utgåva av NT omsett frå gresk og tysk allereie i 1540, og dermed slo hypotese 1 sprekkar, sidan Jón Helgason klart og tydeleg konkluderer med at omsetjaren Oddur Gottskálksson ikkje hadde noko dansk førelegg. Tvert om hadde han mange former frå norske målføre i omsetjingane sine, etter at han hadde vore her til lands i store delar av ungdommen. Dette er viktig fordi seinare utgåver av den islandske bibelen i så stor grad byggjer på Gottskálksson si, så forklaringa på kvifor det er enklare å finne ekvivalentar til islandske ordsamband med bibelsk opphav i bokmål enn nynorsk, ligg ikkje så oppe i dagen som dansk imperialisme.

På den andre sida har tysk og dansk mykje til felles både når det gjeld ordtilfang og til dømes genitivsbruk (sjølv om dansk ikkje er eit kasusspråk, så er det slik at dansk brukar meir genitiv enn det også er tradisjon for i bokmål). Så svaret er vel snarare at bibelomsetjingane til islandsk og bokmål har ein del til felles fordi dei ligg tettare på former frå gresk og tysk enn den nynorske bibelen. Når det gjeld andre ordsamband, som ikkje har bibelsk opphav, er eg ikkje sikker på om parallelliteten mellom islandsk og bokmål skuldast fellesdansk påverknad eller ikkje, men eg har i alle høve fått slått fast at det ikkje er den einaste forklaringa.

Dei fyrste utgåvene av NT kom både på bokmål og nynorsk i siste halvdel av 1800-talet, fram til det las vi (frå etter reformasjonen) Bibelen på dansk her til lands. Ei samla utgåve av heile Bibelen kom ikkje på landsmålet før i 1921 med *Studentmållagsbibelen*, det er nærare 400 år seinare enn den fyrste islandske NT-utgåva. Desse hundreåra i forskjell har utgjort ein stor skilnad også for språk og skriftkultur i dei to landa. Når det gjeld det som er felles, tykkjer eg der er nokre parallellar mellom Aleksander Seippel og Oddur Gottskálksson som er spennande – og som eg ikkje venta å finne. Det viktigaste er at dei meir eller mindre åleine stod bak dei fyrste omsetjingane av NT til høvesvis nynorsk og islandsk, og dei har gjennom

desse gjeve avgjerande bidrag til språkleg identitet og utvikling i samfunna dei kom ut i. I faglitteraturen er det stor semje om at begge var pionerar som skapte omsetjingar med solide språklege kvalitetar. Kvifor er det då mange av Gottskálksson sine formuleringar frå 1540 som lever i det islandske språket i dag, medan vendingane i dei nynorske bibelomsetjingane ikkje har fått ein tilsvarande sjølvstendig posisjon?

Eg tykte lenge det var eit paradoks at nynorske bibelomsetjingar har ord på seg for å vere særleg levande og ha ein rik klang, medan nynorske ordsamband med bibelsk opphav ofte verkar for kvardagslege og til dels lite idiomatiske i leksikografisk samanheng. Dermed var vi tilbake til hypotese 2 om at nynorske ordsamband ikkje er like ekvivalente som bokmålsuttrykk fordi dei verkar for konkrete. Eg trur vi her er inne på noko sentralt i forskjellen mellom bokmål og nynorsk. Det er bokmål som har hatt den lengste tradisjonen, og dermed også den sterkaste posisjonen, som skriftspråk, ikkje minst som kunstspråk. Det viser igjen i omgrepsbruken – jf. allemannseiget *bevingede ord* versus det heilt ukjende, og dermed leksikografisk uakseptable, *fløygde ord* (jf. 4.5.). Kanskje speglar det at ein ikkje har vore like opptekne av slike i nynorsk kultur; mange ordsamband flyt over landegrensene, og kanskje har nynorsken vore meir innoverretta. Nynorsken sin styrke er å vere klar, presis og nær ein naturleg talemåte, ikkje at han er utprega flygefør. Sjølv sagt finst det nynorskuttrykk som vanskeleg lèt seg gje att på bokmål, men eg meiner at mykje tyder på at slike er i tydeleg mindretal i forhold til situasjonen den andre vegen. Materialet i denne oppgåva er altfor lite til å kunne konkludere på dette feltet, men det hadde vore interessant å forske vidare på kva som skil fraseologien på bokmål og nynorsk.

Denne oppgåva femner breitt fordi eg har prøvd å vise noko av kompleksiteten i leksikografisk arbeid. Det kan opplevast som ein ulempe at eg går frå fagfelt til fagfelt, og det er mange felt eg gjerne skulle ha fordjupa meg meir i. Hadde det vore meir tid og rom for det, hadde eg hatt lyst til å kontrastere dei norske målformene meir opp mot islandsken. Det er også mykje som er uklart når det kjem til kva det er som skil fraseologien i bokmål og nynorsk, og om skilnaden er så stor som eg har ei kjensle av. Om idiom og metaforar er kulturspesifikke eller ei, er også ein debatt eg ikkje har hatt rom for å gå i djupna på, men som materialet inviterer til.

Det hadde også vore veldig spennande å utnytte potensialet i *ISLEX* til å ta med dansken og svensken i samanlikninga. I det heile vil eg meine at det ligg stoff til svært mange

masteroppgåver og doktorgradsavhandlingar i denne ordboka både når det gjeld det allmenne ordtilfanget, kollokasjonar og vidare om ordsamband.

5.2. Ekvivalens

Ekvivalens er vanskeleg både som omgrep og som fenomen i verda. Med det meiner eg at det er eit omgrep som teoretisk kan ha litt ulikt innhald, mellom anna såg vi ein nyanseskilnad mellom omsetjingsteorien og leksikografien. Det er fordi det fyrste feltet tek føre seg ein heil tekst, medan ein i ordboksarbeid syslar med leksem og mindre teksteiningar. Men mykje vanskelegare enn å verte einige om innhaldet i det teoretiske omgrepet er *ekvivalens* i praktisk tospråkleg leksikografi. Generelt kan ein snakke om ulike nivå av ekvivalens, frå fullekvivalens, via delekvivalens til nullekvivalens. Innanfor leksikografien er ein også opptekne av at ekvivalens inneheld mange ulike aspekt, og ein gjer ikkje ein fullgod jobb om ein berre er på jakt etter likt innhald til eit ord eller uttrykk (jf. 5.3.).

Eit siste notabene når det gjeld ordsambandsekvivalens, er at ein ikkje må vere så oppteken av form, det er funksjonen til uttrykket som tel. Ein kan ikkje dikte opp noko uttrykk, sjølv om det kan vere freistande dersom kjeldespråkuttrykket er særleg treffande eller godt. Ein kunne kanskje tenkje seg at *<fara í geitarhús að leita ullar>* kunne vorte til *leite etter ull hos eselet* (sidan vi kan få ull av geita på norsk, og at vi difor heller kunne gått for ein tysk- eller latinskinspirert variant), men det går sjølvsagt ikkje an. Vi kunne gjort livet vanskeleg for islendingar som kunne tru at det er vanleg å seie på norsk. Vi kan heller ikkje omsetje *vera svartí sauðurinn <í fjölskyldunni>* med *vera den svarte sauén <i familien>* på nynorsk (jf. 4.3). Sjølv om dette er den korrekte forma eller skrivemåten, uttrykkjer vi ikkje innhaldet på denne måten på nynorsk, difor gjekk vi for ei omskriving med lån frå bokmål for å få det akseptabelt *vera det svarte fåret <i familien>* – eg vil meie at det er ei grei løysing sjølv om *får* ikkje er akseptert som synonym for sau i andre samanhengar i nynorsk. Det gjeld litt andre reglar for kva ein kan tillate seg i ordsamband enn i anna språkbruk. Dette handlar mellom anna om at vi ser på litteraturen som ei fellesarv, og at ein kan alludere til han uavhengig av målform.

I innleiinga skriv eg at eg håpar denne oppgåva kan vere eit innlegg i debatten om ein eventuelt på eit seinare tidspunkt kan snu ordboka slik at ho går frå norsk til islandsk. Uansett om ein studerer leksem eller frasar i ei ordbok, meiner Scholze-Stubenrecht at delekvivalens

og nullekvivalens og ikkje-parallell polysemi i kjelde- og målspråk gjer at ein aldri kan vende ei tospråkleg ordbok som ei matematisk likning: "Die Äquivalenz im zweisprachigen Wörterbuch ist unidirektional, sie ist nur in einer Richtung gewährleistet, nämlich von der Ausgangssprache zur Zielsprache, und sie ist nicht, wie bei mathematischen Gleichungen, jederzeit umkehrbar" (1995: 4). Arbeidet med denne oppgåva har gjort at eg vil seie meg einig med han på dette punktet. I *ISLEX* vert poenget forsterka ved målformproblematikken. I kva for éi av målformene skulle ordsambanda vere underoppslag i dei tilfella vi fører opp ulike ordsamband med ulik form? Begge? Det er langt frå sikkert at våre meir eller mindre gode løysingar er noko ein ville prioritere å ha med som ordsamband i ei ordbok som går den andre vegen; *med sveitte i andletet* ville til dømes ikkje ha hatt noko der å gjere.

5.3. Ekvivalensaspekt og metode

Eitt av måla med oppgåva var at eg ville finne og utvikle nyttige arbeidsreiskapar, i tillegg til å forstå kvifor det ofte er så krevjande med ordsambandsekvivalens. I djupdykket (kapittel 3) gjer eg begge delar. Eg tok utgangspunkt i ordsambandet *bera hitann og þungann af <matargerðinni>* og vurderte ulike moglege norske ekvivalentar til dette gjennom ei rekkje ekvivalensaspekt ut frå ei inndeling av Scholze-Stubenrecht (1995).

Eg skal ikkje gå inn på detaljar i den leksikologiske analysen av dei ulike ordsambanda, men det som vert svært tydeleg, er at det nærast er umogeleg å oppnå fullekvivalens mellom to ordsamband i ei tospråkleg ordbok. Sjølv i islandsk og norsk, som er så nærskylde både geografisk, historisk og kulturelt, er det nærast utenkjeleg at ordsambanda tyder på prikken det same, vert brukt i nøyaktig same kontekstar og av same type brukarar, at dei metaforisk er ekvivalente slik at brukarane av kjelde- og målspråket får dei same assosiasjonane, at etymologien er lik, og at dei i så fall har utvikla seg 100 % parallelt i to ulike språk, at dei stilistisk og lydleg-rytmisk er ekvivalente, at dei har nokolunde lik frekvens i dei to språka og så vidare. Det er ikkje rart det er krevjande for leksikografen å i det heile teke kome i nærleiken!

Konklusjonen er at ein i praktisk leksikografi ikkje alltid kan sitje og vurdere alle ekvivalensaspekta til Scholze-Stubenrecht; det vert altfor omfattande. Eg trur heller ikkje det har vore intensjonen hans. Eg oppsummerte den leksikologiske øvinga med å samanfatte aspektmangfaldet til ei meir handterleg sjekklister med tre–fire aspekt. Semantikken er og blir

det viktigaste; ein målspråksbrukar må oppfatte innhaldet i ekvivalenten på same måte som kjeldespråksbrukaren gjer med ordsambandet. Vidare må det ikkje vere noko med valensen eller andre grammatiske trekk ved uttrykka som gjer at dei ikkje kan fungere likt. For det tredje er pragmatisk ekvivalens heilt avgjerande. Farø (2004) og andre leksikografar seier igjen og igjen at det viktigaste ikkje er at faste uttrykk har lik form, men at dei har same funksjon. Dei må verte brukte på same måte. Det minst viktige på lista mi er om ordsambanda er diakront ekvivalente, altså om dei har same opphav, og om dei har utvikla seg parallelt gjennom historia. Om ordsambanda har (middels til) høg grad av delevivalens på iallfall dei fyrste tre punkta, meiner eg at dei må reknast som akseptable ekvivalentar i ei tospråkleg ordbok.

I tillegg til å bruke sjekklista på fire ekvivalenspunkt, har kapittel 4 også vist oss kor nyttig det er med *empirisk-kontekstuell substitusjon (EKS)*, som går ut på å ta ein typisk kontekst der eit ordsamband opptrer i, omsetje setninga eller utdraget og så prøve med ulike målspråksekvivalentar der kjeldespråsuttrykket stod. Når ein gjer det, får ein nemleg også fram om uttrykka tyder det same, om grammatikken hindrar dei i å verte brukte i same kontekstar og om dei er pragmatisk likeverdige – kort sagt alt eg har sagt er det viktigaste å undersøkje før ein kan slå fast om to ordsamband kan førast opp som ekvivalente i ei tospråkleg ordbok. Det aller beste er at metoden er så overkommeleg at det er heilt sjølv sagt å bruke han i det praktisk leksikografiske arbeidet med *ISLEX*. På den andre sida har oppgåva veldig tydeleg fått fram at ekvivalens er så fasettert og krevjande, at sjølv om undersøkingsmetoden er framifrå, er det ikkje garantert at det som til slutt står i ordboka er det.

Litteraturliste

- Almenningen, Olaf. 2006. *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Beito, Olav T. 1986. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. 2. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bergenholtz, Henning, Ilse Cantell, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson og Bo Svensén 1997. *Nordisk leksikografisk ordbok*. Nr. 4, *Skrifter utgitt av Nordisk forening for leksikografi*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Bergenholtz, Henning og Sven-Göran Malmgren. 2009. Ordförbindelser i nordiska ordböcker. *LexicoNordica* 16:1-3: Nordisk forening for leksikografi.
- Bergensredaksjonen i ISLEX-prosjektet. *Om ISLEX 2010*. Tilgjengeleg frå www.uib.no/le/ressurser/islex
- Beygingarlýsing íslensks nútímamáls*. Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum. Tilgjengeleg frå <http://bin.arnastofnun.is/>
- Bibelselskabet. *Bibelen* 2010. Tilgjengeleg frå www.bibelen.dk
- Bokmålsordboka (BOB). 2010. Redigert av ILN: Universitet i Oslo. Tilgjengeleg frå <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>
- Bondevik, Jarle. 2003. *Og ordet vart nynorsk. Såga åt den nynorske bibelen*. Bergen: Norsk bokreidingslag L/L.
- Crystal, David. 2004. *A Dictionary of Linguistics & Phonetics*. 5. utg. (2003). Oxford Blackwell.
- Det Norske Bibelselskap. *Bibelen* 2010. Tilgjengeleg frå www.bibelen.no
- Einarsson, Hróbjartur. 1987. *Norsk-íslensk ordbok. Norsk-íslensk orðabók*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Einarsson, Sigurbjörn. 1988. Oddur Gottskálksson. I *Nýja Testamenti Odds Gottskálkssonar*. Reykjavík: Lögberg.
- Farlex. 2010. The free Dictionary. Tilgjengeleg frå <http://www.thefreedictionary.com/>
- Farø, Ken. 2004. Hvornår går man over åen efter vand? Idiomaticke ækvivalensproblemer i leksikografi og leksikologi. Med dansk og tysk som eksempel. I *Lexico Nordica*:85-108: Nordisk forening for leksikografi.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. *Om forholdet mellom tradisjonell leksikografi og lingvistikk* 2002. Tilgjengeleg frå <http://cst.dk/spinn/ruthphd.htm>
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Lars S. Vikør. 2008. *Ord og ordbøker. Ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Friðjónsson, Jón G. 2006. *Mergur málsins. Íslensk orðatiltæki. Uppruni, saga og notkun*. 2. utg. Reykjavík: Mál og menning.
- Gundersen, Dag og Snorre Evensberget. 2006. *Bevingede ord. Ordtak, sitater og deres opprinnelse*. 4. utg. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Gunnarsson, Ólafur. 2004. *Öxin og jörðin*. Reykjavík: JPV útgáfa.
- Guttu, Tor. 2010. *Norsk ordbok*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Helgason, Jón. 1929. *Málið á nýja testamenti Odds Gottskálkssonar, Safn Fræðafjelagsins um Ísland og íslendinga*. Kaupmannahöfn: Hið Íslenska Fræðafjelag í Kaupmannahöfn.
- Hið Íslenska Biblíufélag. *Biblían* 2010. Tilgjengeleg frá <http://biblian.is/>
- Hildremyr, Asbjörn. 2005. Språklege utfordringar og problem ved omsetjing frå islandsk til norsk - med utgangspunkt i romanane Sonur minn Sinfjötli og Hrafnhetta av Guðmundur Daniélsson, Høgskulen i Volda, Volda.
- Holter, Åge. 1966. *Det Norske Bibelselskap gjennom 150 år Bind I 1816-1904*. Oslo: Grøndahl og Søn.
- ILN. *Leksikon over hyppig brukte begreper*. Institutt for lingvistiske og nordiske studier 2009.

- Tilgjengeleg frá <http://www.hf.uio.no/iln/studier/foolingvar/definisjoner/definisjoner/> ISLEX. Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum 2010. Tilgjengeleg frá www.islex.no ISLEX-redaksjonen í Reykjavík. *Íslensk-norrænar orðabækur á vefnum* 2010. Tilgjengeleg frá www.arnastofnun.is/page/arnastofnun_ord_islex
- Jónsson, Jón Hilmar. 2005. *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun* Reykjavík: JPV ÚTGÁFA.
- Jónsson, Jón Hilmar og Þórdís Ulfarsdóttir. *Íslenskt orðanet* 2010. Tilgjengeleg frá www.ordanet.is
- Kvaran, Guðrún, Gunnlaugur Ingólfsson og Jón Aðalsteinn Jónsson 1988. Um þýðingu Odds og útgáfu þessa. In *Nýja Testamenti Odds Gottskálkssonar*. Reykjavík: Lögberg.
- Kövecses, Zoltán. 2002. *Metaphor. A Practical Introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Lomheim, Sylfest. 1995. *Omsetjingsteori. Ei elementær innføring*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nergård, Halldis. 2010. Garpegenitiv - professoren sin mening. *BTMagasinet*.
- Norsk avis korpus. 2010. Bokmål korpus. Tilgjengeleg frá <http://gandalf.aksis.uib.no/cwb/avis/bok.html>
- Norsk ordbok 2014. 1966-2014. Norsk ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet. Oslo: Det norske samlaget.
- Norsk ordbok 2014. *Setelarkivet* 2010. Tilgjengeleg frá <http://www.edd.uio.no/perl/search/search.cgi?tabid=436&appid=8>
- Nynorskordboka (NOB). 2009. Redigert av ILN. Oslo: Universitetet i Oslo. Tilgjengeleg frá <http://www.dokpro.uio.no/ordboksoek.html>
- Næs, Olav. 1972. *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks*. 3. utg. Oslo: Fabritius forlag.
- Orgland, Ivar og Fredrik Raastad. 1985. *Íslensk-norsk orðabók* Reykjavík: Mál og menning.
- Orgland, Ivar og Fredrik Raastad. 1993. *Norsk-íslensk orðabók*. Reykjavík: Mál og menning.
- Rommetveit, Magne. 1993. *Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk*. Oslo: NKS-Forlaget.
- Scholze-Stubenrecht, Werner. 1995. Äquivalenzprobleme im zweisprachigen Wörterbuch. Ein Erfahrungsbericht. *Germanistische Linguistik*
- Selberg, Ole Michael. 1999. Ordbokstypologi. Tospråklige almenordbøker. In *IØO-seminaret/Leksikografi home.c2i.net/omselberg/pub/Lexgraf-diagram.pdf*.
- Sigurðardóttir, Aldis; Hannesdóttir, Anna; Jónsdóttir, Halldóra; Jansson, Håkan; Trap-Jensen, Lars; Úlfarsdóttir, Þórdís. 2008. ISLEX. An Icelandic-Scandinavian Multilingual Online Dictionary. Paper read at The XIII EURALEX International Congress, at Barcelona.
- Skatvedt, Henrik. 2008. Northug så rødt på fotballbanen. *Nettavisen*.
- SNL. 2009. In *Store norske leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Språkrådet. *Språktips. Informasjon frå språktenesta for statsorgan*. Språkrådet 2008. Available from www.spraakradet.no/upload/11238/Spraaktips%204_2008.pdf.
- Stor engelsk ordbok. 2010. Engelsk-norsk/norsk-engelsk ordbok. Oslo: Kunnskapsforlaget. Tilgjengeleg frá www.ordnett.no
- Store norske leksikon. 2010. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Studentmållaget, i Oslo. 2003. *Studentar i målstrid. Studentmållaget i Oslo 1900-2000*. Oslo: Studentmållaget i Oslo i kommisjon hjå Det Norske Samlaget.
- Svensén, Bo. 2004. *Handbok i lexikografi. Ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik*. 2 ed. Stockholm: Norstedts Akademiska Förlag.
- Svenska Bibelsällskapet. *Bibeln* 2010. Tilgjengeleg frá www.bibeln.se
- Tantalosz. *Latinum - 6009 Lateinische Redewendungen & Sprichwörter* 2010. Tilgjengeleg

- frå <http://latinum.tantalosz.de/>
Tekstlaboratoriet. 2010. Oslo-korpuset av taggede norske tekster. Tilgjengeleg frå <http://www.tekstlab.uio.no/norsk/bokmaal/index.html>
Þráinsson, Höskuldur. 1995. *Handbók um málfræði*. Reykjavík: Námsgagnastofnun.
Trask, R. L. 2004. *Key Concepts in Language and Linguistics* London og New York: Routledge.
Vannebo, Kjell Ivar. 2006. *Katta i sekken og andre uttrykk*. Oslo: J.W. Cappelens forlag as.
VGDebat. *Hva er virkelighet på nynorsk?* 2003. Tilgjengeleg frå <http://vgd.no/samfunn/spraak/tema/525396/tittel/hva-er-virkelighet-paa-nynorsk>
Wikiproverbs. *Ab asino lanam quaerere*. 2010. Tilgjengeleg frå http://www.wikiproverbs.com/index.php/Ab_asino_lanam_quaerere
Wilkinson, Richard. *Thesaurus of traditional English metaphors* 1993. Tilgjengeleg frå http://books.google.no/books?id=09DnvWRVNjEC&dq=%22Thesaurus+of+traditiona+l+English+metaphors%22&printsec=frontcover&source=bn&hl=nn&ei=xyzkS-7GF46LOL-C8NsN&sa=X&oi=book_result&ct=result&resnum=4&ved=0CBAQ6AEwAw#v=onepage&q&f=false
With, Louise. 2007. *Idiomer under lupen*. En teoretisk-empirisk studie av idiomatiske uttrykk i norsk, Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, Oslo.



<http://www.ljosmyndakeppni.is/resultimage.php?imageid=12141&challengeid=357>

Nettressursar for á illustrere spráka i bruk:

- Álftaness Sjálfstæðisfélag. *Víti til varnaðar* 2007. Tilgjengeleg frá <http://alftanes.xd.is/?action=grein&id=8701>
- Bjarni úr Firði. *Stúdentinn í Hvammi*. Timinn 1962.
- Bloggurat. *Norske blogger om nazisme* 2009. Tilgjengeleg frá <http://bloggurat.net/stikkord/nazisme/2>
- Gámapiónusta Vestfjarða. *Málsháttur vikunnar* 2010. Tilgjengeleg frá <http://www.gamarvest.is/vefsidur/243>
- Guðnason, Eiður Svanberg. *Molar um málfar XXXI* 2009. Tilgjengeleg frá <http://esgesg.blog.is/blog/esgesg/entry/836100/>
- Hjörleifsson, Einar. *Vestan hafis og austan. Þrjár sögur*. 1901. Tilgjengeleg frá http://www.archive.org/stream/eimreiiin00unkngoog/eimreiiin00unkngoog_djvu.txt
- Indi. *I love the name Into the Twilight* 2009. Tilgjengeleg frá <http://answers.yahoo.com/question/index?qid=20090124055011AAtoHPs>
- Isachsen, Arne Jon. *Arbeidsinnvandring som hjelp til selvhjelp* 2007. Tilgjengeleg frá http://www.bi.no/Content/Article_64024.aspx
- Kallhovd, Andreas. *Sanitet i kampens hete* 2009. Tilgjengeleg frá <http://www.mil.no/hv/hv-02/start/article.jhtml?articleID=176358>
- Landro, June. 2004. Heile hagen forsvinn. *VestNytt*. Tilgjengeleg frá <http://vestnytt.no/oppsett/skyggesider/heile-hagen-forsvinn/>
- Leonheart. *Final Fantasy VIII- Svarti sauðurinn í seríunni* 2004. Tilgjengeleg frá <http://194.105.224.24/finalfantasy/articles.php?page=view&contentId=1700632>
- Naturvernforbundet, i Oslo og Akershus. *Norsk miljøforvaltning - et svarteper-spill* 2010. Tilgjengeleg frá <http://naturvernforbundet.no/cgi-bin/naturvern/imaker?id=8531>
- Odelstinget. *Saker og publikasjoner*. Odelstinget 2009. Tilgjengeleg frá <http://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Referater/Odelstinget/2008-2009/090605/4/>
- Ólafsson, Sr. Skúli S. *Aðventuhugvekja* 2006. Tilgjengeleg frá mitt.is/faxi/Faxi_jol2006.pdf
- Norleif. *Tornebusken* 2009. Tilgjengeleg frá <http://norleifa.blogspot.com/2009/02/tornebusken.html>
- Ragnarsson, Ómar. *Bæði höfuðborg og landsbyggð blæðir* 2010. Tilgjengeleg frá <http://omarragnarsson.blog.is/blog/omarragnarsson/entry/1032001/>
- Runde, Per Steinar. *Gjør mot andre - den gylne regel*. Vårt land 2009. Tilgjengeleg frá <http://www.verdidebatt.no/debatt/cat12/subcat42/thread47960/>
- Sandbu, Martin. *Et uhørt forslag* 2008. Tilgjengeleg frá <http://www.minerva.as/2008/07/21/et-uh%C3%B8rt-forslag/>
- Schjøtt, Steinar. 1911. Helsing til Arne Garborg paa 60-aarsdagen hans. Ivar Aasen-tunet. Tilgjengeleg frá <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=1199&id=3259>
- VetlePetter. *Drikke under Birken rittet* 2007. Tilgjengeleg frá <http://www.sykkeltrening.no/forum/showthread.php?t=237>
- Vísir. 1977. Þjófar í Konungsbókhöðunni í Kaupmannahöfn. Alþjóðlegur bófahópur stelur úr bókasöfnum um alla Evrópu. *Vísir*. Tilgjengeleg frá http://www.ormstunga.is/islenska/itarefni/bokaran_itarefnii.htm
- Vísir. 2008. Ágúst biðst afsökunar: „Gerðist í hita leiksins“. *Vísir*. Tilgjengeleg frá <http://www.visir.is/article/20080425/FRETTIR01/384014260>

Vedlegg 1: *Hornskei* i setelarkivet til *Norsk ordbok* (2014)

Sitat	Kjelde	Bok/avis	Heim-festing	Arkiv
Sjøelve friinga var nemleg som ei lita høgtid der både friaren og han som bar fram frieriet vart godt mottekne med mat og drikke. Det var skikk og bruk at en oftest ble servert rømmegraut. Både talsmannen og frieren ble bedt til bords. Når det til talsmannen var fremlagt sølvskje og til frieren hornskei, betydde det at han ingen sjanser hadde. Dette gikk under betegnelsen "å få hånnskei" (Nils Betten)	Edvard Brakstad (red.)	Bygdehistorie for Tingvoll og Straumsnes	Staumsnes kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Trønderordboka</i>
"Han hadde ikkje hatt lykka med seg (som friar). Han kom heim med honnskei, som dei sa."	Leif Halse	Mannbjønn	Sunddal kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Trønderordboka</i>
Ales koka rømmegraut til framandkarane, bad dei til bords, la fram hornskei til gubben som fria til henne. Ho sto med ei sølv-skei i handa, vog og vog, skulle ho leggja ho fram til talsmannen, berre på fant. Ho hadde hug til det, men så tok ho seg saman. – Slikt gjer ein ikkje, sa ho til seg sjølv. Det var vel likevel for audmjukande for friaren, sjølv om det var berre gard og grunn som var hovudinteressa hans.	Ingeborg Åsen Vatten	Ales finn lykka	Aure kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Trønderordboka</i>
så var det dobbelt-meininga: No for tida brukar folk å seie om ein friar som har fått nei-ord at "han har fått korga (kurven)". I gamle dagar var det mindre om korger, men godt om horn-skeier, og da sa folk om ein slik friar: "Han har fått honnskei".	Leif Halse	Driva (avis)	Sunddal kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Norsk ordbok</i>
"Å få framlagt hornskei betydde avslag på frieriet. Det å få hornskei var ansett for å være skam. Uttrykket å få hornskei lever ennå i dag."	Nils Getten Straumsnes.	Driva (avis)	Sunddal kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Norsk ordbok</i>
"det lyste av heile brudgomen at han hugsa om honnskeia han fekk av Eli Austem, og no stod han der og takka for sist."	Leif Halse	Siste kvelden i Okavik	Sunddal kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Setelarkivet til <i>Trønderordboka</i>
"Hann fikk hånnsjei". (Fikk "kurven". Sagt om ein friar som fekk "nei".) "Hann fikk tå hånnsjæn (dativ) (Sagt når merra ikkje bryr seg om hingsten, men slår.) Vanleg tale.	Lars Røslie, lærar.		Stangvik i Surnadal kommune på Nordmøre	Setelarkivet til <i>Norsk ordbok</i>
Han visste, at han Aarne hadde huglagt henne Gudrid, og at ho hadde gjeve honom hornskei *) , med di han var av mindre vyrdt folk. *) "give kurven."	Leonhard Næss, prest	Gamle Torbjørn	Moglege heimfestingar: Norddal (kommune, Sunnmøre i Møre og Romsdal) og Beiarn (kommune i Salten i Nordland.)	Setelarkivet til <i>Trønderordboka</i>

(Setelarkivet til *Norsk ordbok* (2014))

Vedlegg 2: Matt 3, 12 og 13,25 – 30

Matt 3,12:

Íslandsk: "Hann er með varpskófluna í hendi sér og mun gjörhreinsa láfa sinn og safna hveiti sínu í hlöðu en hismið mun hann brenna í óslökkvanda eldi" (biblian.is 2010).

Bokmål: "Han har kasteskovlen i hånden og skal rense kornet på treskeplassen. Hveten sin skal han samle i låven, men agnene skal han brenne opp med en ild som aldri slukner" (bibelen.no 2010).

Nynorsk: "Han har kasteskovla i handa, og han skal reinsa kornet på treskjeplassen og samla kveiten i låven sin. Men agnene skal han brenna med eld som aldri sloknar" (bibelen.no 2010).

Dansk: "Han har sin kasteskovl i hånden, og han skal rydde sin tærskeplads og samle sin hvede i lade, men avnerne skal han brænde i en ild, der aldrig slukkes" (bibelen.dk 2010).

Svensk: "och han har sin kastskovel i handen, och han skall rensa sin loge och samla vetet i sin lada, men agnarna skall han bränna upp i en outsläcklig eld" (bibeln.se 2010).

Matt 13,25 – 30:

Íslandsk: "En er menn voru í svefni kom óvinur hans, sáði illgresi meðal hveitisins og fór síðan. (...) Þegar komin er kornskurðartíð mun ég segja við kornskurðarmenn: Safnið fyrst illgresinu og bindið í bundin til að brenna því en hirðið hveitið í hlöðu mína" (biblian.is 2010).

Bokmål: "Og mens alle sov, kom fienden hans og sådde ugress blant hveten og gikk sin vei. (...) Og når det er tid for innhøsting, skal jeg si til dem som høster inn: Sank først sammen ugresset og bind det i bunter for å brenne det; men hveten skal dere samle i låven min" (bibelen.no 2010).

Nynorsk: "Men medan folket sov, kom fienden hans og sådde ugras i kveiten og gjekk sin veg. Og når tida for innhaustinga kjem, vil eg seia til dei som haustar inn: Sank først saman ugraset og bunt det i hop til å brennast. Men kveiten skal de samla i låven min" (bibelen.no 2010).

Dansk: "Mens folkene sov, kom hans fjende og såede ukrudt i hveden og gik sin vej. (...) Lad blot begge dele gro side om side indtil høsten. Ved høsttid vil jeg så sige til høstfolkene: Tag først ukrudtet fra og bind det i knipper, så det kan brændes, men saml hveden i min lade" (bibelen.dk 2010).

Svensk: "Men då folket sov, kom hans ovän och sådde ogräs mitt bland vetet och gick sin väg. (...) Låt båda växa tillsammans intill skördetiden. Och i skördetiden skall jag säga till skördemännen: Samla först ihop ogräset, och bind det i knippen till att brännas upp, men samla in vetet i min lada" (bibeln.se 2010).

Vedlegg 3: Trebukk i setelarkivet til *Norsk ordbok* (2014)

Sitat frå seddel	Kjelde	Bok/avis
dæ æ ittø gått 'å pærs` sø tælj ta n trē`bukk Under står at det er eit ordtak.	Thomle frå Nordre Land (Nordsinni), Oppland	Nordre Land
(...) og det er itte greitt å presse tre merker tælj ut ta en trebukk	Ukjent frå Nordre Land, Oppland	Talatrosten (1975)
"Full saa det; itte vente meir hell fire mark fete taa en trebukk!" sannar Mattis.	Haakon Garaasen frå Trysil, Hedmark	Rogfinne
Ein kan ikkje vente seg meir enn tre mark talg av ein trebukk. (...) Jfr. H. Eidenes hefte 2 1933: Talg av ein trebukk	Ukjent frå Hålogaland (Nordland og Troms)	Håløyg-minne (1934)
Ein får itt talg tå trebukkja	Ukjent frå Frosta, Nord-Trøndelag	Frosta i gammel og ny tid
de ikje meir talg i ein trebukk/de ikje meir innfeite i han – om en som eier liten intelligens eller er saare mager	Kjelde ikkje oppgjeve	
Ein kan kje trua meir enn tri merker talg av ein trebukk	Kjelde ikkje oppgjeve	
En ska-itt vent-se meir enn tri merk tölj tå en trebukk	Ola J. Rise frå Oppdal, Sør-Trøndelag	Oppdalsboka
... alle dei gamle visdoms-ordi eg kjende, um at ein fekk ikkje meir en halvonnor pylse av ein graa sau, at ein kunde ikkje vente meir en 3 merker talg av ein trebukk	S.Schjøtt	Syn og Segn (1911)
du kann kje venta å få kjød a trebukke.	Frøyset, Inger frå Oddernes, Kristiansand, Vest-Agder	Torridalsmålet
Veit du kje, at ein skal kje venta meir enn eitt pund talg av ein tre-bukk, sa Reinert	Hans Seland og Søren Lande	
"Ein kan ikkje få meir enn tre merker talg av ein trebukk," sa dei gamle, og me er alle trebukkar for Vårherre.	Per Tylden	Tidi kjem aldri att
Du kan ikkje vent' meir enn tre mark smør a ein trebukk.	Dagmar Blix frå Lofoten	Draugen skreik
Ein ska ittj' vent' meir enn ei mark talg tå ein trebukk.	Henrik Sødal frå Hemne, Sør-Trøndelag	I gammeltida (1969)
Ein fær inte taalg taa ein trebukk.	T. Ile frå Gudbrands-dalen, Oppland	Årbok for Dølaringen (1930)
De ær inte gott aa pærse tre mærker tælj ta en trebukk. (det kan hende det står ein i staden for en, vanskeleg å sjå på setelen)	O.Kolsr frå Land, tidl. kommune i Oppland	Boka om Land II
I min barndom hende det ved enkelte høve at eg fekk meg fortalt at meir enn ei mark smør or ein trebukk var ikkje rimeleg å venta.	Jon Eikemo frå Bergen/ Eksingedalen i Nordhordland	For open scene (1985)
Ein kann'kje venta meir enn tri merker talg av ein trebukk.	Einar Seim	Ordtøkje og herme (1984)
Ein kan inkje venta talg av ein trebukk.	Birger Røksund frå Bømlo, Hordaland	Du stora rygd! Frå Bømlo i eldre tider (1979)
Ein kan ikkje vente meir enn tre merker talg av ein trebukk.	Anton Løvoll, lærar frå Eidsdal i Norddal, Møre og Romsdal	
Ein kan ikkje vente meir enn tre mark talg av ein trebukk.	Arthur Brox frå Senja, øy i Troms	Folkeminne frå Ytre Senja II
"Ein skar itte veinte sæ meir enn fire merker tælj tå ein trebukk."	Lars M. Fjellstad frå Eidskog, Hedmark	Till-till-Tove. Eventyr, segner, regler og anna 1968
Setelarkivet til Trønderordboka:		
går itj å få telg ta ein trebukk	Breistad OTM-liste nr 30/23	
De bli itj talg t? ein trebukk. (uleseleg teikn bak t-en)	Ukjent frå Skatval i Stjørdal, Nord-Trøndelag	Uprenta ordtak-samling frå Skatval som forarbeid til bygdebok

Ein kan itj präss meir enn 3 mark talg taa n' trebukk.	Johan Bjerkem frå Sparbu i Steinkjer, Nord-Trøndelag	Ordtak frå Innherad, på sparbumål
"Det er ikkje mykje talg å få av ein trebukk" veit du.	Audne frå Leka, Nord-Trøndelag	Ordt. Leka
Ein faar itt telg tu trebukkja.	Ukjent	Frosta i gammel og ny tid
"Ein kan ikkje vent' meir enn tri mark talg tå ein trebukk" Ordt. Tingvoll Sørland	B. Aspås frå Gjemnes på Nordmøre, Møre og Romsdal	Gjemnesminne 1983
Det er det eg meiner, det er så mykje som et på oss på all slags vis, dei ventar så alt for mykje av oss. Even har tala seg varm. – Ja, ja, men det nyttar ikkje å få talg av ein trebukk, der det ikkje er noko, der kan dei heller ikkje ta noko. Det er einaste arbeidskrafta vår det er verdi i, men når det er kleint med arbeid, og arbeidet ikkje er betalt skikkeleg, så er det ikkje noko verd i den heller.	Ingeborg Åsen Vatten frå Aure kommune, Nordmøre i Møre og Romsdal	Ales lengtar (1980)
Det går ikkje å få talg av ein trebukk.	Beitstad. OTM-liste nr 31	
"I skulen ymta læraren frampå om at det nytta ikkje å få "talgtå ein trebukk"	Johanna Grimstad frå Straumsnes, Nordmøre, Møre og Romsdal	Du mitt Nordmøre (1986)
"Det er no ein gong slik, at ein ikkje kan vente meir enn tre merker talg av ein trebukk."	Leif Halse frå Sunndal, Nordmøre, Møre og Romsdal	Spelemenn på Nordmøre (1973)

(Setelarkivet til *Norsk ordbok* (2014))

Samandrag

Sorte får og svarte sauer. Ekvivalensproblematikk og målformskilnader ved ordsamband i den islandsk-norske delen av ordboka *ISLEX* av Margunn Rauset

Oppgåva tek utgangspunkt i praktisk arbeid i ordboksredaksjonen i ISLEX-prosjektet. *ISLEX* er ei digital ordbok med islandsk som kjeldespråk og svensk, dansk og norsk (bokmål og nynorsk) som målspråk. Ordboka, som har vore under produksjon sidan 2005, skal opnast i 2011. I redaksjonsarbeidet opplever ein ofte at ordsamband (definerte som idiom, samanlikningar og ordtak) er dei mest krevjande å finne ekvivalentar til. Oppgåva har på den bakgrunnen følgjande problemformulering: Kva utfordringar møter ein i arbeidet med å finne gode ekvivalentar på både bokmål og nynorsk til islandske ordsamband? Korleis kan ein finne løysingar som er både brukarvennlege og korrekte på begge målformer?

'Ekvivalens' er eit hovudomgrep i oppgåva, og det vert sett frå både omsetjingsteoretisk og leksikografisk perspektiv. Dei viktigaste kjeldene her er Sylfest Lomheim (for omsetjingsteorien), Fjeld og Vikør, Svensén og *Nordisk leksikografisk ordbok*. Ekvivalensutfordringane ligg på mange ulike nivå, og fullekvivalens er eit ideal ein sjeldan opplever. Dette heng saman med at ekvivalens ikkje berre handlar om at to uttrykk innhaldsmessig skal vere likeverdige; også konnotasjonane skal vere mest mogeleg like, uttrykka skal brukast i mest mogeleg like samanhengar og så vidare.

I Noreg møter ein dessutan ekstra utfordringar sidan ein ikkje berre skal vurdere ekvivalens mellom uttrykk på kjelde- og målspråk, men også mellom målformene. Det viser seg nemleg at bokmål og nynorsk er litt ulike når det kjem til fraseologien, og det er ofte meir krevjande å finne ordsambandsekvivalentar på nynorsk enn bokmål. Oppgåva går difor gjennom nokre få sentrale skilnader mellom målformene for å prøve å finne moglege forklaringar på kvifor det er slik, og kva for nokre retningslinjer ein bør følgje i ordboksarbeidet. Særleg gjeld dette for nynorsken.

Utgangspunktet var to hypotesar. Den fyrste er at mange ordsamband i moderne bokmål har opphav i ein dansk skriftkultur, og at ein vil finne mange fellestrekk ved dei islandske ordsambanda sidan islandsk på same måte har vore under sterk dansk språkleg påverknad.

Difor vil islandske ordsamband enklare la seg omsetje til bokmål enn til nynorsk. Ein skulle kanskje tru at mange islandske ordsamband etter gammalt hadde meir til felles med dei nynorske på grunn av den språklege nærleiken, men dette er nok ein mykje svakare faktor enn den sterke påverknaden dansk har hatt på både bokmål og islandsk. Det kan hende det er noko i dette, men i oppgåva vert det avvist at det er hovudforklaringa når det gjeld ordsamband med bibelsk opphav. Hypotese 2 er at mange nynorskekvivalentar ikkje verkar tilfredsstillande, fordi dei verkar meir konkrete enn bokmålsuttrykka. Her vert det slått fast at hovudkvaliteten til nynorsk er at ein kan uttrykkje seg klart, presist og talemålsnært, ikkje at ordsambanda er utprega flygeføre.

Gjennom analysar av eitt ordsamband ut frå elleve ulike ekvivalensaspekt var målet å utvikle ein metode for å vurdere kva som skal til før ein kan seie at to uttrykk er likeverdige. Konklusjonen er at prioritet 1 må vere at ein ekvivalent tyder det same for brukaren av kjeldespråket som ordsambandet gjer for ein målspråksbrukar (*semantikk*). Det nest viktigaste er at det ikkje er noko med *grammatikken* som gjer at uttrykka ikkje kan brukast på same måte. Nummer 3 er om uttrykka vert brukte på same måte og i same kontekstar (*pragmatikk*). Det minst viktige er om dei har same opphav og lik utvikling (*diakroni*). Dei andre aspekta vart enten vurderte som (endå) mindre viktige eller plasserte som underkategoriar til dei fire over. Metoden er å teste ordsambanda ut frå desse fire aspekta, i tillegg til utprøving av *empirisk-kontekstuell substitusjon*. Det vert til slutt gjort på sju konkrete ordsamband frå *ISLEX* som det av ulike årsaker har vist seg vanskeleg å finne ekvivalentar til.

Samantekt á íslensku

Svarti sauðurinn og svarta rollan. Jafngildisvandamál og munurinn á norsku ritmálunum hvað varðar orðasambönd í íslensk-norska kaflanum í ISLEX-orðabókinni eftir Margunn Rauset

Ritgerðin á rætur að rekja til vinnunar sem ritstjóri ISLEX-orðabókarverkefnisins. *ISLEX* er stafræn orðabók með íslensku sem viðfangsmál og sænsku, dönsku og norsku (bókmál og nýnorsku) sem markmál. Við ritstjórnarvinnuna eru oft að orðasambönd (skilgreind sem orðtök, samlíkingar og málshættir) það sem er erfiðast að finna jafnheiti við séu. Vegna þess er útgangspunkturinn eftirfarandi spurning: Hvaða vandamálum mætir maður við að finna góð jafnheiti við íslensk orðasambönd á bókmáli og nýnorsku? Hvaða lausnir getur maður fundið sem eru bæði notendavænar og réttar á báðum ritmálunum?

Jafngildi er meginþema ritgerðarinnar og er það skoðað það frá þýðingarfræðilegu og orðabókarfræðilegu sjónarhorni. Vandamálin við að finna jafnheiti eru marghliða og sjaldgæft er að finna fullkomið jafngildi. Þegar unnið er með norskt mál þarf að auki ekki einungis að meta jafngildi milli orða á viðfangsmáli og markmáli, heldur og einnig milli ritmálanna. Það kemur í ljós að bókmál og nýnorska eru frekar ólík þegar kemur að frösum og það er oft meira krefjandi að finna jafnheiti í orðasamböndum á nýnorsku en bókmáli. Þess vegna er fjallað um nokkur viðeigandi dæmi í þessu samhengi til að reyna að finna mögulegar skýringar á þessu.

Við að greina eitt orðasamband út frá ellefu ólíkum jafngildisþáttum þróaði ég aðferð til að meta hvað sem þurfti til að hægt væri að segja að tvö orðasambönd væru jafngild. Niðurstaðan er sú að jafnheitið verður að þýða það sama fyrir notanda viðfangsmálsins og orðasambandið þýðir fyrir notanda markmálsins (*merkingarfræði*). Það næst mikilvægasta er að það er ekkert við *málfræðina* sem gerir það að verkum að ekki er hægt að nota þau á sama hátt. Það þriðja er að þau séu notuð á sama hátt og í sama samhengi (*raunnotkun*) en lítt vægast í þessu er að þau hafi sama uppruna og svipaða þróun (*málþróun*). Aðferðin er að prófa orðasamböndin út frá þessum fjórum þáttum, til viðbótar við *EKS*-aðferðina, sem er einskonar skiptipróf. Í lokin er aðferðin prófuð á sjö hlutstæðum orðasamböndum frá *ISLEX* sem af ólíkum ástæðum var erfitt að finna jafnheiti við.

English Summary

Black sheep and black mutttons. Differences between the Norwegian language varieties Bokmål and Nynorsk and equivalence problems with word combinations from the Icelandic-Norwegian part of the ISLEX-dictionary by Margunn Rauset

The thesis has its starting point in the editorial work of the ISLEX-project. *ISLEX* is a digital dictionary with Icelandic as a source language and Swedish, Danish and Norwegian (Bokmål and Nynorsk) as target languages. In *ISLEX* work, it is often found that word combinations (idioms, comparisons and sayings) are the most difficult to find equivalents for. The thesis poses two main questions: What challenges does one meet when trying to find good equivalents in both Bokmål and Nynorsk for Icelandic word combinations? How can one find solutions that are both user-friendly and correct in both Norwegian language varieties?

Equivalence is investigated from a translation-theoretical and lexicographical perspective. The notion is many-faceted and full equivalence is an ideal rarely encountered. Moreover, there are extra challenges in connection with Norwegian since it is necessary not only to assess the equivalence between expressions from the source and target languages, but also between the Norwegian language varieties. It is evident that Bokmål and Nynorsk are slightly different when it comes to phraseology and it is often more difficult to find equivalent word combinations in Nynorsk than Bokmål.

Through the analysis of one specific word combination with respect to eleven different equivalence aspects, a method is developed to assess the degree of equivalence between two expressions. The first priority must be that an equivalent means the same for the user of the source language as the word combination does for a user of the target language (*semantics*). The second most important is that the *grammar* must not prevent the target-language expression to be used in the same way as the source-language expression. Number three is that they should be used in the same way and in the same context (*pragmatics*) and the least important is that the expressions have the same origin and similar development (*diachrony*). Word combinations are tested against these four aspects and also through *empirical-contextual substitution*. This is done with seven different word combinations from *ISLEX* where, for different reasons, it has been difficult to find equivalents.